

# Geir Fossåskaret

## Med identiteten på utsida

Eit kulturanalytisk perspektiv på identitetskonstruksjonar og smertekjensle ved tatovering



**Masteroppgåve i Kulturvitskap**

**Institutt for arkeologi, historie, kultur og religionsvitskap (AHKR)**

**Universitetet i Bergen**

**Vår 2009**

”Min fortid er uutslettelig,  
avslører meg som en tatovering”

Anaïs Nin

## Innholdsforteikning

Forord.....	Side 4
<b>Kapittel 1. Tilnærming til feltet.....</b>	<b>Side 5</b>
1.1 Innleiing.....	Side 5
1.2 Historikk.....	Side 5
1.3 Problematisering.....	Side 8
1.4 Litteratur til inspirasjon.....	Side 9
1.5 Eit kulturanalytisk perspektiv.....	Side 13
1.6 Ei fenomenologisk tilnærming.....	Side 14
<b>Kapittel 2. Metodiske og forskingsetiske perspektiv.....</b>	<b>Side 16</b>
2.1 Metode er vegen mot målet.....	Side 16
2.2 Kvalitativ metode.....	Side 16
2.3 Det kvalitative forskingsintervjuet.....	Side 18
2.4 Observasjon.....	Side 19
2.5 Skriftlege kjelder.....	Side 19
2.6 Utval av informantar.....	Side 21
2.7 Presentasjon av informantar.....	Side 23
2.8 Samtykke.....	Side 24
2.9 Intervjusituasjonen.....	Side 24
2.10 Aidentifisering.....	Side 25
2.11 Sosial grammatikk.....	Side 27
<b>Kapittel 3. Inkslingers and Hellraisers.....</b>	<b>Side 30</b>
3.1 Bransjeutvikling.....	Side 30
3.2 Tatoveringslandskapet i Bergen.....	Side 31
3.3 Utdanning.....	Side 31
3.4 Lovregulering.....	Side 33
3.5 Ethiske grenser og hierarkiske strukturar.....	Side 34
3.6 Tatovøren sitt arbeidsutstyr.....	Side 35
3.7 Sjangrar og kategoriar.....	Side 37
3.8 Korleis pleie ei tatovering?.....	Side 38
3.9 Fordomar.....	Side 38
3.10 Myta om dei andre.....	Side 39
3.11 Tatovøren som terapeut.....	Side 41
3.12 Mannsdominert sone.....	Side 43
3.13 Vil eg angre på dette?.....	Side 45

Kapittel 4. I'm in the Hot Rod gang.....	Side 47
4.1 Kva er identitet?.....	Side 47
4.2 Personleg identitet.....	Side 48
4.3 Gruppeidentitet.....	Side 55
4.4 Yrkesidentitet.....	Side 58
4.5 Ulike kroppar, ulike identitetar.....	Side 62
4.6 Kroppen som panser.....	Side 66
4.7 Tatoverte identitetar i reklamen.....	Side 67
4.8 Tvungne identitetar.....	Side 69
Kapittel 5. Å Gud, gjorde det ikkje vondt.....	Side 72
5.1 Det einaste ekte?.....	Side 72
5.2 Smertenegativisme.....	Side 73
5.3 Smertelindring? Nei, takk!.....	Side 74
5.4 Kreativ smerte.....	Side 79
5.5 Smerta sin agent.....	Side 80
5.6 Å gjøre det frivillig.....	Side 84
5.7 Endelig er det over.....	Side 86
5.8 Initiering gjev ny kropp.....	Side 87
5.9 Nøkterne forteljingar.....	Side 90
Kapittel 6. Konkluderande betraktningar.....	Side 93
Kapittel 7. English summary.....	Side 97
Litteraturliste.....	Side 99
Illustrasjonsoversikt.....	Side 103
Appendiks 1. Førespurnad om å delta i intervju.....	Side 104
Appendiks 2. Intervjuguide.....	Side 106

## **Forord**

Dei fire semestra eg hadde sett av til å fullføre mastergraden i kulturvitskap er over og resultatet av arbeidet skal presenterast.

Sjølv om det er mitt namn som står på framsida av oppgåva ville eg ikkje kunna fullføra dette arbeidet utan kyndig rettleiing frå rettleiaren min, professor Bente Gullveig Alver. Eg er ho stor takk skuldig for alt det arbeidet ho har lagt ned saman med meg.

På heimefronten har sambuaren min, Gjertrud, venta trufast medan eg har arbeidd med oppgåva. Hennar tolmod og vilje til fleksibilitet har vore sterkt medverkande til at ein vaksen student fekk høve til å fullføre, ikkje berre ei masteroppgåve, men til saman fem års universitetsstudiar.

Eg har òg hatt stor nytte og glede av tida med medstudentane mine på lesesalen. Med fagleg tyngde har dei kome med mange interessante innspell og gjeve meg generell inspirasjon til arbeidet mitt. Elles har smittande humør og stor iver på lesesalen vore til stor motivasjon når arbeidet mitt ikkje hadde den progresjonen som forventa.

Eg vil også takke informantane mine som sette av tid til å treffe meg og la seg intervjuje om tatoveringane sine. Utan Dykkar velvilje ville det ikkje blitt noko av denne oppgåva.

Til slutt må eg takke foreldra mine som lånte meg datamaskina si då mitt eige tekniske underverk sa takk for seg heilt i siste, hektiske innspurten med arbeidet. Det gjorde ting mykje lettare på slutten.

Takk alle saman

## Kapittel 1. Tilnærming til feltet

### 1.1 Innleiing

Eg hugsar ikkje nøyaktig kor tid eg fyrste gongen såg ein person som var tatovert, men ettersom eg sjølv er fødd i siste halvleik av 1960-talet, kan det ikkje ha vore så veldig langt opp i 1970-åra. Mannen, for det var ein mann, hadde truleg hatt hyre i utanriksfart og hadde fått eit anker eller eit hjarte inngravert på armen i ei av tatoveringssjappene ein fann i nærleiken av kaiene og dokkene i hamnebyar verda over. Me var fleire ”snottungar” som, djupt fascinerte, stimla saman rundt denne dekorerte karen, og alle var me fast bestemt på at slike ”smykke” skulle me òg ha ein dag, berre me vart store.

Kva dei andre ”snottungane” gjorde skal vere usagt, men for min eigen del vart det med draumen medan eg stabba meg vidare gjennom oppveksten ute i ein av Bergen sine satellitbyar.

Tatoveringane var framleis tilstade i medvitet mitt gjennom opprørske ungdomsgrupper eg identifiserte meg med og musikken eg hørde på. Men den gongen måtte ein utanfor landet sine grenser for å få seg ei tatovering, det næraste studioet låg i København eller Newcastle. Med andre ord utilgjengeleg for ein som så vidt fekk vere med på ferietur til Dyrehagen i Kristiansand, men lett tilgjengelege for sjømenn og andre farande fantar.

Tidene har endra seg og i dag er der fleire stader berre i Bergen sentrum som tilbyr tatoveringstenester, ei tatovering er lett tilgjengeleg for alle som vil ha, og ein kan velje mellom små arbeid til ein overkommeleg pris eller store arbeid som tek mange timar å lage og kostar fleire tusen kroner.

### 1.2 Historikk

Det verkar uråd å seie noko sikkert om kor tid menneska byrja å tatovere seg eller dekorere huda med mønster. Den amerikanske antropologen John A. Rush hevdar i boka *Spiritual tattoo* (2005) at tatoveringssoga kan vere så mykje som to hundre tusen år gamal, sjølv om arkeologiske prov for menneskeleg kunstnarisk aktivitet ikkje kan daterast lengre attende enn tretti tusen år før vår tidsrekning (2005:3). Rush peikar på at det ligg i menneska sin natur å utsmykke kroppen sin for å markere overgangar eller vise fram identiteten sin for å skilje ven frå fiende. Sjølv om han er klar på at han ikkje har prov for påstandane sine seier Rush også at kroppsdekorasjon kan vere ein aktivitet pre homo sapiens menneske kan ha heldt på med (Rush 2005:10).

I Sør-Europa, nærare bestemt Frankrike og Spania, har utgravingar avdekt fleire tusen år gamle holemåleri som visar figurar som framstiller dekorerte menneske. Det er i dag uråd å seie om desse bileta viser tatoverte personar eller om det er snakk om illustrasjonar av personar som er dekorert med ei form for kroppsmåling (Oettermann 1984:9-10).

Konkrete spor etter tatoveringar er også funne på mumiar i dei egyptiske pyramidane og det er dei eldste spora ein har av tatoveringar i ein kultur som også har ein kjent skriftkultur. Desse mumiane er datert til om lag år 2100 før vår tidsrekning (Rush 2005:19). Det vekte også oppsikt då den mykje omtala ismannen, Ötzi, som vart funnen i isbreen på grensa mellom Italia og Austerriket i 1992 hadde spor etter over femti ulike tatoveringar. Leivingane etter den rundt førti år gamle fjellvandraren er datert til 5200 år attende i tid (Rush 2005:26, Svensson 1998:21). Etter at tidlegare permafrost i Sibir har byrja å tine er det også der funne og grave fram gamle mumifiserte leivningar etter menneske med spor etter tatoveringar. Desse er datert til 2500 år attende (Hesselt van Dinter 2005:25).

I somme områder er tatoveringar møtt med skepsis. I det gamle testamentet finn ein fleire forbod mot å rite mønster i huda eller merke huda på annan måte. I 3. mosebok 19:28 heiter det at: *Dere skal ikke rispe dere opp på kroppen i sorg over en som er død, og ikke brenne inn skriftegn på dere.* Også i 5. mosebok finn ein liknande forbod (Svensson 1998:21).

Kulturhistorikaren Stefan Oettermann skriv i *Teken på huden* (1984) at i kristendomen sin tidlege fase var dei kristne kjent for å la seg tatovere for å markere at dei var tilhengjarar av Kristus. Mellom anna meiner ein å vite at Paulus tatoverte seg med eit kristent symbol då han omvendte seg til kristen tru etter ei sjelesetjande oppleving på veg frå Jerusalem til Damaskus. Dette kan ein lese om i Paulus sitt brev til Galaterne 6.17: *Heretter må ingen plage meg mer, for jeg bærer Jesu merker på kroppen min* (Oettermann 1984:12). I følgje Oettermann er opphavet til dei kristne tatoveringane brennmerkingar som skulle vise at den merka var ein fråfallen frå den rette trua, jødedomen. Dette medførte eigentleg utestenging frå det etablerte samfunnet, men i staden for dei kristne oppfatta merkinga som eit stigma vart det etter kvart sett som eit prov på at beraren var ein som var budd på å lide for trua si. Dette gjorde at dei kristne i Midt-Austen friviljug opprettheldt ein smertefull tradisjon dei var påført av andre (ibid. 13).

Oettermann fortel at etter kvart som den kristne kyrkja fekk auka påverknadskraft og vart statsreligion i fleire område vart dei negativt innstilt til tatoveringar i område der den var i majoritet. Negative var dei òg i område der tatoveringsaktivitet kunne forvekslast med heidendom. I år 787 fatta eit kyrkjekonsil i Northumberland forbod mot all form for

tatovering som skulle tene til utsmykking av kroppen. Dette forbodet omfatta ikkje dei som leid for Gud og ei gruppe som nytta seg av det unnataket var korsfararane som skulle sikre fritt leide for pilegrimmar som skulle vitje den heilage byen Jerusalem. Korsfararane tatoverte seg med kristne symbol for å sikre at dei fekk ei kristen gravferd om dei fall i kamp. Elles vart det også gjort unntak for grupper og personar som var busette i område der dei kristne framleis var å rekne som ei marginalisert gruppe, som i muslimskdominerte Bosnia og i Egypt. Dette skulle hindre at kristne vart tvangsomvendt til Islam (Oettermann 1984:13-15).

Oettermann skriv at sjølv om det etter kvart herskar brei semje om at pavekyrkja sitt tatoveringsforbod titt vart broten og at det heile tida har eksistert ein samanhengande tatoveringstradisjon i Europa, spesielt på dei britiske øyane, gjorde den katolske kyrkja sitt forbod at tatovering forsvann ut av den europeiske saga i nærare tusen år (Oettermann 1984:19).

Den amerikanske antropologen Ted Polhemus hevdar i motsetnad til Oettermann at den vestlege verda sine fordomar mot tatoveringar ikkje er knytt til religiøse føringar. I boka *Hot Bodies, Cool Styles* (2004) hevdar han at fordomar er eit resultat av den endringa av folk sitt verdsbilete som renessansen førde med seg. Alle oppdagingar og oppfinningar som den nye tida førde med seg gjorde at snøgge endringar vart det nye idealet og at det varige, som tatoveringar, vart sett på som fornleivningar og gamaldags. I tillegg kom oppdagarane, som vart sendt ut for å utforske verda, heim og fortalte fantastiske soger om "dei ville" som elska å dekorere seg med ulike permanente dekorasjonar. Dette gjorde det naturleg for europearane å markere avstand til desse (Polhemus 2004:148).

Mannen som har fått æra for å bringe tatoveringstradisjonen attende til Europa er den etter kvart legendariske engelske sjøkapteinen James Cook. Cook leia i siste halvleik av 1700talet fleire ekspedisjonar til Stillehavet og har fått ei øygruppe i området kalla opp etter seg. I 1774 hadde Cook med seg heim til London den heiltatoverte stillehavsprinsen Omai, som han med stor suksess viste fram til den engelske noblessen.

Oettermann viser til at det var med Cook sin heimkost at europearane fekk eit ord for det dei tidlegare hadde kalla å merke, punktere, måle eller gravere i huda og han hevdar at det er dette som er byrjinga på den europeiske tatoveringssoga (Oettermann 1984:9). Det engelske *tattoo*, (Cook stava det *tattaw*) som er opphavet til vårt tatovering, er henta frå det polynesiske *tatau*, som betyr *resultatet av å slå* (Vik et al.)

I nyare tid bredde tatoveringar om seg og snart fekk uttrykksforma ein renessanse i fleire av dei europeiske storbyane. Her vart tatoveringar nytta som identitetsmarkør for ulike grupper. Dette gjaldt ikkje berre dei lågstatusgrupper som sjømenn, kriminelle og prostituerte,

som ein ofte finn tilvisingar til i diverse litteratur, men også høgstatusgrupper som adelen. Det å vere tatovert vart, for somme, ein yrkesveg og i ein periode, frå 1830 og utover, var det mange heiltatoverte menn og kvinner som reiste rundt på sirkus og marknader i Europa og Nord-Amerika og viste seg fram for pengar (Oettermann 1984:76).

Den kommersielle marknaden for kroppskunst tok av rundt 1970 og i Noreg rundt 1990, litt seinare enn resten av den vestlege verda og då vart dette fyrst og fremst knytt til subkulturar og aktørar i ulike nyreligiøse miljø. Det er ikkje gjort undersøkingar som stadfestar kven som tatoverar seg i dagens Noreg, og tatovørane sine påstandar om at det er folk frå alle samfunnslag som tatoverar seg no til dags, vert vanskeleg å verifisere sjølv om eit overblikk i bybiletet er med å stadfeste ei oppfatting av at tatoveringar er blitt meir "mainstream".

Før den kommersielle tatoveringsmarknaden tok av var det eit heller beskjeden utval av tatoveringsmotiv å velje mellom. I dag er det eit rikt utval av motiv og mange tatovørar har henta inspirasjon i framande kulturar.

### **1.3 Problematisering**

Før 1970 var tatoveringar i den vestlege verda knytt til subkulturar som sjømenn, prostituerte og medlemmer av motorsykkelgjengar (Kraft 2005:22), men i dag syns tatoveringar å vere gått frå å vere eit typisk undergrunnsfenomen, til å vere ein del av massekulturen.

Den danske kulturteoretikaren Niels Kayser Nielsen peikar på at antropologiske undersøkingar utført av mellom andre Mary Douglas har vist at ein konsekvens av at det moderne opne og rituallause samfunnet manglar sosiale institusjonar som individet kan *lade seg indfelde organisk i*, er at det oppstår ei trong for ein offentleg manifestasjon av individet. Denne sjølvrepresentasjonen visar seg som demonstrasjon av kroppen sine attributt som andlet, hår og skjegg og ein ser at det vert eit skilje mellom kroppen som representasjon og kroppen som eigenkropplege røynsler. I følgje Kayser Nielsen leiar dette til at individet vert dregen mellom det å representere seg sjølv eller å representere ei gruppe (Nielsen 1997:40). Fokuset på individet vert også understreka av religionsforskarer Siv Ellen Kraft som hevdar at tradisjonelt var det å utsmykke kroppen med tatoveringar sosiale identitetssymbol, men at utvalet av nye tatoveringsmotiv har flytta fokus bort frå gruppa og over på individet (Kraft 2005).

Ted Polhemus har peika på at i tradisjonelle kulturar hadde tatoveringsdesigna ei bestemt tyding. Mange mønster var reservert for dei som hadde fortent dei, som ein som var



ein dugande jeger, ein dyktig leiar, eller ein som har utvist stort mot i krig. Når vestlege turistar eller tatoveringskundar i dag dekorerer seg med tradisjonelle symbol frå andre kulturar berre fordi dei tykkjer at det ser fint ut, er dei med å redusere motivet frå noko med høg symbolsk verdi til ei nær meningslaus dekorasjon (Polhemus 2004:124).

Polhemus hevdar vidare at eit vesentleg punkt skil tatovering og piercing frå alle dei andre kroppsmodifikasjonane det moderne samfunnet mogleggjer. Brystforstørring for kvinner skal gje inntrykk av at kvinna har større bryst, men samstundes skal det helst ikkje vise at brysta er forstørra. Menn transplanterar hår vil gjerne gje inntrykk av at dei har ein evig fyldig manke og det er ikkje meininga at tilskodarar skal sjå at håret er henta annan stad frå. Dei som tatoverar seg gjer dette ut frå eit ynskje om at det skal vere synleg for andre at det er gjort ei medviten endring i kroppen si overflate (Polhemus 2004).

Mykje av den tilgjengelege litteraturen om tatoveringar fokuserar på at det gjer vondt å få seg ei tatovering (Kraft 2005, Rush 2005). I store delar av den vestlege, medikaliserte verda elles er ulike former for kjemisk smertelindring fullt ut akseptert om ein har det vondt, men mellom dei som tatoverar seg vert smerta sett på som ein sjølvsaugt og uunngåeleg del av det å verte tatovert (Kraft 2005:59-60). Tatovering er ei smerteoppleving som kan karakteriserast som ei kreativ smerte.

***I arbeidet med masteroppgåva mi vil eg freiste å gjere greie for kva ulike meiningar eller tydingar dei tatoverte legg i sine eigne tatoveringar. Kor medvitne er dei tatoverte i valet av tatovering? I kva grad vert ulike identitetar forhandla med tatoveringar? Kva rolle spelar den fysiske smerta i tatoveringsprosessen og kvifor er smertelindring så lite utbredt.***

#### ***1.4 Litteratur til inspirasjon***

Då eg fekk ideen om å skriva ei mastergradsoppgåve om tatoveringar, tenkte eg, truleg som dei fleste andre mastergradsstudentar, at eg var både kreativ og original. Ved nærare ettersyn viste det seg at det var gjort ei del forskning på tatoveringar og anna kroppsdekor, både nasjonalt og internasjonalt. Eg skal vidare gje eit oversyn oven den litteraturen som har vore til inspirasjon for meg.

I Skandinavia har vi fått to studiar om tatoveringar dei siste åra. Dei er skriven av etnologen Birgitta Svensson og religionsvitaren Siv Ellen Kraft og desse to arbeida er med og dannar grunnlaget for arbeidet mitt.

Den svenske etnologen Birgitta Svensson tar i boka ”Tattuering. Ett sinnelig eventyr” (1998) utgangspunkt i at ho har følgd ei gruppe kvinner som leigde seg eit tatoveringsstudio

ein heil dag for å tatovere seg. I boka gjer Svensson greie for ulike aspekt ved både tatoveringar og dei tatoverte, ho tek opp tema som estetikk, grenseoverskridingar og kjønnskilnader.

Svensson hevdar at det har vore vanleg for både menn og kvinner å tatovere seg for å gjere seg meir seksuelt attraktiv. Kvinner vel ofte tatoveringar som skal gjere utsjånaden deira vakrare og dei plasserar tatoveringane sine på stader som helst berre er synlege for dei som dei er mest intime med. Ho skriv også at dette kan skuldast at skjulte tatoveringar minskar risikoen for å verte sett på som annleis og at dette er viktigare for kvinner som tradisjonelt har levd under sterkare moralsk overvaking enn menn (Svensson 1998:146-161).

Svensson diskuterar også tatoveringar som eit problem gjennom fordomar berarar av fengselstatoveringar støyter på kva stigmatisering det fører med seg. Vi veit at politiet har nytta dei moderne tatoveringane som identifiseringsobjekt i kriminalsaker, og Svensson fortel at ein av hennar eldre informantar uttalar at ho ser på tatoveringar som eit klassemerke for det ho kallar samfunnet sitt botnskikt (Svensson 1998:61). Men utover at kriminelle som freistar å starte eit nytt og betre liv angrar på at dei har tatoveringar som kan skape stigmatiserande haldningar frå omverda, diskuterar ho lite dei fordomar ustraffa personar kan støyte på.

Religionshistorikaren Siv Ellen Kraft si bok "*Den ville kroppen*" (2005) tek utgangspunkt i tatovering som nytta av undergrunnskulturar og som ein del av New Age rørsla. Kraft visar at mange av dei som let seg tatovere ser på handlinga som eit overgangsritual som markerar før og etter ei spesiell hending, som dødsfall eller samlivsbrott. Ellers er det vanleg i undergrunnsgrupper å nytte tatoveringar for å markere at dei opplev at dei står utanfor det etablerte samfunnet. Kraft sin empiri er spørjelister frå tatoveringsstudio, intervju med både tatoverte og tatovørar og observasjon av smerteritual. Ho har også nytta ulike forum på Internett.

Boka *En tatovørs erindringer* (1988) av den danske tatovøren Hans J. Hansen (Tusch-Hans) var med å gje innblikk i korleis tatoveringskunsten voks fram i Skandinavia rundt førre hundreårsskifte. Boka er ein biografi ført i penn av mannen som vert rekna som den fyrste som tatoverte med elektrisk tatoveringsmaskin i hamneområdet Nyhavn i København. Denne boka er unik på den måten at ho er den einaste tatovørbiografien eg har funne som er frå våre delar av verda. Sjølv om boka omtalar ein heilt anna tidsepoke enn den eg har fokusert på, er ho med å gje eit spanande inntrykk av korleis ei heilt spesiell yrkesgruppe livnærte seg i byrjinga av det tjuande hundreåret.

Den tyske kulturhistorikaren Stephan Oettermann har i boka "*Tecken på huden. Tatueringens europeiska historia*" (1984) gitt ein historisk gjennomgang av tatoveringa si

europeske soge. Som eg har nemnt i innleiinga viser Oettermann til at tatovering er ein eldgamal tradisjon som døyde ut mellom vanlege europearar og han har gjort greie for sitt syn på korleis tatoveringa fekk si renessanse i den vestlege verda. Oettermann visar korleis europeiske sjøkapteinar frakta med seg tatoverte maoriar og polynesiarrar heim til Europa og viste dei fram for pengar. Han gjør også greie for korleis europeiske sjømenn, som lèt seg tatovere på reiser til Stillehavet, fekk endra dei tradisjonelle tatoveringsmotiva til motiv som vanlege europearane assosierte med motiv frå fjerne himmelstrok. Denne boka fungerer greitt som ei innføring i tatoveringssoga, men diskuterar ikkje tatoveringane sin plass i det moderne samfunnet.

Antropologen John A. Rush freistar i boka ”*Spiritual tattoo*” (2005) å gje innblikk i kroppsmodifikasjonane si kultursoge, han hevdar at kroppsdekorasjonar og kroppsmodifikasjonar vart nytta så tidleg som av før-menneskelege skapningar som *Homo Erectus*, og at desse dekorerte seg for å sjå ut som, eller få kraft frå det dei frykta, ofte ville dyr av eit eller anna slag.

Denne litteraturen gjev innblikk i tatoveringa si historie og visar korleis tatovering har fungert som identitetsmarkør for ulike grupper. Det vert òg fokusert på kvifor personar tatoverar seg, men eg finn lite stoff om kva den tatoverte meiner om sin eigen tatoverte kropp. Eg ser som Kraft og Svensson den tatoverte sine eigne røymsler som eit interessant utgangspunkt for ei masteroppgåve fordi tatoveringar er permanente og eigaren difor som oftast måtte svare for tatovering og av bruk av eventuelle kontroversiell symbol heile livet.

Smerte vil, etter som det medfører ei viss form for smerte å tatovere seg, vere ein sentral del av oppgåva. Ulike kulturar har ulike måtar å handtere smerte på og også ulike måtar å snakke om smerte på.

Den amerikanske litteraturforskarer Elaine Scarry har i boka *The Body in Pain* (1985) utforska, som tittelen indikerar, korleis menneskekroppen reagerar på fysisk smerte. Ho har teke utgangspunkt i språket si mangelfulle evne til å uttrykke smerte, dei politiske konsekvensane dette medfører og smerte som menneskeleg konstruksjon (1985:3) og ho skriv at noko av det mest sentrale ved smerte er at ho er tilstades (1985:9).

Eit av dei essensielle punkta i forholdet mellom kropp og smerte er smerta sitt språk eller mangel på slikt. Scarry hevdar at dei fleste språk har det til felles at det så og seie er umogleg å setje ord på korleis ein opplev si eiga fysiske smerte, det er òg meir eller mindre umogleg å forstå andre si smerte gjennom språk. Dette skuldast at fysisk smerte manglar evna til å ta eit objekt i den ytre verda. For å kompensere for det manglande objektet vil dei som vil snakke smerta sitt språk vere nøydt til å dra parallellar til kjente ytre objekt.

Scarry hevdar fysisk smerte er det beste dømet på det enorme skiljet der er mellom å forstå eigen verd og det å forstå andre si verd. Ho skriv at for den som har vondt vil smerta opplevast som det sikraste av alt og vår eiga fysiske smerte vil stå som det meste levande eksempelet på at ein har visse om noko. Det å høyre om andre personar si smerte vil på si side vere ein situasjon prega av tvil. Den som fortel om smerte som ikkje visar på røntgen eller som ikkje har opne sår eller blodspor å vise til vert ofte møtt med skepsis og for den som har smertene kan andre si tvil vere med å forsterke lidningane dei opplev (1985:4-6).

Scarry viser til at når me skal skildre eiga smerte, nyttar me ein ytre agent for å gjere smerta tilgjengeleg for dei me snakkar med. Denne agenten, om det er ein spiker i foten, eller ytringa: *Det er som om eg har ein spiker i foten*, vil opplevast som ei levd erfaring for dei fleste mottakarar av ytringa (1985:15).

Scarry si bok er interessant for meg fordi ho behandlar temaet smerte utan at det er relatert til sjukdom og gjennom arbeidet med masteroppgåva vil eg nytte Scarry sine teoriar for å gjere greie for korleis dei tatoverte uttrykker opplevinga av eiga smertekjensle ved tatovering.

Det har også vore viktig å utforske individet sitt forhold til kropp og kroppsteori har difor vore nyttig for meg i arbeidet.

Den danske kulturhistorikaren Niels Kayser Nielsen har i boka *Krop og Kulturanalyser* (1997) med undertittelen *Den levende og den konstruerte krop* gjeve ei framstilling av etterkrigstida si forskning på kroppskultur i den vestlege verda.

Hovudtanken bak boka er å erstatte motsetjinga mellom ”ekte” kropp og ”konstruert” kropp med studiar av dei skjeringsfelt som oppstår rundt den sosiale kroppen. Her finn ein møtet mellom den individuelle, levde eigenkroppen og dei normer for det kroppslege som samfunnet definerar i kvardag og fest.

I boka gjer Kayser Nielsen oss merksam på at kroppen har ei mengd ulike omgrepsspar. Han peikar på at den kroppen me har når me er i arbeid oppfører seg annleis enn den kroppen gjer når han opptre i fritidssamanheng. Han hevdar at me derfor må skilje mellom det han kallar *arbeidskropp* og *fritidskropp*. Det er også relevant å skilje mellom ein kropp som er i rørsle og ein som er i ro. Kayser Nielsen skil difor mellom det han kallar ein *rørslekropp* og ein *ikkje-rørslekropp*.

Vidare hevdar han at det er viktig å skilje mellom det å *ha ein kropp* og det å *vere ein kropp*. Det fyrste visar til kjensla av å ha ein kropp som kan pleiast, nyttast eller misshandlast etter eigaren sitt eige ynskje, det andre handlar om at ein er bunden til ein fast kropp og at ein ikkje er eit frittflytande andevesen (Kayser Nielsen 1997:37-39).

Kayser Nielsen viser også til sosiologen Anthony Giddens som peikar på at det i tidlegare tider var vanleg å nytte ytre symbol som hattar, smykke eller anna utstyr som til dømes sverd for å fortelje saga om seg sjølv. Det var dei ytre teikna som fortalte kvar ein kom frå eller kva klasse ein tilhørde. Kayser Nielsen skriv at:

*I dag er situasjonen snarere den, at det er ved hjelp af kroppen selv man ønsker at sige noget om, hvem man er som individ, som et selv*  
(Kayser Nielsen 1997:45).

I masteroppgåva vil eg nytte Kayser Nielsen sine teoriar for å sjå korleis ein tatovert kropp er med å skape ein eller fleire identitetar for beraren og om det kan oppstå konflikt mellom dei ulike kroppane tatoverte fritidskroppen og arbeidskroppen.

Oppgåva mi fokuserar i all hovudsak på menn og mannlege tatoveringar og det er difor naudsynt å sjå nærare på mannskroppen.

Den amerikanske filosofen Susan Bordo tek i boka *The Male Body* (1999) utgangspunkt i korleis ho opplevde sin eigen far sin kropp når ho skal analysere mannskroppen si plassering i det moderne samfunnet. I boka viser ho korleis mannskroppen har blitt presentert i filmar og reklamar i tiåra etter krigen og gjer greie for kvar ideane om maskulinitet har oppstått og kvifor dei endrar seg.

Sentralt i boka er påstanden om at det å verte avslørt som mjuk er det verste som kan hende ein mann i vår kultur og Bordo visar her til at små gutar tidleg vert lært opp til at dei ikkje må vise at dei gret eller kjenner smerte.

### **1.5 Eit kulturanalytisk perspektiv**

For å få svar på dei spørsmål som problemstillinga stiller har eg valt ei kulturanalytisk tilnærming til materialet. Dei svenske etnologane Billy Ehn og Orvar Löfgren skriv i *Kulturanalyser* (2001) at:

*Kulturanalys är en metod att förstå såväl snabba förändringar som vardaglig lunk i det egna samhället, förr och nu. Den används inom olika vetenskapliga discipliner och även för att belysa problem i arbetslivet* (Ehn og Löfgren 2001).

Billy Ehn hevdar i boka *Vardagslivets Etnologi* (1996) at det som kjenneteiknar det kulturanalytiske perspektivet er det personlege engasjementet og nærleiken til det som vert utforska (Ehn 1996:89). Studieobjekt vert ofte plukka ut og det teoretiske perspektivet forma av forskaren sine interesser og sosial bakgrunn (ibid. 94). Vidare skriv Ehn om den moderne

etnologiske forskingsprosessen at det er vanleg å hente både inspirasjon og teoretiske verktøy frå andre fagtradisjonar (ibid. 93) og at problemstillinga vert tilpassa det materialet som er samla inn (ibid. 105). Ehn konstaterar at den internasjonale påverknaden på 1980talet fekk som konsekvens for kulturanlysa at det *frigjorde ett annat sätt att tänka kring vad som var forskningsbart* (ibid. 100) og han skriv at:

*Det finns visserligen en tydlig kontinuitet från den äldre folklivsforskningen och framåt, men ämnet kännetecknas nog framför alt av sin flexibilitet och mångfald när det gäller ämnesval, frågeställningar, metoder, teorier och skrivsätt* (ibid. 89).

Billy Ehn skriv vidare at tidlegare handla etnologane sine problemstillingar om forhold som gjaldt det gamle bondesamfunnet. I dag har dette endra seg til at etnologane i staden ser på korleis kultur vert skapt eller formidla. Dette skjer gjennom at ein utforskar korleis folk sine tankar, handlingsmønster og ulike uttrykksformer kjem fram i ulike sosiale samanhengar (Ehn 1996:110) og han peikar på at:

*Pendlingen mellan närheten till det/dem som skal studerast och det vetenskapliga avståndet i analysen ställer särskilda krav på medvetenhet om vad som händer i forskningsprosessen* (Ehn 1996:90).

Eit særtrekk ved ei kulturanalytisk tilnærming er at ein i mange høve må eller får høve til å skape sine egne kjelder. Det er ei utfordring i seg sjølv. Som Bente Alver skriv i *Creating the Source* (1996) er det å skape sine egne kjelder gjennom kvalitative metodar eit omfattande arbeid som ofte ikkje haustar godkjenning av dei som ikkje veit kor vanskeleg dette arbeidet er (Alver 1996:9).

## **1.6 Ei fenomenologisk tilnærming**

I tilnærminga til materialet mitt står eg i ein fenomenologisk tradisjon. Den fenomenologiske tenkjemåten er eit perspektiv som kan sjåast på som læra *om det som er opprinnelig eller umiddelbart gitt for bevistheten* og er eit omgrep som oppstår i kjølvatnet av vitenskapen og filosofen Edmund Husserl (1859-1938) si tenking.

Husserl hadde som mål å gje vitenskapen eit sikkert fundament for kunnskap (Gilje 2006:11) dette grunna han med at det var blitt for mykje teori i vitenskapen, noko som var med å gje for stor avstand til det objektet som skulle studerast. For Husserl innebar det at han forkasta eller sette parentes om alle tidlegare tillærte og fastlåste oppfattingar. Målet med

dette var å kome seg attende til sakene sjølv, *zum sachen selbst*. Dette vert kalla epoché eller ein fenomenologisk reduksjon (ibid. 13).

Husserl bruker omgrepet intensjonalitet og forstår med det at den einskilde si merksemd alltid er gjenstandsretta, det kan vere mot både reelle gjenstandar eller imaginære objekt. Desse objekta står fram for medvitet som fenomen som på ulike vis vert konstituert gjennom menneskeleg aktivitet (Gilje 2006:11). Kroppen i seg sjølv er eit slikt objekt og i dag ser ein at retten til eigen kropp vert stadig sterkare forsvart (Nielsen 1997:20). Eg meiner ei fenomenologisk tilnærming vil kunne avdekke det dilemmaet som ein tatovert person kan oppleve i det Kayser Nielsen kallar konflikten mellom individet sin kropp og samfunnet sitt ideelle kroppsbilete (Nielsen 1997:22).

All vår kunnskap om verda rundt oss er fortolkingar, og både profesjonelt og privat nøyar me oss med å fortolke det som me vurderer som relevant for oss (Schutz 1963:1-2). Etter som etnologi er vitskapen om folk si *Lebenswelt*, som Husserl kalla den førvitskaplege livsverda (Gilje 2006:15), vert oppgåva vår å fortolke andre menneske sine fortolkingar av det som skjer i deira verd. Denne kvardagsrøynda vert sett på som røynd "*par excellence*" (Berger og Luckman 2000:42) og er den røynda som me deler med alle andre. I desse andlet til andlet relasjonane grip den einskilde si forståingsverd inn i kvarandre og me "vert eldre saman" (Berger & Luckman 2000:48-50). Det er grunn til å tru at ein person som har tatovert seg vil opptre annleis i ein andlet til andlet situasjon, ha andre tankar om seg og sitt, i møte med ein forskar enn han vil ha, til dømes saman med andre tatoverte.

Ein utanforståande kan aldri få direkte tilgjenge til ein aktør sine tankar om sin eigen kvardag. Det som er forskaren si oppgåve er, ved hjelp av aktøren sine eigne omgrep og røymsler, å rekonstruere aktøren sine subjektive tankar om det han har opplevd. Det er aktøren sine subjektive oppfatningar som skal studerast og det er meininga at det skal skildrast slik aktøren opplev det frå eit innanfrå perspektiv (Gilje 2006:12).

Det er likevel ikkje alltid slik at ein får tilgang til andre personar sine innarste tankar berre ved å snakke med dei, som i eit forskarintervju eller ein annan andlet til andlet situasjon, men det finst andre markørar som er med å hjelpe oss å få tilgang til andre sine tankar. Tankar vert gjerne objektivert gjennom teikn som kan observerast (Berger og Luckman 2000:53-54).

Den tatoverte kan, på ulike vis, vise kva han tenkjer om tatoveringa som handling. Han kan vise at dette er ei handling han står inne for ved å brette opp armane for å vise fram den tatoverte delen av lekamen, eller han kan vise at han ikkje står inne for den ved at han dekkar til tatoveringa. Eller han kan ha freista å få fjerna tatoveringa på ein klinikk eller gjere det sjølv ved å freiste å bleike huda.

## Kapittel 2. Metodiske og forskningsetiske perspektiv

### 2.1 Metode er vegen mot målet

Sosiologen Sigmund Grønmo har i boka *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2004) diskutert metodane si rolle i samfunnsvitskapen. Han skriv at formålet med vitskapen sin kunnskap og teoriar er å framskaffe ei teoretisk forståing av eit fenomen og at ein kan seie at metode er den ruta ein vel for å nå eit konkret mål. Han skriv at:

*Metodene angir hvordan vi skal fremskaffe kunnskapen og utvikle teoriene, og hvordan vi skal sikre at kunnskapen og teoriene oppfyller kravene til vitenskapelig kvalitet og relevans på det aktuelle fagområdet (Grønmo 2004:27)*

Grønmo framhevar tre metodiske prinsipp med utgangspunkt i sosiologen Fredrik Engelstad et al. sine prinsipp for normativ argumentasjon når han skal vise til systematiske metodar for teoretisk drøfting og argumentasjon. Dei tre prinsippa er *presisjon i begrepsbruk og språklige formuleringer, (...) argumentasjonens gyldighet, og fullstendighet i argumentasjonen* (ibid. 28). Grønmo presiserar at det er dei same premissa som gjeld for empiriske undersøkingar, men at det her òg er viktig at ein finn fram til ein metode for gjennomføringa av undersøkinga (ibid. 29).

I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei ulike metodiske og etiske val som er gjort for å løyse den oppgåva. Eg bygger primært på materiale frå intervju med fem tatoverte informantar i tillegg til to informantar som har tatovering som yrkesveg. I tillegg nyttar eg artikkelar frå tatoveringsblader, dagsaviser og Internett som bakgrunnsmateriale.

### 2.2 Kvalitativ metode

For å få kjennskap til kva forhold tatoverte har til tatoveringane sine, fann eg det mest teneleg å nytte ein kvalitativ metode med intervju som måten å skaffe empiri på. Psykologen Steinar Kvale har skildra og diskutert forskingsintervjuet som eit uttrykk for ei fenomenologisk forståingsform (Kvale 1987:178). Kvalitative metodar har lang tradisjon innan samfunnsforskning og humaniora. I doktoravhandlinga *Det er mer mellom himmel og jord* (1989) skriv Bente Gullveig Alver og Torunn Selberg at:

*Det essensielle ved en kvalitativ innfallsvinkel er nærhet til det felt man studerer og til den enkelte informant. Gjennom innlevelse*



*forsøker man å nå fram til sine informanternes virkelighetsforståelse*

(Alver og Selberg 1989:43).

Til skilnad frå kvantitative metodar vert forskingsmaterialet i kvalitative metodar skapt gjennom samhandling mellom forskar og informant. Kvalitative forskingsmetodar har også tettare band mellom innsamlinga av materialet og analysen, der tolkinga føregår gjennom heile innsamlingsprosessen og tolkinga av eitt svar vil danne grunnlaget for neste spørsmål. Også utveljinga av informant er ulike for kvalitative og kvantitative metodar. Der utvalet ved kvantitative undersøkingar er basert på store mengder med eit utval basert på statistikk, er det ved kvalitative metodar oftast få informantar som vert undersøkt og det vert lagt større vekt på djupna i informasjonen frå den enkelte informant enn stor mengde og breidde. Informantane er her valt ut fordi forskaren meiner eller forventar at informantane har spesielt god innsikt i de spørsmål som skal svarast på. Nærleiken til informanten og det feltet som vert studert gjer at forskarar som nyttar kvalitative metodar oftast står framfor andre metodiske og etiske utfordringar enn dei av kollegaene som har ei kvantitativ tilnærming (Alver & Øyen 1997:130-131).

For min eigen del låg utfordringane mellom anna i både det å skaffe informantar som låg innom dei rammene eg hadde tenkt meg og ein nærleik distanse problematikk knytt til at fleire av dei informantane eg fekk kontakt med var personar eg kjente litt til frå før.

Den norske sosiologen Harriet Holter skriv at i ein kvalitativ forskingsprosess heng dei ulike fasane av prosessen saman på ein måte som skapar heilskap og ho påpeikar at:

*Forforståelse, valg av fremgangsmåte for materialoppbyggingen, valg av repondenter eller forskingsfelt, forholdet mellom forsker og utforsket, selve materialoppbyggingen, analysen, fremstillingen og til dels formidlingen – alt bæres oppe av tankeganger som er i slekt med hverandre* (Holter 1996:12).

Mi eiga forforståing til tatoveringsfeltet ligg som tidlegare nemnt i ein lang fascinasjon for tatoveringar gjennom musikk og ulike former for opprørsk ungdomskultur der tatoveringar er ein del det visuelle uttrykket. Eg hadde med andre ord i utgangspunktet ikkje mykje teoretisk kunnskap om feltet eller teoretiske perspektiv som kunne vere teneleg å nytte gjennom arbeidet.

I følgje Harriet Holter er intervjuet den vanlegaste kvalitative metoden, men andre former for tilnærming som deltakande observasjon og feltstudium får stadig meir og meir utbreiing etter kvart som metoden vert teken i bruk i stadig fleire fagtradisjonar og det dukkar opp fleire observasjonsmåtar (Holter 1996:10). For min del prøvde eg å nå fram til mine

informantar si forståing av deira eigen kvardag gjennom å intervju dei om kva forhold dei har til tatoveringane sine, og eg fekk høve til å vere tilstades og observere når ei tatovering vart utført.

### **2.3 Det kvalitative forskingsintervjuet**

Det kvalitative forskingsintervjuet let seg, med Steinar Kvale sine ord definere som *et interview, der har til formål at indhente beskrivelser af den interviewedes livsverden med henblikk på at fortolke betydningen af de beskrevne fænomener* (Kvale 1997:19). Idealet for intervjuet er at det skal vere ein dialog mellom den nysgjerrige forskaren og den kunnskapsrike informanten. Karakteristisk for det kvalitative forskingsintervjuet er openheita (ibid. 92). Denne openheita gjev rom for breie, nyanserte skildringar og for forteljinga. Som Kvale seier: *Det kvalitative interview er en enestående sensitiv og stærk metode til at få fat i de interviewedes oplevelse af deres hverdagsverden og den levede betydning* (ibid. 78).

Intervjuet som dokumentasjonsmetode er likevel ikkje alltid ei kjelde til å forstå kva som egentleg har hendt. Intervjuet skal vere ei kjelde til å forstå kva informanten *påstår hendte* (Fjell 1996:11-12). Eit godt døme på dette vert når ein av informantane mine fortel at han var heilt utan planar om å tatovere seg då han som militærpoliti for den norske FN-styrken var sjåfør for ein gjeng tilreisande, opprømte soldatar som ville til det lokale tatoveringsstudioet. Dei fire andre soldatane oppmoda han om å ta ei tatovering han òg, noko han til slutt gjorde. Her kan det sjå ut som om informanten har vore utsett for gruppepress frå dei andre soldatane, men dette vert avkrefta av informanten sjølv for, han opplevde sjølv tatoveringa si som ei sjølvstendig og sjølvvalt handling.

Kvale peikar også på at for at det skal vere vits for nokon å fortelje noko, er ein avhengig av det er nokon som lyttar og han ser at når ein skal intervju er evna til å lytte like viktig som ulike spørjetechnikkar (1997:139).

I eit kvalitativt forskingsintervju foregår ein dialog mellom to partar i det som Marit Anne Hauan kallar ein kunnskapssamtale (Hauan 2006:8). Her får ein høyre korleis idear vert omsett til handling (Fjell 1996:11), som når ein av mine egne informantar, Ole Johannes, fortel at han sat ti timar i tatovøren sin stol for å få tatovert eit motiv frå ein av favorittfilmene sine på brystet. Han forklara at han gjorde dette som ei hylling til mellomkrigstida sine framtidsoptimistiske filmar som han alltid hadde vore fascinert av.

Forskaren som har moglegheit til å sjå informanten i ein annan situasjon enn berre i intervju vil kunne sette informantens sine utsegn i ein breiare kontekst (Fjell 1996:12). Difor er

eg glad for at eg fekk høve til å vere tilstades og gjere eit intervju medan ein av informantane mine vart tatovert. Då fekk eg ved sjølvsyn sjå korleis heile tatoveringsprosessen vart utført. Denne observasjonen var med å gje djupne i dokumentasjonen. Det var også vitjingane i tatoveringsstudioa og intervjuet eg gjorde med tatovørar.

#### **2.4 Observasjon**

Sosiologen Katrine Fangen skriv at allereie i oppstartsfasen av eit prosjekt er ein i full gang med å observere feltet. Gjennom observasjon får ein auge for kva som er relevant og det vert lettare å stille gode spørsmål. Det er ikkje berre handlingsmetta situasjonar som er eigna for observasjon, også situasjonar der det ikkje er openbert at det hender noko, som at folk ventar på bussen eller treffest på eit gatehjørne er eigna observasjonsobjekt (Fangen 2004:66-67).

Mine observasjonar bestod av at eg oppsøkte tatoveringsstudio i Bergen for å sjå om studioa har ulike profilar, kor dei er plassert, korleis dei ser ut og kven som er kundar. Ved eit høve vitja eg eit tatoveringsstudio i ein annan by. Eg presenterte meg som student ved UIB og fekk ein lang og hyggeleg samtale med tatovøren på staden. Grunna lange avstandar lét det seg ikkje gjere å reise attende å gjere eit intervju, men eg fekk likevel mange innspel frå denne tatovøren som eg tok med meg vidare i oppgåva.

I intervjusituasjonen fekk eg òg høve til å observere kroppsspråket til informantane, noko som gav innsikt i kor privat tatoveringane deira kan vere. Ein av informantane har tatovert kona sitt namn på armen, men passar nøye på å ikkje seie namnet høgt, fordi han ikkje vil at dette skal kunna høyrast på bandet.

#### **2.5 Skriftlege kjelder**

Første steg på vegen mot målet mitt var at eg måtte skaffe meg bakgrunnsmateriale for temaet. Eg gjorde litteratursøk og fann eit utval av bøker som handla om tatoveringar. Dette var faglitteratur som såg på tatoveringar frå eit etnologisk, antropologisk og religionshistorisk perspektiv. Desse gav, som diskutert i 1.4 innblikk i både tatoveringa si søge, teoriar om opphavet og viste kva som skjer i ulike tatoveringsmiljø i dag. Å lese bøkene var nyttig fordi det gav meg ny kunnskap, og innblikk i kva perspektiv andre forskarar har nytta i arbeidet sitt.

I bolken for livsstilsmagasin i Narvesen si oversikt over blad dei distribuerar er det lista opp nitten ulike titlar tatoveringsmagasin. Ikkje alle bladkioskane fører heile utvalet, men

det er jamnt over eit stort utval i dei kioskane eg har vore innom. Av dei utanlandske magasinane gjev fleire tyskspråklege magasin inntrykk av at det er mange kundar som er så interessert i tatoveringar at dei er viljug til å gjere ein innsats for å tileigne seg informasjon på eit for mange utilgjengeleg språk etter som utbreiinga av det tyske språket ikkje er så altfor stor i Noreg i dag.

Somme av blada fungerer som ein marknadsplass for tatovørar der ulike tatovørar vert intervjuet og får presentere seg sjølv og arbeida sine. Andre blad presenterar eit rikt utval av motiv og rettar seg mot dei som gjerne vil ha ei tatovering, men ikkje har bestemt seg for motiv. Det er også blad som fokuserar på tatovering som livsstil og er opptekne av å skape eit bilete av tatoverten som annleis enn "vanlege menneske".

To av tatoveringsmagasinane, *Scandinavian Tattoo Magazine* (STM) og *Nordic Tattoo Mag* (NTM) er retta spesielt mot den skandinaviske marknaden. Skriftspråket i begge magasinane er svensk, men NTM har norsk utgjevar og redaksjon i Noreg, Sverige, Danmark og Finland medan STM berre har svensk redaksjon. Begge magasinane har høveleg same profil og same innhald.

I dei skandinaviske blada finn ein intervju med tatovørar får heile verda og reportasjar frå både nordiske og internasjonale tatoveringsfestivalar. På festivalane set tatovørane kvarandre i stemne og konkurrerer i fleire ulike klassar som Best Small for beste liten tatovering, Best Back for beste ryggtatovering, Best Colour for dei flottaste fargane og Best in Show for arrangementet si beste tatovering. Konkurransar er det òg på det kanskje mest spektakulære arrangementet i Skandinavia, tatoveringscruiset som ein gong i året kryssar Østersjøen med *Silja Line* sin båt mellom Stockholm og Åbo. Om bord er det tatovering og musikk for full rulle på veg fram og attende.

Tatoveringsblada inneheld òg annonsar for tatovørar over heile Skandinavia. Dei fleste norske tatovørane har valt å plassere sine annonsar i NTM. I STM er det annonsar for mange svenske tatovørar, men dei har i tillegg laga ei spalte kalla *Yellow Pages* der det er lista opp norske, danske og finske tatovørar i nasjonale bolkar. I tillegg er det også stillingsannonsar der tatoveringsstudioa søkjer etter tatovørar og annonsar for engrosfirma som sel tatoveringsutstyr reklamerar for varene sine.

Av dei utanlandske blada eg har lese er det amerikanske *Tattoo Savage* som utmerkar seg mest ved å presentere tatovering som ein del av ein større heilskap i ein alternativ livsstil. Her er dei tatoverten og tatovørane som er portretterte presentert i ein kombinasjon med piercing og ekstrem kroppsmodifikasjon.

Å lese i tatoveringsblada gav meg eit godt innblikk i kva som rører seg i tatoveringsmarknaden, både i Skandinavia og resten av verda, og det gjorde meg i stand til å stille meir innsiktsfulle spørsmål når eg skulle ut og møte informantane mine.

Eg fann òg artiklar på internett. Internett er eit flyktig medium og mykje av det publiserte materialet kan vere vanskeleg å verifisere eller innhaldet på ulike nettsider vert fjerna eller flytta. Eg har difor konsentrert meg om artiklar som er publisert i nettutgåvene til dei største avisene i landet.

Det største materialet og dei primære kjeldene mine ligg likevel i dei intervjuene eg gjorde med informantane mine. I perioden frå februar til juni 2008 gjorde eg sju intervju med tatovørar og tatoverte informantar.

I oppgåva er somme av intervjuisitatane redigert på den måte at eg har fjerna oppattakingar og tenkjepauseord som *eh* og *liksom*, dette for ikkje å banalisere informantane unødigt.

## **2.6 Utval av informantar**

Når eg skulle ut og leite etter tatoverte informantar var det ein stor fordel at det som hadde mi interesse, tatoveringar, ofte ville vere synleg på eit eller anna tidspunkt. Dette gjorde at potensielle informantar var lett å få auge på i det dageleg og at dei var lett å oppsøke.

Når eg skulle sjå etter informantar var eg i utgangpunktet ute etter personar på min eigen alder, det vil seis over tretti, men ikkje så mykje over femti. Eg var òg meir på jakt etter "mannen i gata" enn dei som driv med ekstrem kroppsmodifikasjon. Eg hadde ei førestilling om at vaksne informantar, som enten hadde levd ei stund med tatoveringane sine, eller som var godt vaksne når dei fekk tatoveringa, ville ha eit meir medvite forhold til det å vere tatovert enn dei som er altfor unge. Eg frykta at dersom eg freista å finne informantane mine gjennom tatoveringsstudioa ville dette lett berre setje meg i kontakt med informantar som hadde ei litt ekstrem tilnærming til feltet. Eg valte difor å skaffe informantar gjennom eigne kontaktar og nettverk.

Sjølv om det vert hevda frå dei tatovørane eg har intervjuat at det er like mange kvinner som menn som tatovert seg, har eg valt å snakke med menn. Som fersk intervjuar vurderte eg det som lettare å forhalde meg til menn av min eigen generasjon fordi eg hadde ei kjensle av at temaet kunne vere ganske privat. Den eine kvinna som er med i oppgåva er mor til ein av dei andre informantane og er med sett ut frå eit generasjonsperspektiv og ikkje frå eit kjønnsperspektiv.

Informantane mine vart plukka ut gjennom at eg tok kontakt med personar eg trefte som eg såg at hadde tatoveringar, og ved at eg utnytta eige og veners nettverkt.

Det fyrst intervjuet vart særst godt og gav meg mykje informasjon og inspirasjon til å gå vidare i arbeidet. Eg kjente meg tryggare på at eg kunne få inn eit materiale som kunne belyse problemstillinga mi.

Gjennom eit av intervjuane kom det fram at informanten si mor også hadde tatoveringar og eg spurte om han trudde det kunne la seg gjere å få eit intervju med ho. Tanken var at det kunne vere spanandes å sjå på kva tankar ein kunne finne fram til i eit generasjonsperspektiv.

Alver og Øyen skriv at det hender at forskarar nyttar sitt eige eller informantar sitt nettverk for å finne fram til personar som dei meiner kan gje svar på problemstillinga. Ein slik tilnærming til det å skaffe informantar kan vere problematisk då informanten sin lojalitet til nettverket kan vere med å innskrenke frivilligheten i det å delta i prosjektet (Alver og Øyen 1997:131). Sjølv om eg har nytta informantar som eg kjente til frå før, er dei ikkje så nære kjente av meg at dette opplevdes som eit problem.

Eg var òg i kontakt med ein person som var interessert i å delta som informant i prosjektet mitt, men då me begge var i fullt arbeid lèt det seg ikkje gjere å gjennomføre eit intervju og me måtte avlyse.

Sjølv om eg stort sett berre vart møtt med godvilje når eg tok kontakt for å gjere intervju, fekk eg òg negative svar på førespurnader om å få intervjuavtalar. Ein mann eg trefte då han var innom arbeidsplassen min hadde mange flotte tatoveringar, eg presenterte prosjektet mitt og bad om eit intervju. Han var tydeleg interessert i prosjektet, men svara at hans tatoveringar var altfor privat til at han ville snakke om dei. Også ein tungt tatovert handverkar som arbeidde på huset mitt, takka nei til å delta i arbeidet mitt utan at han oppgav ei årsak til dette.

Ein medstudent fortalte entusiastisk om kavaleren hennar si tatovering. Dagen etter kom ho slukøyra på lesesalen og fortalte at då kjærasten vart kjent med at ho hadde fortalt om tatoveringa hans, vart han rasande. Han sa at då han tatoverte seg var han var han ein periode av livet han no rekna seg som ferdig med og han likte ikkje at det vart kjent blant folk at han hadde tatoveringar. Desse siste døma gav meg likevel nyttig informasjon då det gav meg innblikk i kor private enkelte tatoveringar kan vere og kor mykje kjensler det ligg bak dei.

## **2.7 Presentasjon av informantar**

Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av informantane som er med i oppgåva. Namna er endra som ein del av aidentifiseringa.

Ole Johannes er i fyrste halvleik av førtiåra og må kunne kallast ein tatoveringsentusiast med mange tatoveringar. Han er lidenskapleg oppteken av Amerika på femtitalet, og spesielt musikken frå denne perioden, og då gjerne av den typen ein ikkje finn på hitlistene. Han identifiserar seg sjølv med eit bestemt musikkmiljø og av utsjånad og kledning framstår han som eit stilikon for denne sjangeren. Ole Johannes er gift og er familiefar, og då intervjuet vart gjort var han i ferd med å ta høgare utdanning ved ein av utdanningsinstitusjonane i Bergen (Intervju 1).

Jan er i fyrste halvleik av trettiåra, han er gift og har barn. Han har universitetsutdanning og er for tida i fast arbeid i servicenæringa. Han har fleire tatoveringar og har seriøse planar om å få seg fleire. Den eine tatoveringa hans går over begge underarmene og symboliserar stjerneteiknet han er fødd i. Han har spelt i fleire band og vil at den neste tatoveringa hans skal symbolisere det livslange "kjærleiksforholdet" hans til favorittgruppa hans (Intervju 4).

Knut Erik er i byrjinga av femtiåra og er gift og har barn. Han arbeider i dag i oljeindustrien. Han har ei tatovering som han tok då han som ung mann var i FN-styrken. Han har ikkje planar om fleire tatoveringar (Intervju 5).

Håkon er i fyrste halvleik av førtiåra, han er gift og har barn. Han har maritim utdanning og har seilt til sjøs i mange år. Han har to tatoveringar, som han tok i ungdomstida. Han er stolt av dei tatoveringane han har, men meiner det er nok med dei han har og har ingen planar om å få seg fleire (Intervju 6).

Karen er slutten av femtiåra og arbeider som reinhaldar. Ho er mor til Jan. Ho tatoverte seg fyrste gong då ho var rundt førti år. Ho har i dag to tatoveringar og er open for å tatovere seg fleire gonger (Intervju 7).

For å supplere den informasjonen dei tatoverte informantane mine gav meg og for få innspel frå dei som levandegjør folk sine draumar om ei tatovering, intervjuar eg også to informantar som har det daglege utkomet sitt frå tatovering.

Tatovøren Jørn i siste halvleik av trettiåra og er til dagleg tilsett i eit tatoveringsstudio der han arbeidar som ein del av eit team med fleire tatovørar (Intervju 2).

Tatovøren Nils har arbeida som tatovør på heltid i meir enn åtte år når intervjuet vart gjort og driv sitt eige tatoveringsstudio (Intervju 3).

## **2.8 Samtykke**

I samband med godkjenninga frå NSD <sup>1</sup> skreiv eg eit informasjonsskriv med ein samtykkeslipp (appendiks 1). Dette skrivet hadde eg med til intervjuavtalen og lèt informantane lese gjennom innhaldet før intervjuet byrja. I tillegg informerte eg i framkant av intervjuet informantane om prosjektet sitt innhald og planlagt framdrift. Dei vart òg informert om at eg har teieplikt og at dei har høve til å trekke heile eller delar av intervjuet heilt fram til oppgåva vert avlevert som masteroppgåva. Det kjentes ikkje rett å be informantane signere samtykkeskjema under intervjuet og samtykket frå alle informantar med unntak av Knut Erik er munnleg.

Etter at intervjuet var ferdig transkriberte har informantane fått utskrift av intervju til gjennomlesing. Eg har òg teke kontakt med dei informantane som ikkje har gjeve skriftleg samtykke for å få stadfesta at dei ikkje har innvendingar mot bruk av materialet.

## **2.9 Intervjusituasjonen**

Kunnskapen eg hadde tileigna meg gjennom det bakgrunns materialet eg hadde lest gjorde det lettare for meg å utarbeide ein spørsmålsguide som eg hadde med meg når eg intervjuet informantane. Idealet for samtalen var at informanten skulle få snakke så mykje som mogleg utan å verte avbrutt og spørsmålsguiden (appendiks 2) vart berre nytta for å sikre at ein viss struktur vart opprettheldt.

Sosiologen Erik Fossåskaret skriv at den som skal forske på andre menneske også pliktar å verne om dei som vert forska på, dei skal ikkje verte skadelidande av forskaren sine analyser eller gjennom presentasjon av feltet (Fossåskaret 1997). I NESH sine retningslinjer §6 vert det slått fast at *Forskere skal repekttere de utforskede personers integritet, frihet og medbestemmelse*. Her vert det vektlagt at personar kan oppleve det som nedverdiggande å vere under observasjon og individet sin rett til å påverke kva som hender i livet ([www.etikkom.no](http://www.etikkom.no)). Det er heller ikkje slik at alt av det me får tilgjenge til av informasjon er forskingsmateriale, forskaren pliktar å ikkje vidareføre det som framstår som sladder og han skal også verne kjeldene mot seg sjølv (Fossåskaret 1997). Ein forskar pliktar også å sjå til at han ikkje krenkar privatlivets fred (Alver og Øyen 1997:79).

---

<sup>1</sup> Då prosjektet mitt innebar handsaming av personopplysingar måtte prosjektet meldast til og godkjennast av Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste (NSD) jamfør NESH sine retningslinjer punkt 10. Prosjektet vart meldt 11. februar 2008 og vart godkjent 1. april 2008.



To av informantane mine vart intervjuja heime hjå seg sjølve. Når ein intervjuar informantar heime hjå seg sjølv er det gjerne for å gje informanten ro og tryggleik i og med at dei er på heimebane. Men det kan også gje forskaren nyttig informasjon ved at han får høve til å observere informanten i sitt eige heimemiljø. Eg opplevde dei to heimeintervjua som særers lærerike og informative.

To andre informantar vart intervjuja i lokale tilknytt arbeidsplassen deira. Også her var nok det medverkande til at informantane kjente seg trygge på situasjonen og intervjuja vart veldig gode og gav meg god informasjon.

Det intervjuet som eg sjølv opplevde fungerte dårlegast vart gjennomført på eit av grupperoma på universitet. Det er ikkje godt å seie kva som var årsaka til dette. Kan hende hadde eg ein dårleg dag som intervjuar, eller kanskje var det at me begge var i uvande omgjevnader. Intervjuet gav meg likevel ein del informasjon som er med å nyansere analysane mine.

## **2.10 Aidentifisering**

Ein av informantane mine er ein kjent person i delar av Bergen sitt musikkmiljø, han er aktiv konsertgjengar og omgangsven med fleire lokale musikarar. I tillegg kan han, gjennom frisyre, kles- og skoval, sjåast som eit stilikon for ein spesiell musikkstil. Om ein kombinerar dette med at han er høgreist og veltrena, ser ein at dette er ein mann viss identitet det er særers vanskeleg å halde skjult, og dette er før eg eventuelt byrjar å skildre tatoveringane hans.

Erik Fossåskaret skriv i artikkelen *Har kunnskap sin eigen rett?* (1997) at: *Det er (...) ein fast regel at forskinga anonymiserar personopplysingar.* Her viser han til at ein forskar stadig opptrer i ulike situasjonar der han kan få tilgjenge til informasjon som kan få negative konsekvensar for den det vert forska på (Fossåskaret 1997). Samstundes er det viktig at forskaren stiller spørsmål om kor viktig det er at informantane er aidentifiserte.

Ved det fyrste intervjuet mitt, lova eg informanten at han kom til å vere fullstendig anonym i masteroppgåva mi. Dette gjorde eg utan at eg hadde tenkt over kvifor han skulle vere det. For meg var det sjølv sagt at eg skulle gjere det som stod i mi makt for at informanten ikkje skulle kunna kjennast att av andre. Men kor vanskeleg dette kom til å verte og kva konsekvensar dette fekk for datamaterialet mitt reflekterte eg ikkje over på det tidspunktet.

Kvale skriv at tanken bak aidentifisering er at ein skal verne om informanten sitt privatliv (Kvale 1997:120), men Alver og Øyen peikar på at det også er eit resultat av ein

erkjenner at forskning kan medføre negative konsekvensar, til og med skade for den som det vert forska på (Alver og Øyen 1997:103, 2007:23-27). Dette ser ein mellom anna i det lovverket som regulerar personvernet og retten til privatlivets fred (Alver & Øyen 1997:79). Forskingsetiske krav har resultert i at ein verda over har innført forskningsetiske retningslinjer som stiller krav både om at den som vert forska på har krav på å vite at han blir forska på, og at forskaren har eit særskilt krav om å unngå skade eller belastning for den som vert utforska. Dei forskningsetiske retningslinjene som er rådgivande innanfor norsk forskning innanfor humaniora og samfunnsfag er gitt av NESH og eg har satt meg inn i regelverket for å kunne forholde meg til det ([www.etikkom.no](http://www.etikkom.no)).

Avidentifisering har likevel fleire etiske dilemma. Eit fagleg dilemma som oppstår når ein forskar vel å avidentifisere informantane sine er at, dersom ein er utan oversikt over kven som er med i undersøkinga og kvar ho vart utført er det umogleg for andre forskarar å verifisere dei resultata som forskaren er komen fram til.

Antropologen Halvard Vike er av den oppfatninga at avidentifisering av informantar ikkje alltid treng vere det rette. Han hevdar i artikkelen ”*Anonymitet og offentlighet*” (2001) at informasjon i antropologiske (truleg også andre samfunnsvitskapelege og humanistiske) undersøkingar bør vere offentlege. Han hevdar at framfor å verne dei me skriv om, må me sørge for at dei som vert forska på vert ein del av samfunnet sin kunnskapsproduksjon utan at dei må betale ein uakseptable pris for å vere med (Vike 2001:80).

Vike argumenterar for at det er unødvendig å anonymisere fordi at han opplev det som at mange av informantane han har nytta i forskingsprosjekta sine ikkje er opptekne av at dei skal vere avidentifiserte. Konkret visar han til kommunetilsette han har intervjuet under feltarbeidet sitt på Ulefoss. Dei ville gjerne at det skulle gå klart fram kven arbeidet handla om og opplevde det som skuffande då dei alle saman var avidentifiserte (Vike 2001:78).

Her kan det peikast på at skilnaden på mitt materiale og Vike sitt er at Vike sine kommunalt tilsette informantar er offentlege aktørar medan mine tatoverte informantar i høgste grad er privatpersonar med det krav til vern dei har (sjå NESH punkt 8).

Det som viste seg å vere eit problem som det var vanskeleg å løyse for Vike, var at personar på små stadar er vanskeleg å avidentifisere. I hans tilfelle var det fullt mogleg for lokalavisa å rekonstruere identiteten til informantane i arbeidet, men dei vart rekonstruert på ein måte Vike sjølv ikkje stod inne for og han opplevde at enkeltpersonar sine meiningar vart framstilt som representative for dei kommunetilsette som gruppe (Vike 2001:78).

Bergen er ein liten by og tatoveringsmiljøet er òg avgrensa, dette gjer at det er ei utfordring å halde personar i bransjen anonyme. Ein tatovør er ein offentlig person og i

intervjuet kan det kome fram opplysingar som kan skade tatovøren sitt omdøme. Som forskar har eg òg måtta ha i tankane at tatovørane er ein handelsmenn og at dei kan freiste å nytte intervjuet som ein måte å fremje synspunkt som dei eigentleg ikkje står inne for, men som dei trur kan vere med å fremje interessene hans på den forretningsmessige sida.

Hovudtanken bak å halde informantane i oppgåva aidentifiserte er til sjuande og sist at dei truleg ville kjenne seg friare og kome med ærlegare utsegn om dei slepp å frykte at dei skal verte konfronterte med utsegn dei vert sitert på i oppgåva. Gjennom arbeidet med oppgåva har det også gått opp for meg at tatoeringar og tankar om tatoeringar er eit ganske sensitivt felt og at det er god grunn til å verne informantane mine mot å verte gjenkjent. Men det at eg har valgt å verne informantane mine mot gjenkjenning har medført at eg ikkje kan gå inn på kva symbol dei har i tatoeringane. Det er eit godt døme på at anonymisering kan vere med verkande til at analysen vert svakare enn han kunne vore.

### ***2.11 Sosial grammatikk***

Fossåskaret hevdar at produksjon av kunnskap er noko som skjer i samhandling mellom forskaren og informantane. Denne samhandlinga har likskapstrekk med den samhandlinga som ein elles er vand med frå dagleglivet sine relasjonar. Denne samhandlinga er likevel ulik, då målet for forskaren i feltet er innsamling av data, medan dagleg samspel mellom aktørane i kvardagslivet har gjensidige interesser i den kunnskapen som vert produsert (Fossåskaret 1997:258).

Etter sosiologen Max Weber sitt syn er mennesket eit dyr som er fanga i eit nett av teikn og han skriv at det er summen av desse teikna me tolkar til meining (Geertz 1973:5). For at det skulle vere mogleg for meg å tolke så mykje meining som mogleg ut av det materialet eg har samla inn, var det viktig for meg at eg kunne forstå så mange som mogleg av dei teikna som informantane sendte ut.

Sjølv om eg har hatt ei interesse for tatoeringar gjennom heile livet, og i løpet av den fyrste tida eg arbeida med masteroppgåva mi tileigna meg ein del kunnskap, var det mykje eg ikkje viste om temaet då eg byrja innsamlinga av intervjumaterialet.

I dag har tatoeringar fått meir eit "mainstream" -preg, men framleis er det personar som tatoerar seg for å markere at dei er ein del av eit miljø. Desse miljøa har eigne kodar. Antropologen Sidsel Saugestad skriv at det at ein har ein felles kode er føresetnad for at ein skal oppnå god kommunikasjon, og legg til at om ein er kjent med den sosiale grammatikken

kan ein få svar på spørsmål ein ikkje har stilt og som ein *aldri ville hatt innsikt nok til å finne på å spørre om* (Saugestad 1997:192).

For ein forskar vil feltarbeidet handle nettopp om *å eksponere seg for ukjente meningsunivers og å lære mening*. Det var det Sidsel Saugestad gjorde då ho gjorde feltarbeid i ein gatestubb i ein landsby i Nord-Irland. I artikkelen ”*Fortolkingens forløp*” (1997) visar ho til korleis det ho i byrjinga trudde var dugnadsaktivitet og våronn i hagen, eigentleg var ein del av ulike politiske markeringar i konflikten mellom protestantar og katolikkar i Nord-Irland. Ved at innbyggjarane i landsbyen kalka veggane og måla listene rundt vindauga før merkedagen tolvte juli markerte dei at dei hadde felles verdier. Då Saugestad knekte denne koden vart det lettare for ho å forstå andre handlingar som vart gjort, men like viktig var det at då ho utførde dei same handlingane, som å kalke veggane og måle lister rundt vindauga, opplevde ho det som at ho vart integrert som ein del av nabolaget (Saugestad 1997).

For min eigen del trur eg at den kjennskapen eg har til miljøet rundt diverse musikksgangrar som blomstrar utanfor hitlistene har vore med å hjelpe meg med å få svar på spørsmål eg aldri ville stilt. Det var i tatoveringsstudioa eg opplevde det som at det kunne vere fleire kodar det var vanskeleg å knekkje.

For ein forskar er det også viktig å vere merksam på den statusen ein vert tildelt i feltarbeidet. Saugestad fortel frå sitt feltarbeid i det religionsdelte Nord-Irland at då ho fortalde dei lokale innbyggjarane at ho var norsk, vart ho automatisk plassert i kategorien Lutheranar eller Protestant. Dette er med på å låse forskaren i ein posisjon som ikkje er nøytral (Saugestad 1997:200). Sjølv opplevde eg ikkje dette som noko dilemma enno, kanskje fordi eg var merksam på problemstillinga. Det er lett for at somme av informantane eg nytta kan ha oppfatta meg som han som ein gong arbeidde i butikken like ved, broren til ein kompis, eller at eg kan vart oppfatta som han som informanten var på rockekonsert saman med. Dette har gjort at eg på den eine sida har fått god kontakt med informantane, men dilemmaet blir at informantane sjølve kanskje ikkje er merksame på at eg kjem til å forske på det materialet eg samlar inn. Dette har også gjort det ubehageleg å analysere materialet, etter som eg kjenner godt til somme av informantane og må rekne med å treffe dei igjen i ettertid.

Den profesjonelle rolla som forskarrolla er var også vere eit problem eg måtte vere merksam på i kontakten med informantane. Dei som tatoverar seg for å markere at dei reknar seg som medlemmer av ei marginal gruppe eller at dei står i samfunnet sin periferi vil gjerne sitte på interessant informasjon, ikkje berre om eigne tatoveringar. Den som vert definert som ein del av samfunnet sin periferi vert gjerne sett på som den veike parten i eit samfunn. Dette er personar som har innsyn i både si eiga livsverd og det som vert rekna som den dominerande

parten si livsverd (Saugestad 1997:195-196). Eg måtte vere merksam på at dersom eg som forskar fekk tildelt ein status som ein representant for den dominerande parten kunne det hende at eg ikkje fekk tilgjenge til informasjonen knytt til den perifere gruppa.



**Tatovøren Louis Molloy i djup konsentrasjon.**

## Kapittel 3. Inkslingers<sup>2</sup> og Hellraisers<sup>3</sup>

### 3.1 Bransjeutvikling

For dei av oss som seier oss nøgd med naturleg pigmentering i huden, kan det å kome inn i eit tatoveringsstudio kjennast like spanande som å gjere entre i eit framand land. Mytene om kven som er den typiske tatoveringskunden kan farge forventningane om kven ein skal treffe der inne. Sjølve butikklokalet er oftast ljost og reint og minimalistisk innreia. Her finn ein katalogar som viser eit utval av standardmotiv som tatovøren tatoverar, oppslag som viser at lokalet er godkjent for tatoveringsverksemd og prisliste for tatovering og piercing. Men i eit tatoveringsstudio er det ikkje butikklokalet som er det mest interessante, det er på bakrommet det skjer.

I 1863 vart det fyrste profesjonelle tatoveringsstudioet i Skandinavia opna i København i Nyhavn nr. 17. Dette studioet er framleis i drift og vert i dag rekna som verdas eldste tatoveringsstudio. Men allereie i 1846 opna den tyske immigranten Martin Hildebrandt det som var rekna som verdas fyrste profesjonelle tatoveringsstudio i USA. Siv Ellen Kraft sine kjelder fortel at det låg i New York (Kraft 2005), medan Birgitta Svensson sine fortel at det var Boston (Svensson 1998). Eit søk på Internett er like lite oppklarande, begge byar er nemnt på omtrent like mange nettstader og det illustrerar litt av vanskanane med å dokumentere tatoveringssoga. Heimesida til New York Guides er likevel dei som går lengst i freistnaden på å lokalisere Hildebrandt sin praksis, dei hevdar studioet låg i Oak Street på nedre Manhattan ([www.nymag.com](http://www.nymag.com)).

Siv Ellen Kraft skriv at den norske tatoveringsmarknaden i byrjinga var marginal og at det var omreisande tatovørar frå våre naboland som stod for det som var av aktivitet. Det fyrste permanente tatoveringsstudioet i Noreg opna i Oslo midt på 1970talet, utan at ein er heilt sams om kven som var opphavsmannen. Både Hells Angels medlemmen Jørn Alsaker og eit dansk brødrepår ved namn Mikael og Bo Kristensen er utpeikt som dei fyrste som dreiv permanent tatoveringsverksemd her til lands (Kraft 2005:39).

---

<sup>2</sup> I utanlandske tatoveringsmagasin er tatovørar gjerne omtala som "Inkslingers". Eg går ut frå at dette skal spele på "Gunslingers", revolvermann og er knytt til den outlawmyta som tatovørar hevdar dei likar å framheve.

<sup>3</sup> Overskrifta er inspirert av ZZ Top låta "Beer Drinkers & Hell Raisers", (Billy Gibbons; Dusty Hill; Frank Beard) Hammerstein Europe Ltd 1980.

### **3.2 Tatoveringslandskapet i Bergen**

Siv Ellen Kraft skriv at det fyrste tatoveringsstudioet i Bergen var *Let's buzz* som vart opna av Thomas Brudvik i 1991. Studioet låg sentralt plassert i Tverrgaten i Marken og må ha vore eit etterlengta tilbod, for Brudvik fortel til Kraft at han i byrjinga hadde opptil fem månaders ventetid for dei som ville ha utført ei tatovering. Frå 1997 til 2005 låg studioet i Vestre Strømkai, men har no flytta attende til ljose lokale i Tverrgaten (Kraft 2005:26).

Ein anna aktør som tilbyr tatovering mellom dei sju fjell er den alternative venleiksklinikken *Witchy Bitchy*, som held til i eit fargerikt lokale øvst på Nikolaikirkeallmenningen, eller i *Witchy Bitchy Bakken*, som skiltet på studioet sin yttervegg kallar adressa. *Witchy Bitchy* som opna i Bergen i 1994, driv, i tillegg til tatovering og piercing, ein New Age Shop med eit stort utval av smykke, bøker, postkort, filmar, tarrotkort og kompaktplater for dei som søker etter ein alternativ livsstil (Kraft 2005:27).

Elles er det to andre profesjonelle tatoveringsstudio i byen, *Au tattoo og piercing* som held til i Jonsvollsgate og *Leading Light* som har vore i Strandgaten sida 1997.

Siv Ellen Kraft fortel også at i tillegg til dei ovanfor nemnte studioa skal det vere minst fire undergrunnsstudio i byen. Dette er studio som er meir tilbaketrekte og opererer i ei sfære mellom det offentlege og private (Kraft 2005:40). Dette kan sjå ut som ein praksis litt som når nabofrua klipte håret mitt i gamle dagar.

### **3.3 Utdanning**

Den franske sosiologen Pierre Bourdieu har problematisert kapital som eit resultatet av akkumulert arbeid og noko som potensielt skal skape ei form for profitt for innehavaren. Kapital er tilgjengeleg for folk flest, men i fleire ulike former (Bourdieu 2006:5). Bourdieu har valt å dela kapitalen inn i tre ulike former; økonomisk, kulturell og sosial kapital (ibid. 8).

For dei fleste av oss "vanlege" samfunnsborgarar vil det vere viktig at vi oppnår ei form for institusjonell godkjenning av den kulturelle kapitalen vår og Bourdieu ser objektiveringa av kulturell kapital i form av akademiske kvalifikasjonar som ei institusjonalisering av kulturell kapital og han forklarar at det er når den kulturelle kapitalen får institusjonell godkjenning at det vert mogleg å samanlikne dei som har kvalifikasjonane. Det er også mogleg, gjennom at det vert garantert for pengeverdien av akademisk kapital, å etablere konverteringssatsar til økonomisk kapital, noko som gjer det mogleg for oss å veksle inn den kulturelle kapitalen vår på arbeidsmarknaden (Bourdieu 2006:15).

I Shreveport, Louisiana i USA ligg det ein skule, Tattoo School, som hevdar dei har utdanna tatovørar sidan 1968 og reklamerar med å vere den einaste tatovørskulen i verda ([www.tattoo-school.com](http://www.tattoo-school.com)). Men dei fleste tatovørane i verda har lært kunstane sine andre stader og det er inga formell utdanning for dei som vil inn i yrket, det er heller ingen etablerte fagmiljø som forskar på nye tatoveringsteknikkar eller publiserar artiklar om kva fargepigment som varar lengst utan å bleikne.

Ein av informantane mine fortel at for dei som vil ha tatovering som yrkesveg er det to vegar inn i yrket. Mange byrjar i "lære" hjå ein etablert tatovør og når ein, etter å ha lært seg å bruke utstyret og ulike tatoveringsteknikkar, vert vurdert som flink nok kan ein enten starte sin eigen praksis eller gå over til å arbeide som vanleg tilsett. Den andre måten å verte tatovør på er det som han kallar "the hard way", at ein går til innkjøp av tatoveringsutstyr og byrjar å tatovere på eiga hand. I det siste tilfellet er det ofte ein sjølv eller gode vener som vert nytta som kanvas til ein får skikkeleg dreisen på faget og kan ta seg betalt for å tatovere andre.

Dei to tatovørane eg har intervjuar er representantar for kvar sin inngang til yrket. Tatovøren Jørn fortel at

*...eg gikk i lære hos N.N (arbeidsgjevar) i, ja, vel et års tid, eller noe sånt, før eg (...) begynte å tatovere. (...). Min bakgrunn er...eg har bakgrunn fra Kunstskolen i Bergen og Kunsthøgskolen. Eg er utdannet der (...), men (...) du trenger ikkje det (...), det er bare å lære det. Det er ikkje noe fagbrev eller noe som helst, men selvfølgelig er det jo en fordel å vere god å tegne, være kreativ og...så lære seg (...) kossen bruke utstyret korrekt (Intervju, 2 del 1 01:00-02:00).*

Det at han har vore student ved kunsthøgskulen skulle borge for at han kan teikne, det vert likevel framheva at det ikkje er naudsynt med ein slik bakgrunn og at dei ikkje får fagbrev. Det vil likevel vere nokon som vurderar han som god nok til å tatovere på eiga hand. I dette tilfellet betyr det at han får institusjonalisert kapitalen sin gjennom andre kanalar enn det samfunnet elles aksepterar.

Den andre tatovøren eg har intervjuar, Nils, er sjølv lært og forklarar om yrkesvalet sitt at:

*...jeg har egentlig bare alltid likt å tegne og...så gikk jeg et år på tegnelinje etter niende klasse på skolen og at jeg begynte med tatovering var vel helt tilfeldig. (...) jeg tok min første (tatovering) da jeg var seksten selv da og ble helt bitt av det med en gang...og så mange av vennene mine som ville ha meg til å begynne selv da...siden*



*jeg hadde tegna så mye og sånne ting. Håpa vel dem kunne få det litt billigere. (...). Det var sånn det begynte, og så han jeg tatoverte meg hos, da, der fikk jeg kjøpt noe utstyr av han (...), og så begynte jeg bare å lære meg selv (Intervju 3 01:00).*

Når han til slutt har øvd seg på seg sjølv lenge nok til at han kan gje seg i kast med venene sine er det dei, som gjennom at dei seier seg viljug til å la han tatovere dei, som vurderar han som ein god nok til å vere tatovør.

Om ein tek utgangspunkt i Bourdieu sine tankar om dei ulike formene for kapital ser ein at gjennom at aktørane i tatoveringsmiljøet opererer utanfor etablerte utdanningssystem så etablerar dei andre kanalar for verdsetjing av kvalifikasjonane sine enn dei det etablerte samfunnet godkjenner. Dette gjer at dei sjølve er med å definere kva som er kriteria for den kulturelle kapitalen deira, men det er også medverkande til at dei kan få problem med å innløyse den kulturelle kapitalen sin i økonomisk kapital om dei vil freiste å operere innom dei rammene som er etablerte og aksepterte av storsamfunnet.

Men det er vel berre å sjå i augo at ikkje alle av oss passar inn i den malen som er skissert i det etablerte samfunnet. Jørn seier i alle fall at:

*...eg kunne jobbet i et reklamebyrå og sånn, men då, liksom, da hadde eg stort sett sittet og gjort ting som eg ikkje hadde noe interesse av selve motivet (Intervju 2, del 2 01:00).*

Ut frå sin eigen kjennskap til reklamebransjen og dei oppdraga han kunne forvente seg å få der vurderar han jobben som reklameteiknar som uinteressant for han.

### **3.4 Lovregulering**

I grannelandet vårt i sør, Danmark, trätte ”Lov om Tatovering” i kraft 15. juni 1966. Tre kortfatta paragrafar slår fast at for den som tatoverar personar under atten år, eller tatoverer hovud eller hender, vankar det bøter eller fengselsstraff. Lova gjeld berre for det danske fastlandet og ikkje for Grønland og Færøyane.

I Noreg stod ein lenge utan eit skikkeleg regelverk for tatoveringsbransjen, men i 1998 kom ”Forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet” frå Sosial- og helsedepartementet. Her vart tatovering definert som: *Med spiss gjenstand å risse eller stikke i hud for å tilføre farge i hudens dypere lag.*

Denne forskrifta skal sikre at det er tilfredstillande hygieniske forhold i verksemder som ligg under dei ovanfor nemnte bransjane med mål om å førebygge overføring av

smittsame sjukdomar. Forskrifta slår fast at tatoverings- og hulltakingsverksemd (piercing) berre kan utøvast frå lokale som er godkjent av det lokale kommunestyret. Det er ikkje høve til å drive tatovering utandørs eller ved omreisande verksemdar som tivoli. Generøst nok opnar forskrifta for at det kan gjevast dispensasjonar ([www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)) og vonleg var papira i orden då Marie Limevåg vart tatovert på musikkfestivalen Hovefestivalen ved Arendal i juni 2007. Den nittenårige festivaldeltakaren opplevde at straumforsyninga svikta midtvegs i tatovøren sitt arbeid med tatoveringa hennar. Bergens Tidende rapporterar om nervøs stemning blant både kunstnarar og lerret, men straumen kom attende og alle involverte fekk tatoveringane sine ferdige før festivaltelta vart pakka saman ([www.BT.no](http://www.BT.no)).

§7 slår fast at den som driv verksemd omfatta av forskrifta skal informere om eventuelle farar for infeksjonar, allergiske reaksjonar og at dei ikkje tatoverar personar som er særleg utsatt for smitte. Det er også krav om at dei forsikrar seg om at den som vert tatovert forstår innhaldet i informasjonen og det er vanleg at studioa krev skriftleg samtykke.

Frå 1. januar 2009 er den ovanfor nemnte forskrifta supplert med ”*Forskrift for produksjon, import og omsetning mv. av tatoveringsprodukter og andre produkter til injisering i huden i kosmetisk hensikt*” frå Helse- og Omsorgsdepartementet. Her slår § 1 fast at: *Formålet med forskriften er å medvirke til at tatoveringsprodukter og andre produkter til injisering i huden i kosmetisk hensikt er helsemessig sikre for mennesker og dyr.*

Forskrifta slår også fast at det er forbode å utvikle, distribuere, importere, eksportere og omsetje produkt som ikkje er helgemessig sikre. I § 4 vert det òg lista opp ei rekke forbodne fargestoff som kan vere kreftframkallande, eller er rekna som legemiddel osv.

Etter som lovregulering oftast er ein konsekvens av eit behov er det grunn til å tru at lita utbreiing av tatovering i Noreg har vore medverkande til at lovverket lèt vente på seg her til lands, og at den aukande marknaden har pressa fram eit regulerande regelverk.

### **3.5 Ethiske grenser og hierarkiske strukturar**

Det regelverket som vert praktisert i Noreg i dag har ikkje noko forbod eller påbod når det gjeld utforminga eller plasseringa av tatoveringsmotiv. Norsk forskrifter inneheld ikkje ei nedre aldersgrense slik som i Danmark og teknisk sett er det fritt fram for alle å tatovere seg, dei tatoveringsstudioa som er med i *Norsk Tatoveringsforening* forpliktar seg til å praktisere ei nedre aldersgrense på atten år (Kraft 2005).

Tatovøren sjølv står med det i praksis fritt til å tatovere dei personane han ynskjer. Han kan òg tatovere det motivet han vil der han vil. På spørsmål om det er motiv dei ikkje

tatoverar er begge dei tatovørane eg har nytta som informantar snar med å påpeike at dei ikkje tatoverar hakekors eller andre rasistiske motiv. Tatovørane praktiserar med det ei form for moral ved at dei set ei etisk grense for kva tatoveringsmotiv andre skal gå med. Det vert frå den eine tatovøren si side framheva at dette er noko dei gjer fordi at sjølv om dei ikkje sjølve skal gå rundt med rasistiske motiv, vert motivet heftande ved studioet der det er tatovert.

Den eine av informantane legg også vekt på at sjølv om han tatoverar det meste, unnateke dei rasistiske motiva som er nemnt ovanfor, vil han gjerne ha eit ord med i laget både når det gjeld plassering og storleik på tatoveringa når det kjem unge, utatoverte kundar inn i tatoveringsstudioet. Han seier:

*”Det er kanskje litt sånn at hvis folk kommer og nettopp har fylt atten år og har ingen tatoveringar og så kommer de inn og skal ha en stor her på halsen. Så blir det litt sånn der hierarkiaktig (...), man begynner ikkje sånn. Begynn på en annen måte for å finne ut om dette her er nokke for deg.”*

Det er med andre ord ikkje berre å troppe opp i tatoveringsstudioet og bestille seg eit heildekkande eventyrmotiv. Tatovøren er på det viset med å medvirke til at ein hierarkisk struktur vert oppretthaldt blant dei tatoverte og at ein må gå gradene i tatoveringsmiljøet.

### **3.6 Tatovøren sitt arbeidsutstyr**

Kundane i eit moderne vestleg tatoveringsstudio kan vente seg å verte motteken i eit reint og hyggeleg lokale der tatovøren nyttar hanskar og sterile nåler for å utføre arbeidet sitt. Men der tradisjonelle tatoveringar i tusenvis av år har blitt gravert inn i huda på folk med ulike spisse gjenstandar, er den moderne tatovøren blitt elektrifisert.

I blad retta mot tatoveringsmiljøet, finn ein annonsar der leverandørar av tatoveringsutstyr frambyr varene sine, og oppstartskostnadane for ein som vil prøve seg i tatoveringsbransjen kan synast overraskande låge. *Cold Steel Tattoo Suplies* i Danmark ser ut til å kunne utruste eit tatoveringsstudio for under tjue tusen kroner, inkludert steriliseringsutstyr og ein stol som ikkje ser altfor ukomfortabel ut.

Den fyrste tatoveringsmaskina vart patentert av Samuel O'Reily i New York i 1891. For ein person utan særskilte teknisk kunnskap er det vågalt å gje seg ut på lengre skildringar av dei tekniske prinsippa for maskina, men enkelt forklart vert tatoveringsnåla driven fram og attende i ein sylinderaforma haldar av ein elektromotor og ei fjør. Maskina var ei lett modifisering av opphavsmann til ljospæra og grammofonen, Thomas A. Edison, sin

stensilpenn frå 1875. Formålet med den maskina var å gjere det lettare for ein hurtig framveksande tekstilindustri å farge ty. Fordelen med tatoveringsmaskina var at tatoveringane kunne utførast raskare, meir presist og meir hygienisk enn tidlegare. Maskina var med å gjere tatoveringar lettare tilgjengelege for mannen i gata, noko som resulterte i at det tatoveringar måtte ha av eksklusivitet forsvann. Det vert hevda at etterspurnaden etter elektriske tatoveringsmaskiner var med å gjere oppfinnaren rik (Hesselt van Dinter 2005:48, Schiffermacker 2005:8). I dag får ein til og med oppladbare utgåver som ein kan nytte om ein vil tatovere ein annan stad enn der ein arbeider til vanleg, som polynesiske tatovørar som gjerne forlèt studioet sitt for å tatovere under palmane på stranda. Likevel har ikkje oppfinninga nådd ut til alle verdshjørne. Ein av informantane mine fortel at han vart tatovert med pedaldreven tatoveringsmaskin i Japan så seint som på 1980talet. Det skal ha vore i smertefull oppleving der tatovøren i tillegg stakk mønsteret manuelt med nåler der maskina ikkje strekte til.

Men for at ein skal kunne lage ei tatovering, er det ikkje nok eit ein har ei tatoveringsmaskin, ein lyt setje farge på tilværet også. På den fronten har det vore endringar dei siste åra, til det betre. Tatovøren Jørn forklarar om det tatoveringsblekket dei nyttar i det tatoveringsstudioet han arbeider i at:

*...det blekket som brukes no er jo mye bedre og enn det...altså gamle sjømenn brukte jo skokrem tynnet ut med sprit til han ble flytende...klart at det inneholder masse stoffer som kroppen egentlig ikke vil ha i seg, som kroppen støter fra seg (...) mens no består jo reint blekk av naturlige ting, (...) nettopp for at kroppen ikke skal støte det fra seg og ellers sitter det...så denne her (tatovøren si eiga tatovering) vil jo se mye bedre ut om ...om førti år enn det en som ble gjort for tredve år siden gjorde etter ti (Intervju 2 23:00-24:00)*

Det kan hende at desse framstega, både på helsefronten og på den estetiske fronten er medverkande til tatoveringskunsten sin aukande aksept blant vanlege folk. Det kan vere vanskeleg å førestille seg at folk vil sitje i tatoveringsstolen i timevis og ha det vondt viss resultatet er ei dårleg tatovering som endar i infeksjonar eller bleiknar og vert stygg etter kort tid.

### 3.7 Sjangrar og kategoriar

Dei ulike motiva som tatoveringsstudioa tilbyr kan grovt delast i tre hovudkategoriar. Dei fleste tatoveringskundane sitt fyrste møte med eit tatoveringsmotiv er det som vert kalla *Flashmotiv*. Dette er motiv ein finn i katalogar som ligg lagt fram i tatoveringsstudioa, eller som kan lastast ned frå Internett. Tatoveringsstudioa kjøper inn desse motiva frå andre tatovørar og dei er merkte med copyrightmerke. For dei som vart tiltrudd å forvalte rettane til motiva frå den legendariske tatovøren Sailor Jerry, eigentleg Norman Collins, som tatoverte på Hawaii fram til han døde i 1973, er dette i dag stor industri.

Når tatovøren får i oppdrag å teikne eit motiv spesielt for kunden vert det kalla *Custommotiv*. I slike tilfelle opptrer den teiknekyndige tatovøren som tatoveringskunden sin forlenga arm og projiserar ut kunden sine tankar om korleis dei vil dekorere seg, fyrst på papir, sidan på kunden sjølv.

Den tredje kategorien tatoveringsmotiv har kunden sjølv med seg inn i tatoveringsstudioet med ynskje om å få det spesielle motivet tatovert på kroppen sin. Dette er gjerne motiv som i utgangspunktet ikkje er tenkt som eit tatoveringsmotiv. Som ein av tatovørane framhevar, kan det vere bilmerket Opel sin logo, eller noko liknande.

Det vert frå tatovørhald framheva at sjølv om det ikkje er noko formell utdanning med standardiserte kvalifikasjonar, er ein avhengig av at ein har eit godt rykte. Eg har fått vite frå tatoverte informantar at det vert snakka i tatoveringsmiljøet, både om kva studio som er bra og kva tatovørar som er dugande. Det må vere grunn til å tru at ein tatovør som får ord på seg som ein dugande Customteiknar vil tiltrekkje seg andre, meir kresne kundar enn dei tatovørane som berre tatoverer flashmotiv som er innkjøpt og andrehands.

Elles vert dei ulike motiva delt i ulike stilartar. Når ein person fortel at han har *Old School* tatoveringar tyder det at motiva er inspirert av dei gamle motiva ein forbind med gamle sjømenn og at ein har freista å etterlikne fortida sin tatoveringsteknikk med breiare og meir markerte strekar enn det som er vanleg i dag. Dagens *Old School* motiv er likevel tilpassa ein moderne tatoveringsmarknad. Som eit motstykke til Old School vert tatoveringar med moderne uttrykk ofte kalla *New School*. Betre utstyr og nye teknikkar gjer at dagens tatovørar kan framvise stor detaljrikdom i motiva sine.

Motiva som vert omtalt som *Tribal* er inspirert av tradisjonelle motiv frå fjerne himmelstrok. Det er gjerne motiv henta frå Maoriar eller andre polynesiske folkeslag som er utgangspunktet. Men opphavsmannen til motivet står fritt til å kombinere element frå ulike kulturar og stammesamfunnet sine opphavlege tydingar er borte. Det tyder ikkje at beraren ikkje legg stor tyding i motivet sitt.

### **3.8 Korleis pleie ei tatovering?**

Det er ei almen oppfatting at tatoveringar varar for alltid, men dette er ikkje heilt sant. For at ei tatovering skal halde seg frisk og fin i år etter år, må ho pleiast nennsamt. Spesielt i byrjinga er det viktig at ein steller med seg sjølv og tatoveringa si og dei fleste tatovørane gjev gode råd på vegen. Ted Polhemus gjev i si bok ”*Hot Bodies, Cool Styles. New Techniques in Selfadornment*” (2004) ei grei oversikt over korleis dette skal gjerast.

Polhemus skriv at dei fyrste timane etter at ein er ferdig hjå tatovøren er det viktig at ein dekker til tatoveringa for å unngå infeksjonar. Etter at dekket er tatt av, vaskar ein grundig med lunka vatn og såper og sørgjer for å halde tatoveringa borte frå smuss og skit, maling og olje. For å hindre tatoveringa å tørke ut bør ein smørje med uparfymert hudkrem minst to gonger om dagen til huda er grodd. Ein bør òg unngå å symje i salt- eller klora vatn, så det er best om ein held seg borte frå symjehallen dei om lag fjorten dagane som trengst for huda å kome attende til normal tilstand (Polhemus 2004: 166).

Informanten Knut Erik framhevar at han meiner det at han var særst nøye med å pleie tatoveringa si på den måten som vart føreskriven av tatovøren hans, er medverkande til at tatoveringa hans i dag ser forbausande bra ut nesten tretti år etter at ho vart gjort.

### **3.9 Fordomar**

Det å vere tatovør er ikkje den vanlegaste yrkesvegen ein kan slå inn på. Det at ordet tatovør enno ikkje er på plass i den norske ordlista vitnar om det. Eg fann det naturleg å spørje tatovørane om det hender dei møter fordomar knytt til yrket sitt. Jørn visar ein episode som oppstod då han skulle tatovere to unge jenter:

*Det går mer på sånn (...) Eg hadde for eksempel to jenter som kom inn her og (...) skulle tatovere seg og så...kom de inn her og liksom, ja, de hadde signert på papiret som de må signere og så kom de inn og så stod eg akkurat og tegnet til de og så snudde eg meg og sa: ja, vi skal være der inne og så såg de på meg og bare: Er det du som skal tatovere meg, liksom. Eg bare: Ja. Liksom. Med mindre du har et problem med det (...) og så: Å ja, du tatoverer. Eg såg for meg en tjuv med...med langt skjegg og...(Intervju 2 09:00).*

Dei to jentene hadde vanskar med å sjå for seg at han, ein mann midt i trettiåra og med ganske så vanleg utsjånad, om ein ser bort frå alle tatoveringane, skulle vere den som tatoverte dei. Dei hadde sett for seg at personen som skulle gravere eit motiv i huda deira var ein stor,

overvektig ”biker”, med langt skjegg. Den aktuelle tatovøren såg rett og slett for alminneleg ut for dei unge jentene og han utdjupar:

*De meinte eg var altfor (...) tynn og (...) såg altfor normal ut til å begynne med tatovering. Det er kanskje mest den veien fordommene går. Det er veldig sjelden at eg treffer folk som (...) sier at (...) driver du med det. Det passer seg ikkje. Men det er en del som er overrasket over at det er en jobb (Intervju 2 10:00).*

Det er vanskeleg å seie noko om det ville hefta mindre fordomar mot tatoveringar og tatovørar om det vart praktisert som ein hobby.

Også tatovøren Nils kan fortelje om opplevingar i møte med andre. Han seier at det:

*...kommer litt an på aldersgruppen på en måte (...). Hvis det er unge folk, så: ah, du driver med tatovering, så kult, liksom...mens eldre er da, liksom: så du tatoverer, eller sånn. Det blei ikke sett på som noe...de hadde litt mer fordommer mot det, virker det som, da, sånn før de møtte deg og sånn, og da...de bare danna seg bilde av en kjempestor, tjukk, hårete biker. Det var det de så for seg med en gang, liksom, hvis noen som sa at en kamerat driver med det og det, eller et eller annet... Mens nå er det mye mer vanlig, virker det som, eller folk reagerer ikke. Det er bare: Jøss så bra, og...Det er sikkert fordi det er blitt mer almen godkjent på en måte, tror jeg, de siste åra (Intervju 3 11:00-12:00).*

Nils framhevar at tatoveringar er blitt meir almen akseptert som ei forklaring på kvifor han møter mindre fordomar mot yrket sitt. Han peikar også på at ungdom er mindre skeptisk enn dei eldre som ofte har hatt ei førestilling om at tatovøren er ein del av MC-miljøet.

Niels Kayser Nielsen skriv at det er vanleg for dei som har den same kulturelle kapitalen å skape det han kallar ein *social indhegning* der ein vernar om felles verdiar. Dette vert gjort for å hindre at verdien av den felles kulturelle kapitalen ikkje vert fôrringa (Kayser Nielsen 1997:100). Større aksept for tatoveringar og fleire tatovørar er i dag medverkande til at det ikkje er like lett å hegne om den felles kulturelle kapitalen tatovørar har.

### **3.10 Myta om dei andre**

Som eg har nemnt tidlegare vert det i dag hevda at tatoveringar er i ferd med å verte eit nesten folkeleg fenomen og at det er personar frå alle samfunnslag og grupper som søkjer seg til

tatoveringsstudioa i dag. Når eg spør dei tatovørane eg har intervjuet om dei rettar praksisen sin mot spesielle kundegrupper eller miljø, får eg negative svar. Den norske tatoveringsmarknaden vert sagt å vere for liten til at det løner seg med slike spesialiseringar. Tatovøren Nils forklarar at:

*...det er ikke det største markedet da, ikke sant. Det er et såpass spesielt yrke, så det er liksom ikke, du har liksom ikke så veldig mulighet for å rette det mot en enkel gruppe, du må liksom ta alt for å overleve i det (Intervju 3 13:00).*

Marknaden er med andre ord ikkje stor nok for ein ekstravagant livsstil og ein har ikkje råd til å takke nei til oppdrag. Det er likevel interessant å merke seg, som det vert lagt til i eit anna intervju, at:

*...i måten vi profilerer det (...) ka type motiv vi velger, så profilerer vi oss kanskje mer mot folk som er interessert i tatovering og historien bak (...). Selv om vi skal henvende oss til alle, ser er det (...) mer interessant å (...) beholde litt av den outlaw(...)delen av det å tatovere (Intervju 2 15:00).*

Sjølv skildrar denne tatovøren dette som eit heilt vanleg marknadsføringstriks. Det det handlar om er at dei gjer sitt for å marknadsføre tatoveringar som eit produkt som er litt meir spesielt enn det eigentleg er. Dette er noko han hevdar er vanleg for alle produkt som skal seljast i ein kommersiell marknad.

Eriksen og Selberg viser i *Tradisjon og fortelling* (2005) til Ole Matson sine innsamla forteljingar om dei finske innvandrarane i grensetraktene mellom Noreg og Sverige på 1600talet. Finnane snakka eit anna språk, hadde andre skikkar og dreiv ei anna form for jordbruk enn nordmennene i området. Det at finnane var annleis fekk nordmennene til å tru at finnane også dreiv med trolldom, noko som gjorde at dei freista å halde seg på god fot med finnane. For finnane var det viktig å oppretthalde denne myta og dra nytte av nordmennene si godvilje (Eriksen og Selberg 2005:98).

Tatovøren er også ein mann som, om han er tatovert og viser tatoveringane sine, ser annleis ut enn ”mannen i gata”. Han driv også eit yrke som for dei fleste vil framstå som litt uvanleg. Om han er med å oppretthalde statusen sin som litt uvanleg og eksotisk vil det truleg framstå som meir spanande enn det er og tiltrekke seg kundar som er på jakt etter ”a walk on the wild side”.



### 3.11 Tatovøren som terapeut

Informanten Jan fortel om då han fekk den andre tatoveringa si, at: *då traff eg ho som er blitt tatovøren min...som eg meiner skal tatovera meg resten av livet* (Intervju 4 04:00). Siv Ellen Kraft stadfestar også at det er mange tatoveringskundar som får eit personleg forhold til tatovøren sin. Ho skriv at: *Mange snakker som sin tatovør som en enestående kunstner og bare denne tatovøren som verdig deres hud* (Kraft 2005:52).

Kraft hevdar vidare at tatovørar gjerne får høyre sær private forteljingar når dei tatoverar og at somme tatoveringsseansar nesten kan ha preg av skriftesakramentet. Ho hevdar vidare at den personlege kontakten også er viktig og vert vektlagd av tatovørane. Dei fortel at dei må kjenne kunden for å kunne skape personlege bilete, og at det å roe ned kunden og få han til å slappe av vert rekna som ein del av jobben (ibid.).

Tatovøren Jørn fortel om forholdet sitt til sine tatoveringskundar:

*Du blir jo kjent med mennesket, du finner ut av mye med mennesker for folk åpner seg enormt mye. Eg tror det har veldig mye med...med det at eg sitter og...og faktisk tar på folk og går bokstavlig talt inn under huden på folk, (...) og (..) det gjør at folk...eg tror det innbyr til en tillit, på en måte, som gjør at folk åpner seg. Sånn i verste fall så har eg måttet stoppe folk og sagt at no...no er vi vel langt inne på ditt private...altså, når folk begynner å legge ut om ...om ting som eg føler at: det her...trenger eg ikkje vite om. Hvis eg syns at det blir ubehagelig, så stopper eg de... (Intervju 2, del 2 04:00-05:00).*

Men han presiserar at det ikkje er ofte han har kjent kunden sine fortrulege forteljingar så påtrengande at han har vore nøydt til å stogge dei. Vanlegvis går praten greitt og uanstrengt og han framhevar at han elles snakkar med kundane sine om det meste, inkludert fotball, eit felt han innrømmer han ikkje har mykje å tilføre på. Han forklarar at han kjenner att den rolla han vert tildelt av tatoveringskundane frå andre delar av næringslivet, og då gjerne servicenæringa. Han seier at:

*det er sånn, folk tenker den klassiske...folk går til frisøren... eller til bartenderen for å (...) ventilere litt, og det gjør de i aller høyeste grad her også, så det (...) man finner ut av mye folk, så det...sikkert hvis man går psykologi så tror eg...tror eg et år her hadde gjort mye (Intervju 2, del 2 05:00).*

Kundane ser tatovøren som ein dei kan opne seg for, ein som har tid til å lytte til det dei måtte ha på hjarta. Jørn hevdar at jobben gjer han til ein menneskekjenner og kanskje ser han på seg sjølv litt som ein privatpraktiserande legpsykolog.

Ein tatovør Kraft har intervju framhevar at det at han sjølv har erfart kva det vil seie å få ei tatovering gjev han autoritet på området og at dette er medverkande til at kundane opnar seg for han (Kraft 2005:53).

Når Jørn samanliknar det å vere tatovør med den rolla andre arbeidstakarar som driv med handel får, seier han:

*...hvis du selger (...) en laptop til noen så er det liksom...ja, du betaler penger og så går du, (...) men når folk tatoverer seg så er det på en måte...det er veldig mange som får et slags, (...) ja, (...) et litt takknemlig forhold til deg, for du har på en måte gjort noe som kanskje de har tenkt på veldig lenge (Intervju 2, del 2 06:00)*

Av ei eller anna ubestemmeleg årsak får folk ei kjensle av eigeomsrett til tatovøren sin. Elles kjenner eg også til folk som går til den same bilseljaren gong etter gong, sjølv om mannen har skifta arbeidsplass og bilmerke fleire gonger sidan sist dei kjøpte bil, men det er sjeldan ein høyrer om folk som har det same forholdet til den som sit i kassen på supermarknaden. Dette kan sjå ut som eit aspekt av den tilliten til ekspertsystem som Anthony Giddens hevdar er avgjerande i moderniteten. Giddens skriv at:

*Tilliten er uttrykk for en kalkulering av fordeler og risikoer i situasjoner hvor ekspertviten ikke bare tilveiebringer selve beregningen, man faktisk skaper universet av begivenheter som et resultat av den uavbrutte refleksive anvedelse av den samme viten (Giddens 1997:65).*

Når me handlar i supermarknaden må me ha tillit til at personen i kassen kan operere kassaapparatet, men det er òg mogleg for oss, gjennom kviteringslappen og prisoppslag i butikken å kontrollere at sluttsummen er riktig. Når ein handlar bil, eller får ei tatovering er ein i langt større grad avhengig av den profesjonelle sine kunnskapar eller ferdigheit.

Det å få seg ei tatovering er ofte ein tidkrevjande prosess og kan hende somme av tatoveringskundane tilbringer meir tid med tatovøren i den tida det står på enn med ektefellen. Jørn seier at:

*...hvis det er en svær ting så sitter du kanskje sånn i tjue timer til sammen og jobber med det, sant og då...og då kan du bli ganske godt kjent med et menneske (Intervju 2, del 2 06:00-07:00).*

Når tatovøren jobbar så tett på tatoveringskunden vert han ein aktiv deltakar i kunden sin prosess med å skape seg ein ny identitet.

Siv Ellen Kraft har peika på at mange tatovørar får tildelt og identifisera seg med ei rolle som på mange måtar kan likne på sjamanen si. Ho skriv at: *Det å tatovere er en skapende prosess. Den vekker assosiasjoner til gudelignende aktiviteter og i så måte er randsonen passende som setting* (Kraft 2005:54).

Eg finn ikkje slike sjamantrekk hjå mine to tatoverande informantar, men eg har støtt på dei i mine litteraturstudiar elles.

### **3.12 Mannsdominert sone**

Dei to tatovørane eg har intervjuet i samband oppgåva mi, er begge menn. Også i litteraturen, bøker og blad, som presenterar tatovørar og arbeida deira, er det ein stor overvekt av mannlege aktørar.

Men etter kvart er det ein del kvinner som lèt nåla arbeide i skinnet til dei som tør, og i Bergen er kvinnene godt representert blant tatovørane. I Bergens Tidende si nettutgåve frå 12.06.07 fortel *Sandy "Fish" Brudvik* at ho elsker jobben sin som tatovør. *Sandy* er frå Louisiana, USA og ho fortel at ho gjekk i lære hjå *Omar Edmison* i studioet *Ed's Hell*, tok ein omveg om *River City Tattoo* i musikkbyen Austin, Texas, før ho gifta seg med eigaren av *Lets Buzz* i Bergen og byrja å tatovere der. *Sandy* vann prisen "*Best Small*" i konkurransen for små tatoveringar ved tatoveringsfestivalen *Stockholm Ink Bash* i 2004 og er såpass respektert i tatoveringsmiljøet at ho var jurymedlem for dei fleste konkurransane under *Oslo Tattoo Convention* i 2007 (NTM 21:13).

I den bergenske tatoveringsmarknaden er kvinnene i tillegg representert ved dei opphavleg finske systrene *Henny* og *Rina Arling* som står for drifta ved *Witchy Bitchy beauty spot*. Begge damene vert av Kraft omtala som både pierca og tatovert (Kraft 2005:55).

Andre stadar i landet er òg kvinnene representert. Kulturvitaren Anne-Sofie Hjemdahl har i artikkelen *Å være feminin, og kanskje litt tøff samtidig...* (2006), med utgangspunkt i kvinner mellom 18-30 år i Oslo og Akershus diskutert unge kvinner med tatoveringar sine tolkingar av konvensjonell feminitet. Hjemdahl peikar på at den amerikanske journalisten Margot Mifflin har hevda at feminismen sitt gjennombrudd på 1970talet resulterte i at tatoveringane *ble et ledd i kvinnenens arbeid med å redefinere det kvinnelige* (Mifflin 1997:33 i: Hjemdahl 2006:48). I artikkelen har ho snakka med ein kvinneleg tatovør kalla Marianne.

Marianne har i ein alder av tjue år nådd å hauste røymsler nok til å kome med innspel om kjønnskilnader ved val av motiv og plassering. Hjemdahl skriv om Marianne at:

*Arbeidet som tatovør innebærer at hun daglig oversetter folks drømmer og ønsker til bilder, former og farger, og daglig konfronteres hun med kjønnsforståelse gjennom kunder som vil markere identitet og kjønn ved hjelp av tatovering (2006:45)*

Marianne fortel at jenter og gutar ofte vel ulik plassering for tatoveringane sine. Jenter har ofte tenkt meir gjennom kvar dei vil ha tatoveringane sine og plasserar dei på mage, bryst, okla eller i korsryggen, private stader, medan gutar vel offentlege stader på kroppen og her vert armar, skuldrer, leggar og hals nemnt (Hjemdahl 2006:49-50).



Eksempel på framsider av tatoveringsblad

Hjemdahl hevdar at:

*Gjennomgående blir også synlige tatoveringer betraktet som maskuline fordi de befinner seg på offentlige steder på kroppen. Mindre synlige tatoveringer blir ansett som mer uskyldige og feminine (Hjemdahl 2006:49).*

Hjemdahl seier at tatoverte kvinner vert sett på som meir spektakulær enn tatoverte menn og at dette er medverkande til at det i hovudsak er kvinner som prydar framsidene på tatoveringsblad (Hjemdahl 2006:44).

I eit tilfeldig utval eg har gjort av tolv norske og utanlandske tatoveringsblad viser ni framsider med bilete av kvinner og tre der det er menn som er profilerte. Dei avbilda kvinnene er, så vidt eg kan bedømme, ukjente for massane og dei er på framsida fordi dei er tatoverte kvinner. Dei tre mennene, rapartisten Pharrell Williams, tungrockaren Ozzy Osbourne og kjendistatovøren Ami James frå fjernsynsserien Miami Ink er på framsida av kvart sitt blad i kraft av at dei er kjente personar frå andre media. Det vil seie at framsidene av tatoveringsblad er pryda av kvinner og kjendisar og at menn er fråverande.

### **3.13 Vil eg angre på dette?**

”... du må selvfølgelig tenke over at dette blir sittende på kroppen forever”, seier ein av informantane mine om val av tatoveringsmotiv, men det er nok fleire som har opplevd at, i ein hektisk kvardag, går det litt fort i svingane.

Tjueniande oktober 2007 slår nettutgåva til Aftenposten fast at så mange som halvparten av dei som tatoverar seg, angrar på dette seinare i livet. Tala dei visar til er frå ei amerikansk undersøking som viser at ein fjerdedel av vaksne personar har ei eller fleire tatoveringar. Det er ikkje gjort tilsvarende undersøkingar her til lands og dei amerikanske tala er nok ikkje heilt representative her. Men Aftenposten supplerar med eit intervju med dagleg leiar Sissel Finvold ved Oslo Kosmetiske Lasersenter. Medan ho har ein angrande tatoveringskunde inne til sjette behandling, fortel ho at senteret hennar opplev at stadig fleire oppsøker dei for å få fjerna misslukka eller uynskte tatoveringar ([www.aftenposten.no](http://www.aftenposten.no)).

Tatovørane eg har snakka med fortel at dei har høyrd om personar som har angra på at dei har tatovert seg og ein av dei seier han ikkje har noko problem med å førestille seg at klinikkar som driv med fjerning av tatoveringar absolutt kan tene pengar på tilbodet sitt. Han seier også at det er mange som tatoverar seg i dag og at han skjønner om somme av dei angrar på det dei har gjort. Sjølv ser han ikkje noko til dei som angrar på at dei har tatovert seg, for dei oppsøker ikkje tatoveringsstudio fleire gonger.

Tatovørane opplev heller at angrande kundar kjem inn og vil ha redigert ei tatovering. Dette kan vere fordi dei angrar val av motiv då dette symboliserar ein epoke i livet dei ikkje lengre står inne for, eller at tatoveringa deira er dårlig utført. Det kan også dreie seg om ein tatoveringskunde som er uheldig med tatoveringa slik som Britney Spears. Ho skal, i følge

medieoppslag ha tatovert hebraiske skrifteikn i nakken for å markere tilhøyre til den jødiske trusretninga Kabbala, men med den rekkjefølgja teikna står gir dei ikkje meining ([www.ba.no](http://www.ba.no)).

Løysinga for dei som oppsøker eit tatoveringsstudio for å få hjelp med eit motiv dei angrar på, vert å tatovere eit nytt og betre motiv over det gamle. Personen vil då framleis vere tatovert, men vonleg med eit motiv som han kan vere meir stolt av eller tilfreds med.

## Kapittel 4. I'm in the hot rod gang<sup>4</sup>

”Jeg fik senere at vide, at han var Bergenser,  
det var jo noget for sig selv dengang.”

Tatovør Tusch-Hans J. Hansen om  
Tattoo Daw i Bowery, New York 1903

### 4.1 Kva er identitet?

I dette kapitelet skal eg gå inn på kva rolle tatoveringar spelar i forhold til forhandling av ulike former for identitetar. Eg skal vise korleis tatoveringar kan vere knytt til både personleg identitet, til gruppeidentitet og til yrkesidentitet. Eg har også reflektert over det eg har kaldt for tvungne identitetar. Eg har latt meg inspirere av Kayser Nielsen sine omgrep *arbeidskropp* og *fritidskropp* (sjå 1.4) og vil diskutere om det er skilnad på ein tatovert fritidskropp og ein tatovert arbeidskropp, og om ein kan nytte tatoveringar til å pansre kroppen for å kamuflere sider ved identiteten sin.

Identitet er avleia av det latinske idem som tyder *den eller det same*. Omgrepet er knytt til ei eg-kjensle og vert nytta for å skildre ein indre essens. Ein personleg identitet er eit resultat av hendingar og val som er gjort gjennom livet (Eriksen og Selberg 2005:75, Krange og Øia 2005:53). Det var i si tid forskarar innanfor psykologien som først starta å sjå på kva rolle personleg identitet spela. Den amerikanske psykologen Erik Homburger Erikson vert rekna som den som har levert det klassiske bidraget (Krange og Øia 2005:54). Erikson var inspirert av Sigmund Freud sine teoriar (Eriksen og Selberg 2005:77). Krange og Øia framhevar også sosiologen Georg Herbert Mead. Mead la vekt på kva rolle sosiale omgjevnader har for identitetsdanninga. I dag er sosiologar som Anthony Giddens (1991), Ulrich Bech (1992) og Zygmunt Baumann (2001) aktive aktørar i dei nye forteljingane om identitet og individualisering.

Den personlege identiteten er noko som heile tida er i endring og som vert skapt i samhandling med alle dei andre me omjev oss med til dagleg. Sosiologane Olve Krange og Tormod Øia skil i boka *Den nye moderniteten* (2005) ut fire ulike livsområde som dannar ein avgjerande bakgrunn for utviklinga av personleg identitet. Dette er komponentar som kan vere vanskeleg å skilje frå kvarandre og som ikkje alltid kjem i same rekkjefølgja. Denne kategoriseringa verkar å vere fruktbar for mi forståing av identitetsomgrepet sin dynamikk.

---

<sup>4</sup> Tittel på Stray Cats låt

Krange og Øia hevar at den fyrste erkjenninga mot å identifisere ein personleg identitet er at ein ser på kven ein sjølv er i forhold til seg sjølv. Dette er ein prosess der individet reflekterer over kven ein eigentleg er. I denne prosessen freistar ein å finne svar på kva det er som gjer at ein reagerar som ein gjer i bestemte situasjonar. På dette nivået handlar det om at ein søker inn i det indre av seg sjølv for å finne ut kva som er kjeldene til det ein opplev som både sorg og gleder i livet.

Eit vidare steg på vegen mot ein personleg identitet er at ein ser på kven ein er i relasjon til alle dei ein omgjev seg med. Her reflekterer individet over sin eigen væremåte og dei personlege eigenskapane sine ut frå dei krav og forventingar samfunnet rundt ein har til væremåte, kunnskap, meiningar og haldningar. Det er ut frå ein samla sum av dei røynsler ein gjer seg i samvær med andre at individet sitt sjølvbilete vert danna.

Identitetsutviklinga vår held fram gjennom det som gjerne vert sett på som den kulturelle identiteten vår. Her handlar det om kva ein står for som individ. Heile vegen gjennom livet reflekterer ein over kva verdiar som til ei kvar tid er viktig for ein. Religiøse, etiske og moralske spørsmål vert testa ut og omprøvd for av avgjere kva som er viktig og kva som er mindre vesentleg i livet. Dei røynslene ein gjer seg i samhandling med andre er med å danne eit sjølvbilete (Krange og Øia 2005:66-68).

I den fjerde komponenten for ein personleg identitet, spørsmålet om kor ein høyrer til og kva tyding det får for ein personleg identitet, står Krange og Øia seg til psykologane Kurt Lewin og Henri Tajfel. Det at ein har ei form for tilknytning til ei eller fleire grupper er, i følgje Kurt Lewin, avgjerande for at individet skal kjenne seg vel. Henri Tajfel hevdar at det er den sosiale identiteten vår som uttrykker den medvitne tilknytninga eit individ har til ei gruppe der tilknytninga har ei kjensle- eller verdimeisig tyding. Eit individ tilhøyrer heile tida fleire ulike grupper på ein gong og i det daglege oppstår det ofte situasjonar der tilhøyrer til dei ulike gruppene er uklårt (i: Krange og Øia 2005:68).

#### ***4.2 Personleg identitet***

Eriksen og Selberg hevdar at der knytt ein eller fleire faktorar til kvar og ein av oss som er med å gje oss ein eller fleire identitetar. Ein person kan ha identitet som forelder, kollega, ektefelle eller ven samstundes og vekslar problemfritt mellom dei ulike identitetane. Andre gonger må fleire av desse identitetane kombinerast, noko dei fleste av oss oppnår gjennom sosial trening. Ein står likevel ikkje fritt til å velje eller skape sin eigen identitet, identitet er



like mykje noko som ein får tildelt av andre og har difor eit sterkt kollektivt aspekt (2005:75-77).

Det kollektive er i endring, i høgmoderniteten vert både nære hendingar og sjølvet påverka av hendingar lang borte. Som Anthony Giddens hevdar i boka *Modernitet og Selvidentitet* (1996):

*Jo mer traditionen mister sit tag, og jo mer dagliglivet rekonstrueres på baggrund af det dialektiske samspil mellem det lokale og det globale, desto mere tvinges individerne til at træffe valg om livsstil blant mange forskellige muligheder* (1996:14).

Dette er livsstilsval som får konsekvensar for individet si framstilling av eigenkroppen og Giddens skriv vidare at:

*Kroppen er i stadig mindre udstrækning noget udenfra "givet", der fungerer uden for modernitetens internt referentielle systemer. Den mobiliseres i sig selv reflektivt. Det, der kunne ligne en markant udvikling i retning af en narcissistisk dyrkelse af det kropslige udtryk, er i virkeligheden et udtryk for noget dybereliggende, som aktivt "konstruerer" og kontrollerer kroppen. Her findes en indbygget sammenhæng mellom kropslig udvikling og livsstil – og den er åbenlys i f.eks jagten på specifikke kropslige regimer* (1996:17).

Giddens hevdar også at kroppen i tidlegare tider var ein del av naturen, han var endeleg gjeven og det var i liten grad mogleg for eit individ å utøve påverknad på sin eigen kropp. Kroppen vart rekna som eit fundament og som ein heimstad for sjela, og seinare som kjelde for menneska sine mørke, perverse lyster. Kroppen har, som ein konsekvens av høgmoderniteten sin påverknad, fått endra grensene sine og det er i dag mogleg å arbeide vidare på den kroppen som er gjeven. Giddens meiner at ettersom kroppen i høgmoderniteten er meir relevant for den identiteten individet freistar å bygge opp enn tidlegare, er han meir ufri enn nokon sinne (Giddens 1996: 253).

Informanten Jan er ein av dei som brukar tatoveringane sine til å skape sin eigen identitet. Han har, etter eige utsegn, heilt frå barndommen gått sine egne vegar både når det gjeld ytre framtoning og musikksmak. Ein åtteåring med emblemet til den engelske punkgruppa The Exploited på ryggen av dongerijakka og ein tidleg debut med kroppsmodifisering gjennom eit hol i øyra (ei daglegdags og uskuldig form for piercing) tener som døme på ein person som tidleg visste og viste at han ville gå sine egne vegar. Jan ser på seg sjølv som ein fargeklatt i eit elles grått tilvære og han er livredd for at han ein gong i

framtida skal vere nøydt til sjå attende på livet sitt som eit monotont tilvære sentrert rundt femdagars arbeidsveke på ein fabrikk der julebordet og den årlege sydenturen er høgdepunkta. Jan er gift og har to ungar, og han jobbar som aktmodell på fritida. Han meiner sjølv han ser stor skilnad på seg sjølv og andre småbarnsfedrar i same situasjon som han sjølv. Han seier at:

*no har eg to ungar som vokser opp (...) med ein far som har tatoveringar, ei mor som har tatoveringar, ein far som har piercingar, (...) ser eg på klassen som ho går i no, sant, så er jo...så er vi frikane, vi er hippiforeldrene. (...). De andre (...) følge den her...det som eg kallar (...) den her allværsjakkemodellen som veldig mange nordmenn går etter, med to komma tre barn og en Volkswagen (...) Passat.*  
(Intervju 4 29:00-30:00)

Jan har danna seg eit sjølvbilete etter dei røyntslene han har hausta i lag med andre (jfr Krange og Øia 2005). Han samanliknar seg og sine med *de andre* og konkluderar med at *vi [er] frikane*. *De andre* har ein heilt anna veremåte og søkjer tilflukt i det trygge og gjennomsnittlege som Jan objektifiserar gjennom *allværsjakk* og *Volkswagen Passat*, medan han sjølv har tatt eit val om å vere annleis og markerar det gjennom den ytre framtoningen sin. Tatoveringane hans er med å forsterke inntrykket av at han er annleis enn *de andre*.

Kayser Nielsen peikar på at antropologen Mary Douglas i *Natural Symbols* (1970) argumenterar for korleis våre moderne, opne samfunn saknar store sosiale institusjonar som individet kan innlemmast i og at i slike samfunn vert trongen for offentleg representasjon av sjølvvet gjennom heile eller delar av kroppen større enn det var i dei gamle, lukka samfunna, som til dømes det føydale (Kayser Nielsen 1997:40).

Jan sine tatoveringar er berre ein del av skilnaden han opplev det er mellom han sjølv og andre småbarnsforeldre. Saman med piercingane hans vert dei det ytre symbolet på at han har staka ut ein annan kurs enn dei andre. Han framhevar at tatoveringane hans ein viktig del av den personen han ynskjer å framstå som i det daglege. Han fortel at:

*...hadde de bare vært vekke ein morning, så hadde eg savna de, de er heilt klart en del av den personen eg framstår som i dag, uten spor av tvil. Eg kan vel ikkje få sagt det mer klart enn det at det hadde vært heilt feil å ta de vekk igjen. Og det er heilt riktig for meg at eg skal fortsetta fram til eg sie at no er eg fornøyd.* (Intervju 4 28:00-29:00)

Det er fyrst når Jan sjølv er fornøgd med sitt eige ytre at han eventuelt vil slutte å tatovere seg. Det vil med andre ord seie at han med jamne mellomrom vil måtte overveie om han skal seie seg fornøgd med dei tatoveringane han har, eller om han skal tatovere seg fleire gonger. Det

gjer at han passar godt inn i Anthony Giddens si forståinga av det som hender i det høgmoderne samfunnet. Giddens hevdar at:

*Dyrkelsen af kroppen gennem overvejelser omkring diæt, påklædning, ansigtsudtryk og andre faktorer er et almindeligt træk ved lissstilsaktiviteterne i det høymoderne samfund (Giddens 1996:208).*

Og i så fall så er ikkje Jan unik, han vel seg berre eit uttrykk som er litt på sida av det alle dei andre som søker til helsestudio eller følgjer dei til ei kvar tid gjeldande trendane gjer.

Når Jan skal skape sin eigen identitet gjennom tatoveringane sine er han ikkje lengre fornøgd med å få tatovert motiv som også andre tatoveringsentusiastar har blitt dekorert med. Han har gått gjennom ein prosess sidan den fyrste tatoveringa hans vart plukka ut frå tatovøren sin bunke med standardmotiv. Han fortel at:

*...første gangen (...) då var eg sånn amatør altså. Ikkje i ordets negative forstand, (...) men då var eg sånt klassisk tilfelle som kommer inn der, har ikkje peiling, har egentlig ikkje tenkt så grådig nøye gjennom det.(...) og så har du permer på permer der nede med motiv og då var det bare å bla seg fram. (Intervju 4 03:00)*

Det var med andre ord ein lite medviten tatoveringskunde som gjorde entre i tatoveringsstudioet. Jan bladde i katalogen til han fann fram til eit motiv han meinte kunne symbolisere den fasen av livet han var i på det dåverande tidspunktet. Men allereie neste gongen han ville tatovere seg hadde han eit meir medvite forhold til det han skulle gjennom. Han fortel at:

*...då stilte eg helt andre krav, den gangen eg kom inn, andre gangen, då var det liksom sånn: No skal eg ha noe som ikkje er i boko, eg skal laga nokke, som du...du skal laga nokke til meg, som du skal kaste etterpå. Altså: du får ikkje lov til å selge denne til flere. Eg betalar heller for at du designer det for meg og så kaster vi det etterpå. (Intervju 4 05:00)*

Kayser Nielsen skil mellom det han kallar typologisk og unik sjølvrepresentasjon. Den typologiske sjølvrepresentasjonen er anonym og ein held seg innanfor kollektive rammer. Ved unik sjølvrepresentasjon ynskjer ein at ein skal skape seg sin eigen unik identitet. Ein vil framstå som ein einar mellom mange (Kayser Nielsen 1997:40).

Når Jan betalar tatovøren sin ekstra for at ho skal kaste tatoveringsmotivet og ikkje tatovere det på andre enn han, er det fordi han ynskjer å framstå som noko unikt.

Tatoveringsmotivet, som er teikna for han og som ingen andre har, vert det ytre symbolet på ein unik sjølvrepresentasjon.

Det vil likevel vere slik at Jan, akkurat som mellom dei som prøver seg som moteløver kan stå i fare for å oppleve at kodeelementa frå den typologiske sjølvrepresentasjonen vert det framtrekande. Dette vil vere med å anonymisere kroppen hans i staden for å framheve han som unik.

Kayser Nielsen hevdar at det hender at moten sine kodeelement kan vere så framtrekande at kroppen vert upersonleg og anonymisert og forsvinn i den typen som ein freistar å framstille (1997:41). Kayser Nielsen hevdar vidare at moten har det til felles med mat og seksualitet at det ligg i eit grenseland mellom eigenkroppen og representasjonskroppen med dei kroppsregimer det bring med seg (1997:185)

Men sjølv om dei tatoveringane Jan har så langt er ein del av den identiteten han ynskjer å framstå med i dag, er han på det tidspunktet eg intervjuar han på langt nær ferdig med å tatovere seg. *...eg har en nitidig plan kordan eg har lyst til å se ut, rett og slett,* (Intervju 4:29:00) seier han om korleis han ynskjer at han skal sjå ut i framtida.

Ei slikt utsegn kan tolkast i tråd med den finske sosiologen Pasi Falk som i *The Consuming Body* (1995) har hevda at menneskekroppen kan forståast som: *a canvas to be painted or a lump of clay to be moulded...as a material object (form or surface) to be intentionally elaborated* (Falk 1995:95 i Curtis 2000:253).

For det er ikkje tvil om at for Jan er kroppen si overflate, som Pasi Falk skriv, eit lerret som kan malast, eller ein klump leire som kan formast. Men det viktigast for Jan er kan hende at kroppen hans, gjennom ein medviten prosess, kan formast til noko han er enno meir fornøgd med enn den han har i dag. Jan planlegg fleire tatoveringar i framtida og han seier:

*...eg får en stor personlig god følelse av å se meg sjølv speilet. Ikkje fordi eg syns eg er så forbanna fin, men fordi at eg har forbanna tøffe tatoveringar, som er kun mine...og (...) de gjør meg til den eg er...*  
(Intervju 4 29:00)

Tatoveringsmotiva er teikna spesielt for han og han hevdar at det er tatoveringane hans gjer han til den han er. Det at tatoveringane er unik for han verkar å vere sentralt. Det er det at det berre er han som har slike tatoveringar som er med å gjere han til den han er.

Giddens har sett på kva konsekvensar framveksten av nye sjølvidentitetsmekanismar får for våre moderne institusjonar. Desse mekanismane er både forma av, og medverkar til å forme moderniteten sine institusjonar og Giddens skriv at:

*Ved at individerne skaber deres selvidentitet, bidrager de til eller ligefrem forårsager sociale påvirkninger, som er globale i deres konsekvenser og implikationer – uanset hvor lokal en kontekst deres handlingar udspiller sig i (Giddens 1996:10).*

Vanlegvis vil Jan sine tatoveringar berre opptre lokalt, der han er, men ein skal ikkje sjå bort frå at tatoveringane hans har meir vidtrekkande konsekvensar enn han har tenkt over.

For Karen, ei kvinne i slutten av femtiåra, var det å få seg ei tatovering knytt til ein tankeprosess ho måtte gå gjennom. Det var fyrst då ho var rundt førti år at ho kjente seg klar for å setja seg i tatovørstolen. På spørsmål om kvifor ho fann på at ho skulle tatovere seg forklarar ho at:

*Eg har alltid vært veldig beskjeden av meg, kanskje ikkje fornøyd med kroppen min (...). Då tørte eg (...) ja, eg kan ikkje svara noke ant, altså. Om det er et tegn på at eg, okei, eg skjula nokke ant, eg veit ikkje, men eg gjorde det ikkje for å visa for andre, det var for egen del (...), det har bare lagt der og ulma, kan du sei, ja. (...). Så tok eg det skrittet. Tenkte skitt, eg gjør da. (Intervju 7 01:00)*

Det at Karen framhevar at ho endeleg torde å tatovere seg viser at for ho var det å tatovere seg ein terskel ho måtte trø over i ein sjølvutviklingsprosess. Etter mange år som ho kallar ein beskjeden person som ikkje er fornøgd med kroppen sin eller seg sjølv, tok ho steget fullt ut og tatoverte seg.

Karen si fyrste tatovering var eit livslaupssymbol som ho fann i ei bok ho hadde lese. Ho tok boka med til tatovøren og han teikna motivet for ho før han tatoverte det på okla hennar. Motivet er ikkje eit typisk feminint symbol, noko ho framhevar at ho fekk kompliment av tatovøren for. Han fortalte at han synst det er litt kjedeleg at kvinner ofte vel tradisjonelle kvinnemotiv som sommarfuglar eller små hjarta.

Med dei to tatoveringane sine formar ho kroppen sin som ein del av den personlege identiteten sin og ho er ikkje framand for tanken om at tatoveringane hennar er med å gje ho meir sjølvtilitt og eit meir positivt syn på kroppen sin. Ho seier at: *Eg brydde meg gjerne ikkje om ka andre synte alltid. Det var vel gjerne min måte å vokse på (Intervju 7:05:00).*

Såleis kan tatoveringa sjåast som eit rituellet skilje mellom før og etter.

Karen fortel at ho har fått positive reaksjonar på tatoveringane sine frå dei nære omgjevnadene. Ho framhevar spesielt ein episode:

*Eg trur det var et julebord. (...) Då følte eg meg litt sånn der atte...der var det fine folk, og sånn der sant. Tenkte då...då følte eg meg litt tøff,*

*her er ei som ikkje er heilt lik de andre, og det gjorde meg veldig...og eg såg at han mannen min var stolt av at eg var litt annerledes (Intervju 7:16:00).*

Det at Karen opplev det som at andre i hennar nære omgjevnader reagerar positivt på at ho tør å skape sin eigen unike sjølvrepresentasjon er med å auke sjølvtiliten hennar.

Sjølvtiliten knytt til den nye identiteten er likevel skjør og det skal ikkje mykje til for å rokke ved han. Karen fortel at det oppstod ein episode på arbeidsplassen som ho opplevde som litt ubehageleg:

*Eg jobbar jo på (skule), her då og no var det ein avgangselev... Det er ikkje mange vekene sio. Såg han tilfeldig at eg hadde nokke her (peikar på skulder), og det kommenterte han og (...) det var liksom det om at eg hadde vært litt sånn "bad" i ungdommen (Intervju 7:11:00).*

Karen si oppfatting av "bad" er her knytt til dei gamle stereotypane om kven det er som tatoverar seg. Den nye identiteten hennar er ganske så fragil og når ho opplev at han vert tillagt noko anna enn ho sjølv hadde tenkt, vert det opplevd som ubehageleg. Men det kan likevel hende at den unge avgangseleven hadde ei heilt anna forståing av ordet "bad" og at han såg for seg at Karen hadde ei spanande ungdomstid litt utanom det vanlege.

Knut Erik har berre ei tatovering, og han har ingen planar om å få seg fleire. Tatoveringa, som han tok medan han, som ung mann, var i FN-teneste, er plassert på underarmen og har eit typisk militært motiv. Knut Erik er ikkje del av noko etablert kroppsmodifikasjonsmiljø, men han fortel at han likevel kjenner seg påkledd med den eine tatoveringa han har. Han seier at:

*Ja, altså, det har jo blitt ein del av deg, då, sant, når du går om sommaren med kortarma så er det, sant, alle ser på han, sant, men du får ikkje nokken kommentarar, sant. Men det som folk spør om det er jo: du har reist til sjøs, sant, det er jo den første kommentaren (Intervju 5:10:00).*

Tatoveringa, som har eit motiv som er med å understreke den militære tilknyttinga han hadde då han tok tatoveringa. Det militære var ein del av den sosiale identiteten hans på det tidspunktet han lèt seg tatovere. I dag ser han tatoveringa si som ein del av den personlege identiteten sin, ho er blitt ein del av han. Men i tillegg opplev han det som at personar han treff knyt tatoveringa hans til både den personlege identiteten hans, og til ei yrkesgruppe, sjømann, sjølv om han aldri har vore til sjøs.

For Knut Erik var det viktig at når han gjekk til det steget å få seg ei tatovering, så ville han at tatovøren skulle ta seg god tid og gjere skikkeleg arbeid, slik at tatoveringa vara livet ut. Han fortel at:

*(eg) ville jo at han skulle gjøre skikkelig jobb, slik at han varte, for hvis du tar en vanlig tatovering, så er det lett for at fargane glir ut og forsvinner slik at motivet forsvinner samtidig. Så eg ba han ta seg god tid og skifte nåler kvar gang han skifta farge og gjøre ein skikkelig jobb, sånn så det. Og det gjorde han , så derfor vart eg sittande ein time og femti minutt før han var ferdig (Intervju 5:02:00-03:00).*

Knut Erik er klår på at det vert med den eine tatoveringa han har i dag. Når han har tatovert seg har han fiksert ein bestems tidsepoke i livet sitt på utsida av seg sjølv. Kvar gong han ser tatoveringa si vil han tenkje på den tida då han var i FN styrken. Det var difor viktig for han at det var ei skikkeleg tatovering som vara livet ut.

Sjølv om informantane som er presentert ovanfor freistar å skape seg sin eigen individuelle identitet gjennom tatoveringane sine, vil det likevel vere ei gruppe dei oppnår medlemskap i: Dei tatoverte.

#### **4.3 Gruppeidentitet**

Sosiologen Bryan S. Turner forklarar at i tidlege tiders tradisjonelle samfunn symboliserte tatoveringar ulike delar av livssyklusen og at tatoveringane på det viset var ein del av ein sosial prosess. I dag er den stadig aukande globaliseringa med å gjere mellom anna tradisjonelle maorimotiv frå Stillehavet til ein integrert del av vår vestlege tatoveringskvardag. Desse motiva, som ser eksotiske ut og får oss til å tenkje på kritkvite sandstrender og palmesus er modifisert og tilpassa til etterspurnaden i Vesten, og dei produserar såleis ein endelaus blanding av tydingar. Det postmoderne samfunnet si leikande og ironiske tilnærming til kvardagen inneheld ingen forpliktingar sjølv om me inkluderar dei tradisjonelle samfunna sine forpliktande motiv i vår kommersielle tatoveringsverd. I følgje Turner er denne eroderinga av det alvorlege og det obligatoriske som låg i det å risse sosial meinig og fellesskap i huda eit resultat av me har opplevd ei generell sekularisering av samfunnet i den vestlege verda (Turner 2000:40).

Dei tatovørane eg har snakka med er merksam på at mange av dei motiva dei arbeidar med i det daglege virket sitt har tapt den opphavlege tydinga si. Eit stadig meir globalt

verdsbilete gjer at det er mogleg å hente ut det ein likar best frå ulike sjangrar og stilartar. Når eg spør om det er motiv han er meir glad i å tatovere enn andre forklarar Nils at:

*jeg liker veldig mye orientalsk stil (...) som jeg gjerne blander med (...) old school, som vi kaller det, altså blander litt, at du lager den orientalske stilen på din egen måte (...). Det er sånn favoritten min da (...), men tribal er det ikke (Intervju 3 04:00).*

Den orientalske stilen vert som nemnt i 3.6 ofte omtala som *tribal*, med referanse til at uttrykket har opphav i eit stammesamfunn. *Old School* refererar til at ein freistar å kopiere den tatoveringsteknikken som vart nytta før i tida med breiare strekar og færre detaljar enn det som er vanleg i dag.

Nils har likevel ikkje noko problem med å sjå at dei motiva han tatoverar berre er variasjonar over motiv kjent frå andre kulturar og at dei ikkje har den originale tyding i det samfunnet vi lev i dag. Det tyder likevel ikkje at dei ikkje får ei spesiell tyding for dei som vel desse motiva i dag.

Jan forklarar at då han tatoverte seg fyrste gongen, var han inne i det han sjølv refererar til som ein ”vikingperiode” av livet sitt. Han meinte det var viktig at motivet han skulle tatovere på seg symboliserte denne perioden. Han seier at: *det endte jo opp med å vera keltisk, då og, skitt au, det såg temmelig viking (...) ut for meg i hvert fall (Intervju 4 03:00-04:00).*

Symbolet si opphavlege tyding er med andre ord ikkje så viktig. For Jan handlar det om kva han sjølv forstår med symbolikken i motivet.

Bryan S. Turner har i *Possibility of Primitivness* (2004) identifisert to dikotomiar som er med å forklare skilnaden på tradisjonelle samfunn og vårt moderne tilvære. Han kallar desse for *tjukk* versus *tynn solidaritet*, og *varm* versus *kald lojalitet*. I dei tradisjonelle stammesamfunna kravde medlemskapen solidaritet av det han kallar ein tjukk/varm kategori. I desse samfunna var medlemmene sine merker obligatoriske. I vår del av verda, i det som Turner kallar det vestlege neo-tribale samfunnet, er eventuelle gruppedlemskap friviljug og medlemmene har med det høve til å velje bort forpliktande kroppsdekor (Turner 2000:41).

Ein av dei som knyt tatoveringane sine til ei konkret gruppe er informanten Ole Johannes. Han har tatovert seg sidan han var nitten år, i dag er han over førti. Fleire av tatoveringane hans representerar epokar han har gått gjennom i livet og er meint som heider til musikkartistar og andre som har inspirert han. Dei tatoveringane han har fått tatovert dei siste åra er såkalla ”Old School” tatoveringar, som han nyttar for å markere at han reknar seg som ein del av rockabillymiljøet. *Så ble jo eg plutselig bare sånn helt hekta på rockabilly (Intervju*



1 03:00), forklarar han om det som skjedde etter at han hadde tatovert seg ei stund. Han fortel om tilknytninga til miljøet at:

*Du får vel et lite kick av det (...) og du får en slags tilhørighet. Eg er jo...eg ser jo på meg som en rockabillygutt og (...) finner tilknytning til folk i det miljøet, og reiser på treff og sånn og... med hot rod biler og, i det miljøet der, med den musikken og du blir liksom satt litt tilbake i tid og vi har de samme...en del av de samme motivene. Sjømannsmotivene kan du si, eller rockabillymotivene og det blir en tilhørighet, du får en tilhørighet til et miljø, så det er en identitet (Intervju 1 07:00-08:00).*

Dei motiva han har tatovert seg med er med å gjeve han tilhøyre til eit bestemt miljø. Tatoveringane, saman med musikk og bilar er med å sveise miljøet saman og han opplev det som eit "kick" når han kjenner tilhøyre i miljøet.

Krange og Øia skriv i Den nye moderniteten (2005) at:

*Identitet i betydningen "være det samme som" blir (...) til noe som markerer tilhørighet til et sosialt fellesskap. Slike markører sier imidlertid ikke at fellesskapet er homogent i betydning av at individene som inngår i eller omsluttet av fellesskapet, kulturelt sett er kloninger (2005:88)*

Det er likevel slik at sjølv om ein knyt identiteten sin til ei spesiell gruppe er det alltid slik at me er med i fleire. Ole Johannes skiftar lett og ledig mellom dei ulike identitetane sine. Han fortel at:

*...eg bare merker når eg er på tur og treffer mine rockabilly åndsfrender i Sverige og sånt og...og då har det vært musikk, tatoveringer, biler og full rulle, masse mennesker, flere tusen mennesker. Då syns eg det godt å bare komme hjem her og bare slippe å høre musikken og bare treffe kjent miljø og bare være familiefaren på en måte og, sant.(...) Så...Men det er jo klart, det er jo identiteten min, men då er det liksom...då går alt til ro, då går legemet til ro, då går tatoveringene til ro og alt. Så alt blir bare liksom helt lugnt liksom (Intervju 1 20:00-21:00).*

I heimesfæren er det ikkje tatoveringane sine Ole Johannes opplev som det viktigaste ved identiteten sin. På heimebane går tatoveringane til ro saman med resten av han. Heime er det rolla som ektemann og familiefar som er viktig og tatoveringane hans er ikkje så viktige for

desse identitetane. Tatoveringane hans har heller ikkje motiv som er knytt til familiesfæren. For dei han lev med til dagleg er kanskje ikkje tatoveringane viktige heller, dei veit kva han står for som far og ektemann og tatoveringane og den identiteten dei aktualiserar kjem i andre rekke.

#### **4.4 Yrkesidentitet**

”Næsten altid gikk jeg med opsmøgne skjorteærmer, jeg var meget stolt af min tatovering-man var vel sømand” (1988:11) fortel tatovør Hans J. Hansen, kalla Tusch-Hans, om den fyrste tatoveringa si. Han skriv i *En tatøvers erindringer* (1988), som han skreiv på oppdrag frå Handels- og Søfartsmuseet i København, at han, som syttenåring i 1899, hadde fått hyre på ein ålefiskebåt i Vordingborg. Han såg det som sjølvsagt at ein sjømann hadde tatovering og for kroner 1,75, meir enn ei vekeløn for ein ung blekkslagarlærling, yrket han forlèt for å verte fiskar, fekk han *”Tro, håb og kærlighed”* foreviga på armen (Hansen 1988). Det er ikkje mogleg frå teksten hans å sjå om det er orda i seg sjølv som er tatoverte på armen hans, eller om det er uttrykt gjennom symbola hjarte, kross og anker, men truleg er det det siste.

Hansen fortel at den fyrste personen han sjølv tatoverte, sett bort frå dei gongene han sat heime og øvde seg på seg sjølv, var ein slaktar som ville ha tatovert eit oksehovud på armen. Oksehovudet var slaktarane sitt eige fagmerke og motivet kopierte Hansen så godt han kunne frå ein annonse i ei avis. Hansen fann dei fyrste prøvekaninane sine i eit ”snapserysteri”, og slaktaren sin svirrebror med ei fortid innom bakaryrket fekk ei kringle på armen. Også det eit motiv Hansen fann i avisa.

Men Hansen fortel også at det mellom bakaren og slaktaren sine svirebrør var ein snekker som absolutt ikkje ville la seg tatovere. Han hadde ikkje interesse av å få kjenneteikn som kunne gjere det lettare for politiet å identifisere han (Hansen 1988:17).

Det er nok dei færraste yrkesgrupper utanom sjømennene som er kjent for å tatovere seg, men til dei fleste yrkesgrupper er det knytt ei eller anna form for identitet. Anne Eriksen og Torunn Selberg hevdar at yrkesidentitet er sentrert rundt ulike kulturelle og sosiale element. Desse elementa kan vere generell kunnskap til faget eller dugleik knytt til utføring av arbeidet, eller at det, i andre tilfeller handlar om, livsformer som yrket fører med seg. Til ein yrkesidentitet høyrer også dei felles røynsler og minner som ei yrkesgruppe, eit arbeidslag eller personar med same arbeidsstad opparbeider seg. I desse samanhengane er både alder og kjønn viktig. Me tenkjer framleis, etter år med likestilling, i termar som manns- og kvinnearbeid, og alle meiner at vaksne folk treng ”skikkelig arbeid” (2005:90-91).

I boka *Behøvling og Hønsning* (1960) utforskar etnologen Henning Henningsen innviingsritual i dei gamle handverkarlauga. Her kjenner ein til mange ulike døme på at dei som ville verte opptekne som fullverdig medlem i ei yrkesgruppe måtte gjennom ulike ritual, prøvingar, eller til og med fornedringar diktert av dei som allereie var etablerte.

Sjømennene er ei yrkesgruppe, mellom mange andre, som er kjent for å innvie nye medlemmer av yrket gjennom ulike ritual. Det var vanleg at det vart arrangert dåp for dei som ikkje tidlegare hadde vore over ekvator eller polarsirkelen, eller som fekk sin debut i andre markante kyststrok. Etter at den unge var blitt pint og plaga og gjerne barbert vart han oppteken som medlem av dei fullbefarne. Som ein del av innviingsritualet var det også vanleg at novisen måtte betale for den serveringa som var ein del av ritualet (Henningsen 1960:5).

Dette fenomenet, som vert kalla overgangsritar, vart fyrst skildra av den franske etnografen og folkloristen Arnold van Gennep i boka *Rites de Passage* (1908). I følgje Arnold van Gennep vil livslauget til alle menneske i alle samfunn innehalde ei rekkje overgangar frå ei gruppe eller ein sosial situasjon til ein annan. Dette er ei rekkje ulike handlingar eller seremoniar som markerar at ein gjer ein overgang frå ein definert situasjon til ein annan (1999:22). Van Gennep isolerar i overgangsriten tre ulike stadium som lett kan sjå ut som ei samanhengande rørsle. Han kallar det fyrste stadiet for preliminale ritar, åtskiljing, så følgjer dei liminale ritene, terskelfasen, før ein til slutt igjen oppnår integrasjon i samfunnet gjennom dei postliminale ritene. Desse tre kategoriane er i ulik grad og til ulike tider til stades i alle folkegrupper (ibid. 26).

Overgangen frå barn til ungdom inneheld initiering i eit nytt fellesskap og vert gjerne omtalt som pubertetsriter. Her presiserar Van Gennep at det er viktig at ein skil mellom den fysiske puberteten, det vil sei når individet er kjønnsmoden, og sosial pubertet, når individet vert initiert i eit fellesskap, som jeger eller krigar. Han viser til at den same ritene som somme stader markerar inngangen til bardomen, andre stader markerar overgange til ungdomstida og at dette gjer at ritene ikkje kan koplast til den fysiske puberteten (1999).

Alle verdas samfunn er samansett av fleire sosiale grupperingar, dette er grupper som stort sett lev åtskilt frå kvarandre og har sin eigen autonomi. For at ein person skal kome seg frå ei sosial gruppe til ei anna er det alltid visse krav som må oppfyllest. Her nyttar van Gennep frå bonde til arbeidar som døme, men det kan like gjerne være frå læregut til sjømann. Dette er krav som, i følgje van Gennep, alltid har ein økonomisk eller intellektuell basis (van Gennep 1960:1-3).

At det er mange som nyttar tatovering som eit overgangsritual eller for å markere før og etter kan eit tatoveringsstudio i København i Danmark som vel å ta namnet *Rites of Passage* vere eit godt døme på.

Men Håkon forklarar at for han fungerte den fyrste tatoveringa som eit sjølvvalt overgangsritual. Etter at han som attenåring hadde vore til sjøs i to og eit halvt år hadde han lært, og meinte sjølv at han beherska dei fleste av dei arbeidsoppgåvene som det vart forventa at ein utlært sjømann skulle kunne. Han ville då markere at han sjølv ikkje lengre rekna seg som ein læregut, men som ein fullverdig sjømann. Han seier om den fyrste tatoveringa si at:

*...det var en prosess, du begynte å få litt erfaring, (...) i begynnelsen så tenkte du ikke på det, sant, men så fikk man mer og mer...så var eg en person som gjerne lærte praktiske ting kjapt, behersket det godt. Eg rykket jo litt opp òg, samtidig som eg hadde en...eg lærte meg fort dette å være ydmyk i kjeften overfor disse gamle uteseilerne og då tok de meg under sine vinger...og då lærte du, du lærte så det (...) då lærte de alt i fra seg, det som de kunne, og det var håndverk, altså, det var jo...du treffer ikke de lenger, i dag, altså, så det blir jo helt noe annet... (Intervju 6 03:00-04:00).*

og han legg ikkje skjul på at han var stolt av å vere sjømann

*Då var det markering av dette å være sjømann, at man må være stolt av det, og det har eg i meg enno (...) eg (...) var utrolig stolt av å være det som eg var då kan du si, (...) og synst det var en fin måte å markere det på... (Intervju 6 01:00).*

Det er kan hende viktig å merke seg at det ikkje er dei etablerte sjømennene som tar initiativ til å innlemme ungdomen i sine rekkjer, men at det er den unge sjølv som seier seg klar: *Eg hadde bestemt meg, og så når eg hadde sagt det, så var det: Du er ein pyse, du tørr ikkje ta det* (Intervju 6 02:00). Sjømennene sin reaksjon kjem eg nærare attende til i kapittelet om smerte.

Sjølv om tatoveringar har vore knytt til sjømenn i generasjonar, og litteraturen renn over av skildringar av sjømannsmotiv, anekdotar om dei som har tatovert feil kvinnenamn i eit hjarta og liknande, har eg ikkje funne andre eksempel på at andre yrkesgrupper har nytta tatoveringar som overgangsritual. Eg har heller ikkje funne forteljingar om andre sjømenn enn Håkon og Hans J. Hansen som har framheva tatoveringane sine som overgangsritual knytt til det at dei reknar seg som sjømenn. Tatovering set likevel varige spor og vil alltid vere med å markere før og etter for dei som tatoverar seg.

Eit naturleg spørsmål vert sjølvstalt kvifor det er så viktig for Håkon å markere at han tilhøyrer ei særskilt yrkesgruppe? Han er sjølvstalt stolt over at han er akseptert som ein av dei han ser opp til.

Men når ein ser på dei opphavlege tatovertede sjømennene kan det ha vore like viktig for dei å markere tilhøyre til ei anna gruppe enn sjømennene, nemleg dei arbeidande. Statusen som betalt arbeidar har ein ubestridt høg status i den vestlege verda, skriv den tyske sosiologen Ulrich Bech. Han seier at om eit samfunn er utan arbeid er det eit samfunn som manglar basiskoordinatane som oppstår rundt sentrale tema som lov, politikk og økonomi (Bech 2000:10).

I antikken definerte dei gamle grekarane og romarane fridom som fridom frå arbeid, eit syn som impliserte slavar og ufrie kvinner, men i dag har arbeidet fått ein heilt annan status. I dag er det at ein har arbeid å gå til sjølve kjernen i inkludering i samfunnet. Rundt arbeidslivet finn ein daglege rutinar som er med å skape orden i samfunnet. Bibelen sitt mantra om at berre dei som arbeider skal få ete er blitt til: Berre dei som arbeidar er ekte menneske (ibid. 10-13).

Sjømannen har gjennom at han, som omreisande, har oppheldt seg i samfunnet sin periferi, vore ein outsider. Og som vi har sett i innleiinga, vert det hevda at det var sjømennene som skal ha æra for at den moderne tatoveringskunsten dukka opp i Europa. Tidsmessig samanfall denne attendevendinga av tatoveringskunsten med at tankegodset frå den industrielle revolusjonen byrja å gjere seg gjeldande i Europa.

Før den industrielle revolusjonen var dagleglivet for dei fleste europearar prega av dagarbeid, lausarbeid og uvisse om dei hadde arbeid og pengar til mat neste dag. Den nye industrien var avhengig av ein stabil arbeidsstokk som kunne handtere dei nye maskinene dag etter dag utan ny opplæring. Dette skapte også stabile økonomiske tilhøve for mange av arbeidarane. For fortida sine sjømenn, som var fråverande frå det lokale kvardagslivet i lengre periodar om gongen, og ikkje kom til middag etter arbeid på fabrikkken kvar dag, kan det, ha vore viktig å nytte tatoveringar til å markere at dei faktisk var arbeidsfolk. Ein kunne jo tru at dei berre var ute på tur eller eventyr når dei ikkje kom heim til fast tid kvar ettermiddag. Sogene dei fortalte frå fjerne strok var eventyrlege for tilhøyrarane heime og fokuserte lite på arbeidsdelen av det å vere sjømann.

#### **4.5 Ulike kroppar, ulike identitetar**

Niels Kayser Nielsen viser til dei to leiarskikkelsane i den tyske Frankfurterskulen, Horkheimer og Adorno, når han i boka *Krop og kulturanalyser* (1997) skriv at me i vårt siviliseringshungrige vestlege samfunn har utvikla eit hat/kjærleiksforhold til kroppen. I dette ambivalente forholdet undertrykker me kroppen, fortrenger urgamle instinkt og tøyler lidenskap. Me gjer kroppen til ein slave av fornufta. Vår hang til å sivilisere alt me omgjev oss med gjer at den unike, eller individuelle kroppen, vert undertrykt til fordel for den generelle kroppen, eller kroppen som omgrep. Han meiner også at sjølv om kroppen fungerer som tydingsberar, så varierar tydinga frå kultur til kultur, og at den individuelle kroppen vert oppfatta som lågareståande, suspekt og potensielt farleg *i forhold til almengyldighetens principielle høghed* (1997:13).

Ole Johannes fortel om ei oppleving han har hatt der kroppen hans vart oppfatta som farleg:

*Eg har jo stått på bussen (...) i kort armet. Og då var det en liten gutt, eg vet ikkje kor gammel han var, så stod med moren sin på bussen. Og han snudde seg og så såg han plutselig den på armen, små barn vet ka dette er, sant. Og då såg moren at han såg på min arm og då tok hon og snudde hodet på gutten og tok han foran øynene og så trekte de seg frem i bussen* (Intervju 1 42:00-43:00).

Kan hende var det tatoveringsmotivet, ei teikneseriaktig pin-up dame med litt større bryst enn gjennomsnittet, som vart for provoserande for den unge mora. Kan hende var det tatoveringane. Det at den tatoverte kroppen er individuell og ikkje ålmenn kan oppfattast som provoserande i mange situasjonar.

Kayser Nielsen hevdar også at me har vist dei nærsanselege uttrykka våre, som smak, berøring og lukt til intimsfæren der dei vert oppfatta som pinlege og er innhylla i eit slør av skam, medan dei intellektuelle sansane, som syn og hørsel, vert hylla og får utfolde seg fritt i det offentlege rom. Men eigenkroppen protesterar mot denne einsrettinga av kroppen. I dag vert individet sin rett til eigen kropp, og lyst på kropp som den er, stadig sterkare forsvart. Og dette viser seg med den aukande interessa for kroppen sitt hylster, huda, som me har sett frå 1980talet. Huda vert nytta både til å fortelje om, og til å kamuflere sjølvet og me nyttar huda til å verne oss både mot inntrenging utanfrå og uttrenging innanfrå.

Dei som arbeidar med studiar av kroppen si kultursoge eller -sosiologi, må, skriv Kayser Nielsen, vere merksam på dei ulike dikotomiane som er knytt til kroppen. Vår vestlege del av verda er prestasjonsretta og fokuserar sterkt på arbeid og produktivitet. Det er

difor viktig at ein skil mellom arbeidskroppen og fritidskroppen. Ein kropp i arbeid opptre annleis enn ein kropp som utførar fritidssysler. Ein arbeidskropp er taust tilstades i det daglege, ofte legg ein ikkje merke til at han er tilstades i det heile, men han er avgjerande for at så elementære arbeidsoppgåver som å bla i, og lese ei bok skal kunne utførast. Kroppen er såleis avgjerande for at både fysisk og intellektuelt arbeid skal kunne utførast.

Kayser Nielsen skil i sine døme ikkje eksplisitt mellom betalt arbeid og det fysiske arbeidet som vert utført i fritida. Eg forstår han i mitt arbeid til at den kroppen som gjer husarbeid eller grev ei grøft i eigen hage på fritida vert rekna som ein fritidskropp.

Fritidskroppen opptre annleis enn arbeidskroppen. Der arbeidskroppen i røynda berre er passivt tilstades i utføringa av arbeidet tek fritidskroppen meir plass. I fritida er det rom for å dyrke kroppen gjennom idrett eller leik, eller ein kan kople ut og berre slappe av framfor fjernsynet. Det må difor skiljast både mellom situasjonar der kroppen er direkte i fokus og der han berre er indirekte nærverande. Det er også behov for å gjere eit skilje mellom ein kropp som er i rørsle og ein som er i ro (Sjå Kayser Nielsen sine diskusjon av kroppen i Krop og Kulturanalyser 1997: 37-39).

Det er ganske sikkert problemfritt for Håkon, og alle hans tatoverte sjømannskolleger verda over, å utføre jobben sin som sjømann utan at dei er tatoverte. Informanten framhevar sjølv at han har ein utatovert far som har vore sjømann heile livet. Likevel vert Håkon sin tatoverte kropp eit symbol på at han er sjømann. Han har tileigna seg ein arbeidskropp som han, når han ikkje arbeidar, tek med seg over i fritida si sfære. Dette har ikkje alltid vore like enkelt for han, for det er ikkje alle av dei han treff i fritida som oppfattar kva tyding tatoveringane har for han.

*Det var ikkje for å være tøff i trynet, eller den der biten, men eg har jaggu fått høre det i etterkant, altså...altså i ungdommen spesielt, då. Om at den tatovering som kom under albuen, eller under T-skjorten, ka eg trodde eg var for noe og sånt som det der... (Intervju 6 01:00).*

Det fortel han om som eit problem når han kom innom heimbyen og møtte kompisar som ikkje valte å gjere ei karriere på sjøen. Håkon er open for at somme av dei han treffe kanskje, innerst inne, ville ha ei tatovering sjølv, men ikkje torde gje seg i kast med det eller ikkje hadde tilgjenge til tatoveringar. Men enno verre enn det ovanfor nemnte dømet kunne det vere i møte med andre. Han hugsar attende med gru korleis det kunne vere:

*Spesielt når du møter folk som kunne ha vært faren din og sånne ting så fikk du gjerne litt nedover nakken for...er du slaur i gaten og sånne ting... (Intervju 6 49:00).*

Det er tydeleg at Håkon sin arbeidskropp ikkje passar inn i den settinga som fritida hans er. Fleire av dei personane han treff når han kjem i land ser på han som ein som vil tøffe seg, eller som ein regelrett slaur.

Når Håkon, som ung mann på 1980talet, valte å tatovere kroppen sin til å vere ein sjømannskropp, vart dette ein kropp han også han må ta med seg over i andre yrker han vil prøve seg i seinare i livet, med dei fordeler og ulemper det måtte føre med seg. Han fortel sjølv om eit skrekkens eksempel frå då han, etter at det var nedgangstider på sjøen, kom med oppbretta skjortearmar på eit jobbintervju for landbasert arbeid:

*Det var gjerne nok til å se at du har en tatovering og då var det en del arbeidsgivere som reagerte. Så du er sånn stor slaur, og tatovering og greier. Kan ikkje stole på deg, sant. Då fikk du...den gangen så fikk du faktisk servert det rett i trynet (Intervju 6 46:00-47:00).*

Håkon har dermed ei annan kropp enn dei andre informantane mine, som knyt tatoveringane sine til den private sfære.

Det er lett å tenkje seg at me i dag er fri til å gjere som me vil, men menneskekroppen handlar på ingen måte fritt. Pierre Bourdieu skriv at det er når kulturell kapital i *kroppslig tilstand* som vert avgjørande for korleis ein, som individ eller gruppe, handlar, at det vert kalla *habitus*. *Habitus* er eit produkt som er inkorporert i den historiske praksis (...) som frambringende og organiserende prinsipper for praksiser og representasjonar som objektivt lar seg tilpasse deres mål uten at det ligger til grunn en målbevissthet. Bourdieu hevdar at det er *habitus* som produserar svar på kva ting som må eller ikke må gjøres, sies eller ikke sies, og at ulike praksisar vert ekskludert gjennom å vere utenkjelege. *Habitus* ekskluderar framferd som ikkje er i samsvar med dei objektive vilkåra for gruppa og forhindrar med det framferd som vil kan tenkjast å verte negativt sanksjonert (Bourdieu 2005:54-59).

Men sjølv om tatoveringar er blitt eit ”maistream” fenomen, er det framleis fordomar knytt ved dei. Knut Erik fortel at når han får reaksjonar på tatoveringa si, så er det ofte: *du har reist til sjøs, sant, det er jo den første kommentaren* (Intervju 5 10:00). Det er altså vanleg at folk framleis assosierar tatoveringar med sjømenn.

Men også for sjømennene har tatoveringar vore oppfatta som noko uvedkommande og arbeidshemmande. Både Ole Johannes og Håkon fortel om fedrar som var sjømenn utan at dei hadde tatoveringar. Tatovør Tusch-Hans fortel at han ikkje alltid vart like godt motteken då han oppsøkte båtane som låg i hamn i Københavns Nyhavn for å framby tenestene sine. Det hendte ofte at han vart møtt av ein styrmann som meinte at dei som vart tatovert freista å



sluntre unna pliktene sine dei fyrste dagane etter at dei vart tatovert med det påskott at for mykje fysisk arbeid øydela tatoveringa (Hansen 1988:44).

For dei andre informantane mine vil tatoveringane tilhøyre fritida si sfære, dei har med det ein fritidskropp som dei må ta med seg inn i arbeidslivet. Jan fortel at:

*eg har hørt at (...) tatoveringane mine har vært et tema der om eg skulle bli ansatt eller ikkje, men eg har i hvert fall endt opp med å bli ansatt og eg har fått veldig mye feedback tilbake på at der...der folk gjerne hadde fordommar, så har eg stått det til skamme (Intervju 4 10:00).*

Sjølv om Jan har fått den jobben han har søkt på og utførar det arbeidet han skal til arbeidsgjevar si tilfredstilling, så har han fått høyre at tatoveringane hans på eit tidspunkt har blitt sett på som eit mogleg problem. På det viset er det fritidskroppen hans som opptre som eit forstyrrende moment i arbeidslivet. Det at Jan arbeider i eit serviceyrke kan vere ein medverkande faktor til at arbeidsgjevaren er skeptisk til den tatoverte framtoningen hans. Dei som investerar pengar i servicenæringa er avhengig av at kundane kjem attende fleire gonger og brukar pengar. Arbeidsgjevarane uroar seg då gjerne for at den som representerar føretaket skal ha ein for provoserande utsjånad i frykt for at dette skal skremme bort kundane.

For Ole Johannes er det annleis. Han ser den tatoverte fritidskroppen sin som ein fordel i den delen av arbeidslivet han har sett seg ut. Han seier:

*...der er ikkje noen hemmelighet at eg skal være innen...innen et helseyrke, høyskoleutdannet, og eg kommer mest sannsynlig til å velge og jobbe med rusavhengige...mennesker som har hatt det vanskelig og då ser ikkje eg det som noe...eh...bakide at eg er tatovert og de kan gjerne kjenne seg litt igjen i meg når eg ser ut...litt sånn som de. At eg ikkje ser ut som en fjelget person som skal komme med pekefingeren (Intervju 1 21:00-22:00).*

Ole Johannes trur at tatoveringane hans i dette tilfellet kan vere med å skape ei form for gruppeidentitet, og at brukarane oppfattar han som ein av dei framfor å vere ein representant for det offentlege.

Ole Johannes meiner likevel at tatoveringane hans, og spesielt dei tatoverte hendene hans kan vere eit problem om han hadde funne seg eit anna yrke. Han seier at:

*har du yrker som tannlege, eller noe sånt, så hadde du sikkert vært veldig skeptisk hadde du kom til en tannlege med mine tatoverte*

*armer, sant. Og en hodeskalle på hånden og så du ser han kommer med boret nærmere og nærmere (Intervju 1 23:00).*

Og kanskje har han rett i at me framleis har fordomar om korleis ulike yrkesgrupper skal sjå ut. Men kanskje kunne det vore greitt, spesielt for dei med ein litt rocka framtoning, å kome inn til ein tannlækjar med ein utsjånad som er litt meir rocka enn gjennomsnittet. På det viset ville tannlækjaren vere aktivt med å skape ei gruppekjennele med pasientane sine, og med det ville turen til tannlækjaren opplevast som mindre ubehageleg for mange av oss.

#### **4.6 Kroppen som panser**

Når ein gjennom kvardagen er gjennom konstante identitetsforhandlingar med andre kan det vere freistande å sperre andre, ute, pansre kroppen, for å hindre innsyn. I følgje Susan Bordo er det å verte avslørt som mjuk eller svak, det verste som kan hende menn i vår kultur. Tårer er eit symbol på veikskap og vert berre tolerert i situasjonar som når ein snakkar nostalgisk om gamle militærkompisar som er gått bort og liknande. Heilt frå dei er små lærer gitar at dei ikkje må vise offentleg at dei kjenner smerte. Bordo seier at ein fast kropp er ein ugjennomtrengelig kropp og at han gjev vern mot inntrenging utanfrå. Kvinner som oppsøker helsestudio eller på anna vis trener gjer ikkje dett først og fremst for å kome i betre fysisk form, men for å verte faste og ugjennomtrengelige. Tidleg lærer gitar og jenter seg teknikkar der ein disiplinert kroppen og undertrykk både fysisk og psykisk smerte. Det er viktig at ein kan nytte kroppen som ein stad der ein trekk seg attende, kjenner seg trygg og etablerer kontroll. Den harde kroppen er ein "take-no-shit body" (Bordo 1999:55-59).

Kayser Nielsen ser 1980talet si interesse for kroppens hylster, huda, med fokus på den volumiserte kroppsbyggaren som ein freistnad på å pansre kroppen. Det er, når det kjem til kropp, ikkje, som i arkitekturen, dei glatte og blanke flatene som vert dyrka. Fokus er på det faste, det harde og ugjennomtrengelige. Ein freistar på dette viset å bruke huda som eit vern som ikkje berre skal hindre inntrenging utanfrå, men også uttrenging innanfrå (Kayser Nielsen 1997:220). Det rimar med kulturvitaren Fredrik Langeland sine analyserer av den idealiserte mannskroppen. Han hevdar at i både mediesport og populærkultur er den idealiserte maskuline kroppen ein hard kropp. Med hard kropp forstår han ein kvit, heteroseksuell kropp som er i kontroll (Langeland 2007).

Eg vil i eksempla nedafor argumentere for at ei tatovert hud framstår som eit forsterka vern for beraren. Informanten Ole Johannes fortel om sine møter med andre personar at:

*...eg og er litt smart i perioder, så går ikkje eg med opprullede armer kor som helst. (...) eg og kamuflerer meg ned, og...ikkje dekker meg til, eg kamuflerer meg litt ned og ikkje eksponerer meg så veldig med bar hud i enkelte settinger. Fordi at eg vet...eg har litt sårne følere ute, at...kordan er settingen på det stedet eg skal, ka mennesker er det eg skal møte? (Intervju 1 26:00)*

Når Ole Johannes framhevar kor lett det er for han å brette ned skjorteermene og dekke til tatoveringane sine, eller brette opp skjorta og vise dei fram alt etter kva situasjon han opptrer i er det fordi at tatoveringane hans har fleire ulike funksjonar. Når informanten opptrer saman med vener han kjenner gruppetilhøyrse med, er tatoveringane hans, som vi har sett ovanfor, ein identitetsmarkør for gruppa. Han kan også velje å dekke armene sine til slik at tatoveringane ikkje syns. Han vil framleis ha tatoveringar på hendene, noko som kan provosere enkelte, men dei fleste av tatoveringane er dekt til. I ein slik situasjon vil han, i alle fall nesten, framstå som utatøvert og har såleis pansra kroppen med klede.

Andre gonger opptrer han annleis og han fortel at:

*I noen settinger så er eg jo ute etter å være litt revolusjonær, og litt, sant...ikkje at eg skal være ufyselig, men eg, eg legger vel ut eg slags agn på at, ja, eg er litt sånn "Tøffe Tom" innimellom uten at eg trenger å være noen ufyselig fyr, men at det er et slags... et agn og eg gir de en utfordring. Tør du snakke med meg, eller tar du kontakt med meg (Intervju 1 26:00-27:00).*

I slike situasjonar vert det tatoveringane som er eit panser som det er opp til tilskodaren om han vil freiste å trengje gjennom.

Når Ole Johannes vel å dekke tatoveringane sine heilt, er det i situasjonar der han ikkje kjenner gruppetilhøyrse og oppfattar at det vil bli sett på som provoserande at han pansrar seg.

#### **4.7 Tatoverte identitetar i reklamen**

Susan Bordo hevdar i boka *The Male Body* (1999) at samstundes som den vestlege verda på slutten av 1960talet opplevde eit påstått frislepp på sex og livsstil, vart mannskroppen dregen inn i konsum på ein måte som var ukjent frå tidlegare tider. Det var på denne tida mannen vart oppdaga som konsument, og snart vart menn over heile den vestlege verda oppmoda til å nytte stadig meir tid og pengar på utsjånaden sin.

Samstundes med at mennene nytta meir tid og pengar på utsjånaden sin, dukka det opp nye konsumentgrupper, både menn og kvinner, som likte det dei såg når dei såg på mannskroppen som eit stilisert objekt. Dette var noko som gjorde det akseptert at ein nytta mannskroppen på nye måtar og for nye produkt i reklamekampanjar (Bordo 1999:18).

Men sjølv om mannskroppen kom inn i konsum på ein ny måte er tatovering det som sosiologen Paul Sweetman kallar for den *ultimate antimote*. Med det stør han seg på antropologane Polhemus og Proctor sitt omgrep som omhandlar utsmykking som fell utanfor det etablerte motevesenet (Sweetman 2000:62).

Tatoveringar kan kjøpast, men har likevel ein litt uvanleg status som handelsvare. Ein kan kjøpe seg ei tatovering for pengar, men det tek likevel tid og gjer vondt å få ho, og som ein av Paul Sweetman sine informantar seier: *So even if you're really rich, if you can't stand the pain, you cant get tattooed* (Sweetman 2000:60)

Det er heller ikkje mogleg å prøve tatoveringa på ei stund og levere ho attende om ein ikkje er tilfreds med ho. Ein kan også gje ei tatovering som gåve, men dette er ei gåve som ikkje kan bytast og denne permanensen gjer at tatoveringa får ein anna status enn ein genser.



Marlboro Man med eit tatovert anker på handa

Men tatoveringar var ein del av reklameverda før denne endringa i konsumentrolla. Bordo fortel om ei marknadsundersøking i USA i 1954 som viste at det verdskjente amerikanske

sigarettmerket Marlboro vart sett på som ein feminin overklasesigarett. Dette fekk reklamefolka hjå tobakks-giganten til å gå drastisk til verks for at deira merkevare skulle kome bort frå dette, i deira auge, negative imaget. Kvinner fekk ikkje lengre vere med i reklamekampanjar for sigarettmerket. Berre menn, virile menn, skulle representere dei. Med dette som utgangspunkt skapte reklamefolka det som i dag er kjend som Marlboromannen, ein maskulin hyperbole utan sidestykke.

Marlboromannen var sjølvsagt tatovert, han hadde eit godt synleg anker på handa der han i reklamekampanjane, med sigaretten i munnviken, stirde opprørsk mot sigarettmerket sine potensielle kundar. Med slike kampanjar vona mennene bak sigarettmerket å kome bort frå det negative stempelet som ein feminin sigarett.

I dag vil denne tatoverte hyperbolen, som på 1950talet osa av maskulinitet og heteroseksuell virilitet, i følge Bordo, heller sjå ut som ein karikatur av eit homseikon henta ut frå seriane til den finske teiknaren Tom of Finland (Bordo 1999:153-154). Men det er likevel tydeleg at ankeret som var tatovert på handa til Marlboromannen på 1950talet var ein del av ein maskulin identitet som reklamefolka meinte at sigarettkjøpande mannfolk skulle assosierer seg med.

#### ***4.8 Tvungne identitetar***

Fleire av dei tatoverte eg har snakka med er snøgg med å understreke at dei ikkje er kriminelle med fortid frå fengsel sjølv om dei har tatoveringar, ikkje dreg dei med seg andre grumsete løyndomar heller. Dei stadfestar såleis at dei er kjend med mytene om at dei tatoverte har ein litt rufsete bakgrunn. Eksakt kvar desse mytene har opphavet sitt kan vere vanskeleg å slå fast, men på slutten av 1800talet fekk dei hjelp av vitskapen.

Både Maarten Hesselt van Dinter (2005) og Birgitta Svensson (1998) viser til den respekterte italienske psykiateren og antropologen Cesare Lombroso som i 1878 hevda at han hadde funne ein samanheng mellom den kriminelle hjernen og fysiske karakteristika. I følge hans teoriar passa tatoveringar som hand i hanske i profilen til ein gjennomsnittskriminell. Dette hang saman med at Lombroso ikkje kunne tenkje seg noko meir usivilisert enn tatoveringar.

I 1889 skreiv den svenske professoren Gustaf Retzius om Lombroso at:

*Äfven hafva många af dem under tidigare lefnadsskeden tatuerat sig;  
Lombroso har visat, att brottslingar egendomligt nog, i likhet med*

*många vilda folkslag hafva en förkärlek för denne besynneliga sed, denna "quarlefva" från vildetiden (I Svensson 1998:44).*

Lombroso fekk støtte for teoriane sine av den amerikanske antropologen Robert Fletcher som i 1882 slo fast at der ein med størst sannsynlighet kunne forvente å finne tatoverte personar var der store grupper med mykje tid til overs var samla. Dei gruppene han tenkte på var soldatar, fangar, kriminelle og prostituerte (Hesselt van Dinter 2005:45).

Mindre kjent enn Lombroso sine tankar verkar teorien om dei tatoverte sitt høge libido å vere. Den Freud-inspirerte Friedrich Kraus leia i 1907 ei forskargruppe som hevda å ha funne ein samanheng mellom tatoveringar og den menneskelege seksuelle psyke. Kraus hevda at tatoveringar på ein mann symboliserte makt og var med å auke attraktiviteten hans overfor kvinner. Det skulle også vere med og auke kvinnene si naturlege underdanighet overfor menn. Kraus fann helst tatoveringar på muskuløse menn med høg libido og hadde ikkje problem med å forstå at: *The famously libidinous Japanese men are nearly all tattooed*. Kvinnene sine tatoveringar, på si side, skulle ha same erotiske effekt på menn som smykke, pels og leppestift. (ibid. 45).

Det var nok ikkje den erotiske tiltrekkingskrafta som var tanken bak då medlemmer av den franske motstandsørsla straffa kvinner dei meinte hadde for tett samkvem med medlemmer av den tyske okkupasjonsmakta med tatovering. Den amerikanske sosiologen Joane Nagel omtalar i boka *Race, Ethnicity, and Sexuality* (2003) eit bilete frå frigjøringa av Frankrike i 1944. Biletet<sup>5</sup> viser to prostituerte kvinner som er skulda for å ha selt seksuelle tenester til okkupasjonsmakta. Kvinnene vart snauklipte og fekk tatovert hakekross i panna før dei vart viste fram for mobben. Det var straffa for å ha brote dei uskrivne lovene om eit førestilt seksuelt fellesskap identisk med landegrensene (Nagel 2003: 140-142).

Og denne bruken av tatoveringar er ikkje ukjent for dei som er i bransjen. Tatovøren Jørn fortel om korleis

*...og ofte markerte det kem du...noe av deg som du ikkje ville, du var rett og slett tvangs...altså folk som satt inne for...som var pedofile og sånne ting, de blei, (...) brennmerket for å si det sånn, for...for at folk skulle vite (...) kem de var, liksom...altså sånn på samme måte som i dag så henger...hvis en pedofil flytter inn i et nabolag så (...) er det alltid noen som finner ut av det og henger opp bilder, (...) den gangen ble du brennmerket (Intervju 2 del 2 03:00).*

---

<sup>5</sup> Biletkvaliteten i boka var for dårleg til at det kan kopierast til oppgåva

Og det å merke kriminelle har ein lang tradisjon også i vår del av verda. Den danske filosofen Tyge Krogh skriv i boka *Opplysningstiden og det magiske* (1999) at då det på 1600talet var stor etterspurnad etter arbeidskraft for å gjennomføre alle Christian 4 sine byggeprosjekt, gjekk ein bort frå den dødsstraffa for grovt og gjenteke tjuveri som var innført gjennom *Landskapslovene* frå 1200talet. I staden vart ”*hængefærdige*” tjuvar sendt til København der dei vart sette til straffarbeid, gjerne på livstid. Den tidlegare flittig nytta dødsstraffa vart no sett på som ringeakt for Gud og etter kvart nesten oppheva.

Det som vart rekna som grovt tjuveri var i dette tilfellet tjuveri av hestar eller kyr og anna lausøyre med verdi av over ti riksdalar. Dette vart i staden straffa med ”*kagstrygning*”, at ein piska huda av ryggen på delinkventen, og at tjuvmerket vart brent i panna hans. For mindre tjuveri vart ein berre straffa med pisking fyrste gongs ein forsømte seg. Det var berre om ein ikkje lærte av denne straffa at ein vart brennmerka. Andre gongen ein vart dømd fekk ein tjuvmerket på ryggen, og om det ikkje var lærepeng god nok, fekk ein tjuvmerket brent i panna ved tredje dom (Krogh 1999:252-253).

## Kapittel 5. Å Gud, gjorde det ikkje vondt?<sup>6</sup>

”Smerte er noe man skal mestre,  
ikke rulle seg i.”

Anaïs Nin

### 5.1 Det einaste ekte?

I hurt myself today/To see if I still feel/I focused on the pain/The only things thats real, song den amerikanske artisten Johnny Cash i *Hurt*, ein av dei siste songane han skreiv før han gjekk bort.

I litteraturen vert det å tatovere seg oftast skildra som ein smertefull prosess. Innformantane mine skildra sjølve tatoveringsprosessen som alt frå smertefull til at dei opplevde smerta som tilstades, men at det ikkje er smerta dei hugsar som vesentlig. I dette kapittelet vil eg diskutere kva tyding smerta har for dei som har tatovert seg.

Den svenske idéhistorikaren Karin Johannisson skriv i *Kroppens tunna skal* (1997) at den vitskapslege definisjonen av smerte er at det skjer ei overføring av nerveimpulsar frå skadd vev til hjernen. I medisinsk samanheng er det vanlegvis smerte som dannar utgangspunkt for eit møte mellom lækjar og pasient. Fysisk smerte er rekna som det handfaste provet på at det er sjukdom tilstades i kroppen (Johannisson 1997:66). Ho hevdar at det ofte er lækjaren si evne til å høyre, oppklare og fortolke ”smerta sitt språk” som er avgjerande for om han har suksess med å behandle pasienten. I eit historisk perspektiv har evna til å kjenne smerte vorte tolka som eit uttrykk for det menneskelege. Den som ikkje kjenner smerte er heller ikkje av menneskeleg natur (Johannisson 1997:65). Dette stemmer overeins med kyrkja sin påstand på 1500-1600talet om at heksa, gjennom kontakten sin med djevelen, var umenneskeleggjort. Fortida sine heksejegerar hadde ulike metodar, såkalla hekseprøvar, for å fastslå om den personen som var skulda for hekseri verkeleg var heks. Ein av desse metodane var nåleprøven. Denne prøva byggjer på førestillinga om at der djevelen hadde sett ”bumerket” sitt på heksa, var kroppen ufølsam for smerte. Nåleprøven er kjent frå heile det europeiske kontinentet og truleg også nytta i Noreg. Prøva føregjekk ved at den som fekk heksekuldingane mot seg vart avkledd og barbert før ho vart spent på pinebenken. Heksejegeren stakk seg så fram frå topp til tå i jakt på kjenslelause stader (Alver 1971:57).

Inntrykket frå mine informantar er at det jamt over er fleire stader på kroppen der ein kjenner smerte enn der ein ikkje gjer det. Det virkar også som om at smerte er eit tema som

---

<sup>6</sup> Sjå intervju 4 20:00



vert diskutert mellom dei tatoverte og at dei utvekslar røynsler av smerteopplevingane sine.

Jan fortel at:

*...det òg er et sånn samtaleemne mellom folk når du har en tatoveringsdiskusjon med nokken...så kan eg sei at det gjorde forjævlig vondt der oppe, andre kan sei at: der kjente eg ingenting, men der kjente eg masse (Intervju 4 25:00).*

Ein slik tatoveringsdiskusjon der ein utvekslar røynsler om kvar det gjer meir eller mindre vondt vert ein del av "smerta sitt språk". Kan hende er smerta med å få dei som vert tatovert til å kjenne seg både menneskeleg og "ekte".

## **5.2 Smertenegativisme**

Religionsforskarer Siv Ellen Kraft hevdar i boka *Den ville kroppen* (2005) at dagens moderne samfunn er prega av ein generell "smertenegativisme". Ho seier at fysisk smerte vert sett på som ei eintydig negativ kjensle og om smerte oppstår er det vanleg at ein gjer alt ein kan for å fjerne ho. Løysinga vert ofte at ein oppsøker lækjar eller nyttar seg av det som er av tilgjengelege smertestillande middel.

Kraft peikar også på at religionsforskarer Ariel Glucklich har hevda at denne smertenegativismen heng saman med at den vestlege, medikaliserte verda har gjort eit skilje mellom den fysiske smerta og det sjelelege lidning, der det siste vert sett på som den emosjonelle reaksjonen på både fysiske og psykologisk årsaker (Glucklich 2001:11 i: Kraft 2005:156). For tatovering, piercing og det Kraft kallar andre smerteritual leiar dette til at dei får ein annan status enn dei andre fysiske overskridingane som har blitt gjort til vanlege utfordringar i det seinmoderne samfunnet. Smerte er akseptert i samanheng med kaftanstrengande bragder som polferder og ekstreme idrettsprestasjonar. Driv ein derimot med sjølvskading eller påfører seg sjølv smerte vert det sett på som galskap (Kraft 2005:155).

Kraft nyttar den norske kroppskunstnaren Håve Fjell som døme på ein som påfører seg sjølv "ukorrekt" smerte og som såleis vert sett på som gal. Håve Fjell har arrangert ekstreme kunstperformansar der han har sydd handa fast til andletet eller utsett seg sjølv for torturmetodar som vert påstått nytta av mellom anna kinesiske styresmakter. Den profilerte kunstkritikaren Tommy Sørbo i avisa *Dagbladet* har samanlikna denne performansen med det som skjer omkring i landets psykiatriske institusjonar, sjølv om, som Kraft påpeikar, Sørbo ikkje kan meine at kinesiskinspirert vasstortur er ein del av det offentlege psykiatriske

behandlingsopplegget (ibid. 154). I staden er det galskapen bak det å påføre seg sjølv smerte som er fellesnemnaren og Kraft skriv om folk sine haldningar til dette at:

*Selvpåført smerte er selvskading og selvskading er galskap. Smerte er entydig negativt, noe det er naturleg å unngå, beskytte seg mot og mislike. Følgelig er det sykt å søke, like eller eksperimentere med det* (ibid. 155).

Eg har ikkje diskutert smerte under denne vinklinga med informantane mine, men dei virkar å vere innforstått med at tatovering medfører ei viss form for fysisk ubehag og dei synes å møte smerta med ei positiv innstilling. Den smertenegativismen Kraft snakkar om kjem difor ikkje til synes blant dei tatoverte, men spores likevel ganske klårt i materialet mitt når Jan fortel om kva som er mange utatoverte sin reaksjon på tatoveringane hans:

*...standardspørsmålet blant de som ikkje har tatovert seg er jo: Å Gud, gjorde det ikkje vondt? (...) Men samtidig så er det en dyp fascinasjon når folk begynner å se på det. Og så viser det seg at det er ufattelig mange der ute som drømmer om å gjøre det, men det er den der: Au, det må jo gjøres vondt* (Intervju 4 20:00-21:00).

Jan opplev det som at det er mange som er fascinert av tatoveringar og er interessert i å pryde seg med tatoveringar, men at det er frykta for det fysiske ubehaget det medfører som er det som hindrar dei i å tatovere seg. Sjølv hevdar han at han ser smerte som ein del av tatoveringsprosessen og han seier at *du skal stikkast* (Intervju 4 27:00).

Det interessante ved å gå nærare inn på å diskutere smerte i forhold til tatovering er at måten me opplev fysisk smerte på er avhengig av ulike kulturelle vilkår og smerta eksisterar såleis berre slik som me opplev ho. Som den austerriske filosofen Ivan Illich har formulert det er det: ”kulturen [som] bestemmer om det er mora, faren eller begge to som skal klynke når barnet blir født” (Illich 1975:79).

### **5.3 Smertelindring? Nei, takk!**

Karin Johannisson skildrar korleis smerta var med å prege tidlegare tiders kvardagsliv på ein måte som er uforståeleg for oss i dag. Det daglege livsopphaldet medførte smerte, som leddsmerter, tannverk eller generell slitasje, og i alle hushald var det til ei kvar tid noko som hadde vondt ei stad. Johannisson hevdar at ein sentral del av den moderne medisinen sitt framsteg ligg i nye former for smertelindring. Når 1800talet sine medisinarar utvikla nye metodar for diagnostisering, som å kjenne, banke, lytte, vart det mogleg for dei å lokalisere

tidlegare uidentifiserbar indre smerte. Parallelt med dette, vart det utvikla nye anestesiemetodar som eter, lystgass og kloroform. Etter dette kunne det opererast smertefritt og lækjaren fekk tid både til å kikke nærare på pasienten sine innvortes skadar og tenkje seg om før han skar. Det vert hevda at desse nye formene for smertelindring gjorde at det ikkje lengre nødvendigvis var den snøggaste lækjaren som vart sett på som den beste (Johannisson 1997).

Etter Illich sitt syn er det den medisinske sivilisasjonen sin kolonisering av verda som gjer at den fysiske smerta i dag er gjort om til eit avpersonifisert og teknisk problem. I primitive kulturar vart smerta fortolka og plasserte inn i meningsfulle system. Dette lærte medlemmene at fysisk smerte er ein utfordring og noko dei må kjempe mot i einsemd. Den moderne medisinen si løysing er i staden å omskape smerta til eit problem som skal fjernast og dermed gjer ein liding unødvendig (Illich 1975:77-78).

Samtlige av mine informantar hevdar at dei ikkje har nytta noko form for kjemisk smertelindring eller gjort noko anna for å minske eller fjerne den fysiske smerta då dei tatoverte seg. På direkte spørsmål om han ville fjerna smerta om han kunne svarar Jan at:

*Aldri tenkt tanken, men skal eg svara kjapt på det, så: Nei, det er en del av hele prosessen. Altså, det er derfor eg ikkje...det er derfor eg ikkje kjøper de derre hennatatoeringane eller et eller annet sånt. Altså, meg og dattero mi kan dela nokken Donaldtatoeringar i Donaldblad, liksom, men...men det er en del av pakken, det er prisen du må betala for å kunna sei...gå rundt og sei at eg har tatovert meg. Det hadde ikkje vært det samme uten smerten...(Intervju 4 26:00-27:00).*

Jan hevdar at for han er smerta ein del av den opplevinga det er å tatovere seg, ein del av prosessen han må igjennom og han meiner sjølv at opplevinga av å få ei tatovering ville vorte annleis om den fysiske smerta ikkje var tilstades. Jan samanliknar tatoveringane sine med hennatatoeringar og tatoveringsliknande trykk dottera hans finn i teikneserieblad og konstaterar at dei ikkje er ekte fordi det ikkje gjer vondt å få dei. Når han seier at det å få tatovering ikkje ville vore det same utan smerta kan det sjå ut som at han meiner at den smerta han opplev er med å gje han nærkontakt med eigen kropp.

Det finst grupperingar som i samfunnet vårt som ikkje kjem inn under Kraft sine idear om smertenegativisme og som er heilt i mot å fjerne smerte. Dei ser smerta som god fordi ho skapar ei kjensle av at ein er meir levande eller tilstades i eige liv eller at ei kjenner seg meir som ein heil person.

Antropologen Tove Ingebjørg Fjell har i *Fødselens gjenfødelse. Fra teknologi til natur på fødearenaen* (1998) studert fødekvinne sitt forhold til kjemisk smertelindring. I følge Fjell ytra fødekvinne i siste sekelet av førre tusenår stor skepsis til å nytte smertestillande medikament i samband med barnefødselar. Ho visar til at i dei ynskjebreva som gravide kvinner på 1980 og 1990talet sendte inn til fødeavdelingane for å gjere greie for kva forventingar dei hadde til den føreståande fødsla kan ein sjå at blant dei fleste av dei var det eit uttalt ynskje om å avstå frå kjemisk smertelindring. Dette vert i dag sett på som ein reaksjon på det kravet om, og dei forventingane til, smertefri fødsel som vart fremma av 1970talet sine fødekvinne (Fjell 1998:142).

I dag har smerta fått status som ein vesentleg del av den opplevinga fødsla er. Fleire av dei kvinnene Fjell har intervjuet i studien forklarar at dei vil gjennomføre fødselen utan bruk av kjemiske smertestillande middel fordi dei vil ha kontroll med kroppen. Dei vil sjølv vite at dei meistrar situasjonen. Fjell fortel at dei som før utan bruk av kjemisk smertelindring opplev det som at dei har kontroll over det som hender under fødselen.

I artikkelen *Au, så godt! Noen betraktninger om motstanden mot det rasjonaliserte fødevesenet* (1997) skriv Fjell at årsaka til at mange fødekvinne er negative til bruk av epidural eller til å ta keisarsnitt er at dei meiner at tap av smerte er som å tape sjølv den opplevinga det er å føde (Fjell 1997:36). Det vert framheva at: *Det å ha en kropp som ikke er kjemisk bedøvet og det å ha nærkontakt med kroppen gjennom smerten representerer en orientering mot det indre og det subjektive* (ibid. 39).

Filosofen Ivan Illich er sett på som ein av den moderne medisinen og det teknifiserte samfunnet sine fremste kritikarar (Johannisson 1997:69). Illich hevdar at det er dei ulike religionane og tenkjemåtane som har forma Europa gjennom tidene som har gjort sitt til at den vestlege verda ikkje har lange tradisjonar for å stille smerte. Hellenarane var av den oppfatning at lukka ikkje kunne opplevast utan at ho vart følgd av smerta. Dei såg smerta som ein vesentleg del av sjela si utvikling (1975:84) medan nyplatonikarane såg på den fysiske smerta som svikt i den fullkomenskapen som kroppen representerte. Katarane sitt syn var at fysisk smerte var ei form for vansiring av kroppen, medan dei kristne knyt smerte til synd og ser ho som eit sår dei sjølv er ansvarlege for.

Og i følge Karin Johannisson er den stoiske smertehandteringa ein i dag kjenner frå Sokrates si avretting ein aristokratisk strategi knytt til førestillinga av anden sin overlegenhet over kroppen. Denne haldninga er, i det Johannisson kallar ein lett- versjon, seinare adoptert av dei kristne (1997:92).

Illich skriv at den vestlege verda fekk ei endring i synet på fysisk smerte då filosofen René Descartes såg til geometrien og mekanikken og gjorde eit skilje mellom kropp og sjel. Etter Descartes sitt syn hadde kroppen funksjon som eit apparat som var eigd av sjela. Dette medførte at smerta fekk rolla som eit nyttig middel som skulle hjelpe kroppen med å registrere fare og med det lære kroppen korleis han skulle unngå og påføre seg sjølv framtidig smerte (ibid. 86-87).

I tidlegare tider var dagleglivet si smerte i mange høve døyva med den einaste forma for tilgjengelege smertelindring, alkohol, men då hadde ein gjerne allereie freista å kjemp seg gjennom kvardagen ved hjelp av ulike eksistensielle strategiar (Johannisson 1997:69). Ein som gjekk langt i å utvikle sin eigen smertehandteringsstrategi var filosofen Immanuel Kant. Han påstod at han nytta seg av ein smertehandteringsstrategi som var så avansert at den ikkje var noko for kvinner og barn. Han hevda at han møtte dei intense giktsmertene sine med djup konsentrasjon over eit ytre objekt, og han nemner ein tekst av Cicero som døme. Dette var medverkande til at han, etter eige utsegn, makta å distansere seg sjølv frå sin eigen kropp på eit slikt vis at han etterpå kunne stille spørsmål ved om smerta verkeleg hadde vore tilstades (ibid.).

Også Jan fortel at han har utvikla sin eigen teknikk for å meistre den smerta tatoveringsprosessen medfører. Han fortel at:

*Eg har funne et par sånne små triks. Drikka masse vatn og så ha med seg et par Paracet, du sitter og...du er så anspent heile tido, kjempar mot smerten, så det...for meg så går det på...på hjernen, at eg får en skallebank av dimensjonar, så då har eg funnet ut: masse vatn og en Paracett for hånd, så overleve eg (Intervju 4 26:00).*

Jan skildrar det å få seg ei tatovering som ein kamp mot smerta og seier at for han handlar det om å overleve. Løysinga hans er det han kallar ”et par små triks”. Dei omtalte triksa er det å drikke mykje vatn og ta det moderat smertestillande legemiddelet Paracet, som skal hjelpe mot mellom anna den hovudpina som kjem av at han fokuserar så sterkt på å vinne kampen mot smerta. Han delar her smerta si opp i to ulike kategoriar, god og vond smerte. Inntaket av smertestillande vert forklart med at det hindrar eller hjelper på hovudpina, den vonde smerta, og at det ikkje har innverknad på tatoveringssmerta, som han tidlegare har hevda han opplev som ei god og meiningsfull smerte og som ein del av tatoveringsprosessen.

Når eg spør Ole Johannes om han ville unngått smerta om han kunne, svara han:

*...jo selvfølgelig, og i hvert fall den som eg har på brystet, den var veldig tøff, då, då...altså, då var det ikkje bare adrenalinet og*

*dette...då svettet eg altså...og den var grusom vond, altså...då var huden såpass tynn her ute og... og då satt eg liksom å...eg merket at det var vondt og eg spurte tatovøren...eh...er du snart ferdig, eller noe...(Intervju 1 49:00-50:00).*

Ole Johannes skildrar denne tatoveringa som ei grueleg vond hending der han sveittar og berre vil bli fort ferdig. Men sjølv om det var smertefullt og han ikkje legg skjul på at han kunne tenkje seg noko smertestillande, fullførde han tatoveringsseansen utan at det var aktuelt å stille smerta på noko vis.

Han legg ikkje skjul på at det store tatoveringsmotivet han har på brystet er eit motiv han alltid har hatt eit ynskje om å ha og at dette kan vere medverkande til at han vart sitjande til tatovøren var ferdig. Men kan hende finn ein svar på kvifor Ole Johannes sit og sveittar i stolen til tatovøren er ferdig i Illich sin påstand om at *stadig sterke stimuli må til hvis innbyggerne av et anestetisk samfunn skal ha følelse av å "leve"* (Illich 1975:88)

Illich hevdar at medlemmene i det vestlege forbrukarsamfunnet ikkje forstå at det å utstå smerte er eit helsesymptom i seg sjølv og at vi ser på aktiv deltaking i uunngåeleg smerte som masochisme. Dette leiar til at folk vert passiviserte og Illich seier at konsekvensen av eit stadig høgare forbruk av smertestillande middel er at me søker etter andre stadig sterkare sanseintrykk. Han skriv om medlemmene av forbrukarsamfunnet at:

*De er tilbøyelige til å "realisere seg" og prøve å få makt over medmennesker ved å underkaste seg smerte som unndrar seg diagnose og lidelser som det ikke finnes døyvende midler imot (...). Noen får kanskje sykkelig trang til å se sadistiske skrekfilmer, andre igjen tar aktive skritt for å bli påført legemlig smerte* (Illich 1975:88).

Det å setje seg i tatovøren sin stol og la nålene arbeide i huda kan sjå ut som eit aktivt steg for å påføre seg sjølv smerte. Det går ikkje fram av materialet om Ole Johannes nyttar smertestillande middel i andre situasjonar, men den fysiske smerta som tatoveringa medfører kan likevel sjåast som eit av dei stadig sterkare sanseintrykka me søkjer for å oppleve kjensla av å leve. Det at han har sveitta seg gjennom ei grueleg vond oppleving gjer at han lev opp til filosofen Leibniz sin påstand om at *smerten [er] et nødvendig og storartet middel som garanterer at mennesket fungerer* (i Illich 1975:87).

#### 5.4 Kreativ smerte

Endresen og Biørnstad har i boka *Fødende krefter* (1992) omtalt den smerta fødande kvinner opplev som ”kreativ smerte” og ”skapande smerte” (i: Fjell 1998:143). Den positive ladinga av fødesmerta har samanheng med at den leiar til noko meir, noko positivt, eit barn. Dette er ei smerte som vert framheva *som skapende på to plan: smerten skaper et barn, en mor en far og en familie, samt kontakt med det indre landskapet* (Fjell 1998:143).

Førestillinga om at smerte har ei kreativ og skapande kraft har opphavet sitt i vår nære fortid. Karin Johannisson skriv at:

*Den kreativa smärtan var en annan självmedveten smärtattityd. Den formulerades inom rammerna för den tyska romantiken, i första hand av den lungsjuke Novalis<sup>7</sup>, och fick en särskild hemvist då tuberkulose under 1800-talet på allvar satte sin vassa fingrar i Europa* (Johannisson 1997: 94).

Lenge herska det ein førestilling om at tuberkulose var ein sjukdom som berre ramma velståande, unge og kjenslige menneske. Det oppstod difor ei trong til å gjere sjukdomen til noko meir enn hosting og blodstenka slim og ein freista å sublimere sjukdomen ved å gje han tilnamn som kunne gje inntrykk av at det heller var ein tilstand enn ein sjukdom. Desse tilnamna gav assosiasjonar til at han fungerte som individualisering og forskjønning for den som vart ramma. Novalis såg sjukdomen sin som eit prov på at den skapande sjela var tilstades i kroppen og i følgje Karin Johannisson var haldninga at: *Frånvaro av smärta betydde frånvaro av andelig energi. Därför måste sjukdom göras til en ”smärtsam njutning”* (Johannisson 1997:94).

Også for tatoveringsentusiastar er det eit poeng at tatoveringssmerta handlar om ei positiv form for smerte. Ole Johannes fortel at han førebur seg før han går og tatoverar seg hjå ein kompis og at han har lært seg ein måte å slappe av på. Han seier at:

*Første gangen visste eg ikkje ka det var og då var det bare adrenalinet som tok meg av gårde, og då var det vondt. (...) Men de andre gangene så er det og vondt, men du...det blir en mer positiv smerte, og i og med at eg kjenner personen, så har vi en dialog. Du fokuserer ikkje så mye på smerten, du bare kjenner han er der. (...) Så det blir en positiv smerte på en måte* (Intervju 1 45:00-46:00).

---

<sup>7</sup> Tysk adelsmann, filosof og poet

Den fysiske smerte han opplev når han vert tatovert vert omtalt som ei positiv smerte fordi at han lært seg ein teknikk for å slappe av medan tatovøren arbeidar. Det at han har tatovert seg tidlegare gjer at han er budd på kva som ventar han og han kan førebu seg på smerta, noko han ikkje kunne fyrste gongen. Det at han kjenner tatovøren frå tidlegare vert framheva som positivt og er truleg med å gjere det lettare for han å slappe av, noko som kan vere avgjerande for at han skal meistre situasjonen.

Dialogen mellom tatovøren og Ole Johannes vil vere med å dra merksemda bort frå tatoveringssmerta på same viset som når Kant hevdar at konsentrasjon om eit ytre objekt får han til å gløyme giktsmertene sine.

### **5.5 Smerta sin agent**

Den amerikanske litteraturforskeren Elaine Scarry, har i boka *The Body in Pain* (1985) diskutert kva den fysiske smerte har å sei for menneskekroppen i ulike situasjonar. Scarry hevdar at fysisk smerte er den einaste av dei primære sanseintrykka våre som ikkje lèt seg objektifisere i den ytre verda, og det gjer at den fysiske smerta står i ei særstilling blant dei inntrykka me dagleg omgjer oss med. Scarry forklarar at der synet vårt alltid er retta mot eit ytre visuelt objekt, hørsla identifiserar ein ytre ljod, svoltkjensla er retta mot mat, og så bortetter, er den fysiske smerta ei innovervendt kjensle som ikkje har eit fast referansepunkt i omverda. Denne den fysiske smerta si objektlause tilstand gjer at det er så å seie umogleg å referere til ho både språkleg og materielt (1985).

Scarry visar til V. C. Medvei sine teoriar om smerte som rimar med dette. Medvei hevdar i *"The Mental and Physical Effects of Pain"* at menneska gjennom tida har utvikla ei rekkje "som om struktur" som skal dekke opp for det manglande vokabularen og gjere det mogleg for oss å dele den fysiske smerta med andre. I desse "som om-strukturane" vert det alltid referert til objekt som er kjende i den ytre verda. Me seier slike ting som at: "Det var som om eg vart treft av ein stor stein", eller: "Det var som om ei boremaskin bora i hovudet mitt", og så bortetter (i: Scarry 1985:15).

Det som er interessant i forhold til mitt materiale, er at informantane mine, når dei skal gje ei språkleg framstilling av den smerta dei opplev når dei tatoverar seg, er at dei erstattar Medvei sin "som om-struktur" med noko som kan sjå ut som ein "ikkje som om-struktur".

Jan fortel om sitt forhold til at det gjør vondt at:



*For det at det (...) ja, det gjør vondt, men det kan ikkje sammenlignast med akkurat så å bora...å...å bora i tenna er ein heilt annen smerte, men, jada, kan ikkje komma å sei at det...atte det ikkje gjør vondt. Det er verdt det (Intervju 4 25:00).*

Som eg har vist tidlegare opplev Jan tatoveringsprosessen som smertefull, men likevel framhevar han at det er "ikkje som om" du borar i tenna. Han plasserar tatoveringssmerta i ei anna smertekategori enn smerta frå tannlækjaren sitt bor. Og i og med at dei fleste oppsøker tatovøren friviljug, eller utan at det er eit behov, som det kan vere når ein går til tannlækjaren, må det vere lov å tru at dei skil mellom gode og vonde smerter og plasserar tatoveringssmerta høgare enn tannsmarter.

Og tannsmarter er ein hyppig metafor når dei tatoverte skal fortelje oss uinnvigde om smertekjensla ved tatovering, truleg fordi dei meiner at for dei fleste av oss er ei årleg vitjing hjå tannlækjaren noko dei fleste av oss kan fôrhalde oss til.

Også Ole Johannes meiner at sjølv om det er vondt å tatovere seg, ligg tatoveringssmerta i nærleiken av tannlegesmerta, men likevel på eit anna nivå enn det å gå til tannlækjaren. Han seier:

*Det er, det er litt sånn samme følelsen som å gå til tannlegen, på en måte, nesten då, på en måte, då, sant. Og uten at det er snakk om at du går...tannlegen er det jo snakk om i nerver, men du er jo litt innom noen nerver her oppe, sant, selv om det blir på en annen måte (Intervju 1 44:00).*

Når Ole Johannes seier: litt (...) som (..) tannlegen (...) på en annen måte, ser det også ut som at han nyttar ein "ikkje som om-struktur" for å markere at det han har gjennomgått er noko anna enn tannsmarter og tannlegebehandling.

Det er i følge Karin Johannisson vanleg at ulike former for fysisk smerte vert sublimert (Johannisson 1997:65). Når Jan og Ole Johannes påpeikar at den fysiske smerta som dei kjenner når dei får tatoveringane sine ikkje kan samanliknast med det dei kjenner når tannlækjaren borar i tennene deira, er dette ei sublimering av den fysiske smerta. Den smertekjensla ein opplev ved tatovering vert til ei opphøgd kjensle som vert vurdert å stå høgare enn tannsmarter i eit eventuelt smertehierarki og som ein viktig del av prosessen.

Scarry hevdar også at om ein skal løfte den objektlause fysiske smerta inn i den synlege verda er ein avhengig av å knyte smerta til ein annan referent enn menneskekroppen og på den måten lét tilskodaren ta del i smerta sine opplevde karakteristika (Scarry 1985:15). Når ein lækjar spør pasienten sin kvar han kjenner smerte, kan ikkje pasienten si smerte i seg

sjølv stadfestast utan at ein nyttar ein ytre agent. Ein slik referent kan vere ein hammar, når ein held hammaren opp, viser han fram og seier: Denne trefte meg på tommelfingeren, skjønar alle som ser på at det har vore ei smertefull oppleving. Lækjaren kan sjå på eit røntgenbilete at ein arm eller fot er knekt og gjennom eigne røynsler forstå at det må være ei smertefull oppleving for pasienten.

Tatovøren sitt utstyr fungerer også som ein agent for smerte. Når ein tilskodar ser eller får forklara at utstyret omfattar ei eller fleire nåler som gjennomholer huda til den som får tatoveringa skjønar han ut frå eigne røynsler at dette er noko som inneberer eit aspekt av fysisk smerte, men han får ikkje innblikk i korleis den tatoverte opplev smerta.

For sjølv om fysisk smerte er noko som skjer inne i personar som er i den same verda som alle andre, vil andre si smerte vere så fjernt frå oss at det nesten kan oppfattast som om det er noko som skjer i ei anna verd. Der vår eiga smerte vert opplevd som det sikraste i heile verda, er det å høyre om andre si smerte ein situasjon sterkt prega av tvil (Scarry 1985:4).

Tatovøren Jørn fortel om sine tatoveringskundar at:

*...veldig mange har liksom...har en eller annen oppfatning av at det her er helt absurd vondt og rein tortur omtrent. De kanskje...de utsetter det kanskje og på en måte kvir seg litt. De har lyst på det, men kvir seg. (...) de har kanskje gått og tenkt på mange ting de har lyst til og når de først begynner, så baller det lett på seg, (...) men da når du kommer...når det først er gjort en gang så skjønner du at det er ikkje så ille som (...) folk tror (Intervju 2 05:00-06:00).*

Scarry hevdar at smerta sin objektlaus tilstand er med å knyte nære band til hennar næraste partner, fantasien. I heile det menneskelege apparatet av psykiske, somatiske og observerbare tilstandar er fantasien den einaste som er like anormal som smerta. Der smerta utmerkar seg ved å vere objektlaus utmerkar fantasien seg ved at han fullt og heilt er sitt eige objekt. I fantasien er det ikkje ein tilstand som er separat frå sine eigne objekt og det einaste prøvet på at ein fantaserar vert då at imaginære objekt står fram for eins eige medvit og det er umogleg å fantasere utan at ein fantaserar om noko (Scarry 1985:162).

Scarry visar til at usynlege fabeldyr som Pegasus eller einhjørningen er resultat av den menneskelege fantasien, men sjølv om desse står fram som unike skapningar, er dei eit resultat av at menneska har arrangert kjente objekt som hestar, fuglevenger og narrkvalen si støyttann i nye former (ibid. 163).

Tatovøren Nils fortel at han opplev det som at det helst er jenter som er *veldig sånn på smerte, da, at: å, jeg tror det gjør så vondt, så jeg vi'kke ha...ha noe stort. Heller bli fort ferdig, det går litt på det òg, liksom, det trur jeg* (Intervju 3 08:00).

Dette kan forståast som at for dei jentene som tatoverar seg er det så pass prestisje berre å få ei tatovering at storleiken ikkje spelar ei rolle. Dei vil heller få ei lita tatovering og bli fort ferdig og sleppe fri frå smerta fordi berre det å ha ei tatovering i seg sjølv er med å gje ei form for godkjenning i det miljøet dei er med i.

Han hevdar vidare at det er:

*...jenter da som er gjerne så nervøse...frykter det verste, så går det to veier, enten så bare: oi, var det ikke verre, liksom, jammen det var jo kjempeallright, eller så blir dem bleike og grønne og kaster opp litt og...he, he, enten eller, men det er ikke på grunn av smerte. Det er bare på grunn av at dem er så nervøse og sånne ting og har liksom psyka seg opp og sånne ting, men det går som regel...de fleste sier at det var ikke så ille som de hadde trodd...liksom forventet det værste* (Intervju 3 09:00).

I slike tilfeller, når tatoveringskunden er så nervøs at han eller ho kastar opp før eller under tatoveringsseansen er det grunn til å tru at det er eit ytre objekt som fungerer som smerta sin agent. Det kan vere at det er tatovøren sitt arbeidsutstyr, ei nål som arbeider i menneskehud, som får kunden til å tenkje på smerte, det kan vere tatovøren sjølv eller det kan vere tatoveringane hans. Når så fantasien byrjar å virke saman med den ytre agenten vert smerta opplevd som sterkare enn ho eigentleg er.

Det er viktig å merke seg at fysisk smerte på ingen måte er identisk med, og eksisterar heilt fint utan ein ytre agent. Agenten si oppgåve er å gjere smerta tilgjengeleg for andre. Når ein fortel om smerte er denne smerta sin agent, i følge Scarry, alltid så sterkt tilstades i sinnet til den som høyrer om smerta at det mange gonger kan vere vanskeleg å få tilhøyraren eller tilskodaren til å akseptere at det ikkje gjer vondt (Scarry 1985:15).

Også når den tatoverte visar fram eller fortel om tatoveringane sine vil tatovøren sitt arbeidsutstyr fungere som ein smerta sin agent. Likegyldig om den tatoverte sjølv oppfattar tatoveringsprosessen som smertefull, vil den eller dei som ser tatoveringa hans tenke på smerte. Det kan vere det Jan refererar til når han fortel om utatoverte som seier: *Å Gud, gjorde det ikkje vondt?* (Intervju 4 20:00) når dei ser tatoveringane hans.

## 5.6 Å gjøre det frivillig

Scarry hevdar at den største skilnaden på krig og tortur er at den som deltek i krig på eit eller anna tidspunkt eller i ei eller anna form har samtykka til å verte påført den smerta og dei lidingar ein krig fører med seg, medan den som vert utsett for tortur ikkje på noko vis eller til nokon sinne samtykkar til dei lidingane han vert utsett for (Scarry 1985).

Også tatoveringssmerta er noko ein oppsøker friviljug og det at tatoveringar er friviljuge verkar å vere eit sentralt aspekt samanlikna med anna fysisk smerte. Tatovøren Jørn seier at:

*Ja, eg syns jo det å gå til tannlegen er mye verre. Kanskje fordi at sånn derre...at det her gjør du jo frivillig. Tannlegen er noe du gjør fordi at du må, liksom. Har du hull i tenna, så må du gå til tannlegen, liksom. Du må ikkje gå og få deg tatovering (Intervju 2, del 1 06:00).*

Siv Ellen Kraft hevdar at sjølv om det er knytt ei negativ haldning til det å påføre seg sjølv fysiske smerte betyr det ikkje at smerte ikkje vert utforska og eksperimenter med i den private sfæren (Kraft 2005:107). For dei som ikkje vil nøye seg med å få seg ei tatovering eller ei piercing kan dei vidarekomne delta i krokhengingskurs eller utforske sine egne smertegrenser på anna vis.

Ole Johannes fortel at:

*...du vet ikkje ka du går til, så eg forbereder meg på en måte, det gjør eg...til hver tatovering, men eg kjenner det koker opp og eg gleder meg til å få et nytt motiv. Så det blir en...det blir en slags kick (...) hos tannlegen får du ikkje et kick (Intervju 1 48:00).*

Kan hende kan dette kicket samanliknast med det kicket som til dømes fallskjermhoppaparar kjenner når dei flyg gjennom lufta, enno i uvissa om fallskjermen vil opne seg.

Ein av dei som er kjent for friviljug å utforske smertegrensene sine meir enn det som er normalt er den sjølvoppnemnde smerteguruen Fakir Musafar, også kalla *The father of modern primitivism*. Fakir Musafar vart fødd i 1930 som Roland Loomis og voks opp i nærleiken av eit indianarreservat i Aberdeen, South Dakota i depresjonstida.

Namnet Musafar har Loomis henta frå ein persisk sufi som levde på slutten av det nittande hundreåret. Musafar har vore redaktør og utgjevar av magasinet *Body Play and Modern Primitives Quarterly* (Kraft 2005:89-90), men vart kjent for resten av verda gjennom artikkelsamlinga *Modern Primitives* (Vale & Juno 1989). Musafar hevdar at han har utforska og eksperimentert med ulike former for smerteritual frå heile verda nesten heile livet, men at han i starten frykta at om han stod fram offentleg ville han verte sett på som gal og sperra

inne. Difor vart dei ulike smerteeksperimenta hans stort sett utførd i løynd og einsemd fram til han stod fram med eit piercingritual på den fyrste internasjonale tatoveringsmessa i Reno, Nevada i 1979.

Fakir Musafar fortel i eit intervju med V. Vale & Andrea Juno at han tidleg lærte seg å mestre smerte han påførde seg sjølv. Han har i omgreppapparatet sitt gjort eit skilje mellom smerte som påført smerte og den sjølvpåførde smerte som sensasjonar. Han skildrar ein teknikk der han freistar å skilje sinnet frå kroppen og der han oppnår ein tilstand der kroppen kjenner smerte, men sinnet ikkje gjer det. Når han utførar smerterituala sine kjenner han ikkje smerte fordi kjensla er venta. Om ein derimot, fortel han, sparkar tåa i eit stolbein, er det høgst uventa, og gjer smerteleg vondt også for han som har årelang trening i å mestre smerte (Vale & Juno 1989).

Dei som utforskar smertegrensene sine vert av mange assosiert med miljøet rundt Fakir Musafar og plassert i kategorien *Modern Primitives*. Men Cyril Siorat åtvarar i artikkelen *Byond Modern Primitivism* (2005) om å bruke denne nemninga på andre enn dei som sjølv reknar seg som *Modern Primitive*. Han visar til at utanom miljøet rundt Musafar er det få av dei som tatoverar seg eller oppsøker andre smerteritual som reknar seg sjølv som ein *Modern Primitive* og at dette er ein livsstil som særst få vel å leve ut (Siorat 2005).

Ingen av dei tatoverte informantane mine opplev seg sjølv som ein *Modern Primitive* eller at dei driv med eit smerteritual når dei tatoverar seg. Eg spør ein av tatovørane om han kjenner til at det er nokon av kundane hans som tatoverar seg for smerte si skuld. Tatovøren Nils svarar:

...ikke som jeg veit om her, men jeg jobba et år i London og da var det ei som hadde drive med sånn...åh hva heter det da? Cutters, ble det kalt når de kutta seg selv.(...) Ja, og hu hadde gått over til da å tatovere seg i stedet da, for da slapp hu å gjøre det, på en måte, eller, gikk til en masse psykologer og sånne ting, for å stoppe det...(Intervju 3 09:00)

Det synes som om at det å tatovere seg er å påføre seg ei meir høgverdig smerte enn når ein kuttar seg med kniv. Det å ta ei tatovering vert ei meir strukturert form for smerte og "arret" ein sit att med vil gje like sterke minner for den som ber dei med seg samstundes som dei er meir dekorative.

Jan har lært seg å utstå tatoveringsmerte, men dette er så krevjande at han tyr til Paracet for å døyve den hovudpina han får av å vere så spent over lang tid. Han seier at:

*Ja, det gjør vondt, men (...) når du er ferdig etterpå og du ser det ferdige resultatet så er...så er det glømt, men eg...eg har sotte enkelte gangar og tenkt at: Nei, no er det nok, eller eg har tenkt å si til ho at: Du, kanskje vi...du, eg er fornøyd no, eg stikker heim (Intervju 4 25:00).*

Det kan sjå ut som om at den kreative smerta er lettare å gløyme enn anna smerte. Men sjølv om heimlengten tydelegvis riv i han, fullfører han det han har tatt mål av seg til å gjere og konkluderar med at: *det er jo verd kvar einaste Parcet eg har kjørt i meg når eg har sotte der* (Intervju 4 23:00). Og han gjev med det næring til Cyril Siorat sin påstand om at i forholdet mellom smerte og tatoveringar "[er] smerte (...) uunngåeleg, liding er valfri" (pain is unavoidable, suffering is optional). Siorat hevdar vidare at:

*This is a demand not only for the tattooee to engage positively with the painfull experienve, but also (...) a more general demand of a shift of values away from those preached by a form of protestant humanism that denies the individual its capacity to suffer* (Siorat 2005:221-222).

For Siorat er altså dagens forhold mellom tatovering og smerte eit steg bort frå den protestantiske humanismen si fornektning av individet si evne til å lide og han ser difor kroppsmodifisering som eit ritual som ikkje lèt seg føreine med religiøse system (Siorat 2005:221).

### **5.7 Endelig er det over**

Det er slått fast frå fleire hald at det å tatovere seg gjer vondt, men i følge Cyril Siorat er det ikkje berre den fysiske smerta som er sentral ved tatovering eller andre smerteritual. Han hevdar at eit like viktig element vil vere smerta sitt opphøyr (Siorat 2005:222). Siorat viser til antropologen David Le Bretton, som hevdar at:

*"There is a power, innate to all pain, after the relief, an initiatic dimension, a solicitation to live more intensely the consciousness of existence...[pain]gives a sense of life's price....[and] is a radical principle of metamorphosis"* (Bretton 1995 I Siorat 2005).

Det at ein opplev fysisk smerte får ein til å vere meir medviten om at ein lev og dette er med å gje ein meir intens oppleving av sin eigen eksistens.

Siorat sjølv viser til sin eigen informant Stephen som hevdar at han får ei kjensle av å vere meir levande etter kvar gang han er blitt tatovert. Stephen fortel at han ser på eit møte

med tatovøren som eit møte med lækjaren, skilnaden vert at der lækjaren vonleg gjer deg frisk eller får deg til å kjenne deg betre, vil møtet med tatovøren får deg til å kjenne deg levande (2005:222).

Dette er eit inntrykk som vert stadfesta av min eigen informant Ole Johannes. Ole Johannes fortel at han er letta når tatoveringssesjonen endeleg er over. Han seier at

*...men at du kan få et kick av å få...av å gjennomgå smerte...eh...det er ganske spesielt, og... Jo, du kan få kick av smerte og (...) og der er jo mennesker som driver sine seksuelle utfoldelse og leker...som liker smerte...masochister og sånt...de liker smerte, men alle mennesker, tror eg, liker en liten form for smerte. Til en viss grad...eg tror det kan...for når smerten slipper, så kommer gleden på en måte (Intervju 1 48:00-49:00).*

Det er når tatovøren har gjort arbeidet sitt og smerta opphøyrer at gleda over at det nye motivet er på plass på armen kjem. Det er lett å førestille seg at dette er ei kjensle som ikkje kan samanliknast med den gleda ein kjenner over smerta sitt opphøyr når tannlækjaren sitt bor stoggar. Det kan nok derimot samanliknast med den kjensla kvinner kjenner når eit barn vert fødd.

I første Mosebok 3,16 er det skrive at: med smerte skal du føde dine barn. Ei engelsk kvinne intervjuet av den amerikanske sosiologen Victoria Pitts samanliknar det å tatovere seg med å få eit barn. Ho seier at ho ikkje hugsar smerta etter fødselen og at ho berre opplevde ei euforisk glede over det nye livet ho var vitne til. Ho fortel at ho opplevde det å tatovere seg som den same kjensla (Pitts 1997:67 i: Kraft 2005).

### **5.8 Initiering gjev ny kropp**

Det har vore påpeika at tatoveringar kan sjåast som ein slags overgangsrite, ein overgang frå ein status til ein ny. Informanten Håkon er den av mine informantar som tydligast markerar sin tatovering som eit overgangsritual. Som omtalt i førre kapittel fortel Håkon om den fyrste av sine tatoveringar at han tok ho for å markere at han var fullverdig sjømann. To og eit halvt år etter at han, som femtenåring, mønstra på ein båt i utanriksfart meinte han at han hadde klatra så høgt i hierarkien om bord at han kunne markere statusen sin for andre. Han ville markere for dei andre sjømennene at han rekna seg som ein av dei og samstundes la fyrstereisgutane forstå at han kvalifiserte til den respekten det førte med seg når han hadde vore om bord ei stund. Han fortel den fyrste tatoveringa si at:

*Det var et veddemål om eg...med disse gamle uteseilerne, om at eg ikkje tørte å ta de i edru tilstand.(...) Så eg har tatt mine to i edru tilstand, for å si det på den måten, så eg har ikkje vært bevisstløs på noen måte.(...) Eg hadde bestemt meg og så når eg hadde sagt det, så var det: Du er en pyse, du tørr ikkje ta det. Du skjønner opplegget der, så...så sånn blei det. Det var liksom det som gjorde eg følte at eg måtte (Intervju 6 02:00).*

Når Håkon hadde bestemt at han ville få seg ei tatovering for å markere at han sjølv rekna seg som ein sjømann, svara dei gamle sjømennene om bord, som for lengst hadde fått sine tatoveringar på plass, med at han måtte halde seg edru under tatoveringsprosessen. For dei var smerta viktig i prosessen. Håkon fekk ikkje nyte godt av alkoholen sin smertedempande effekt og på den måten vert det til at det at han utstår den fysiske smerta, meir enn sjølve tatoveringa som er den vesentlege delen av initieringsritualet. Tatoveringa står att som det synlege symbolet at Håkon har gjennomgått ritualet og utstått smerta.

Van Gennep samanliknar omskjering av gutar med alle andre former for det han kallar ”kroppslig skamfering”<sup>8</sup>, og han nyttar det å trekke tenner, kutte av tuppen på vetlefingeren, kutte i øyreflippen eller å tatovere seg som døme. Om desse ritene skriv Van Gennep at:

*Det skamferte individet tas ut av den allmenne menneskemassen gjennom en adskillelsesrite som automatisk integrerer vedkommende i en definert gruppe. Og siden operasjonen etterlater spor som ikke lar seg fjerne er integrasjonen definitiv (Van Gennep 1999:62).*

Åtskiljinga frå fellesskapet vert i Håkon sitt tilfelle den tida han sit i tatoveringsstolen. Det er når han kjem ut med den ferdige tatoveringa at han kvalifiserar til dei andre sjømennene sin respekt. Avbryt han tatoveringsprosessen eller tek smertestillande vil tatoveringa vere eit symbol på at han ikkje er ein verdig medlem i fellesskapet. Når Håkon har fått tatoveringane på plass har han fått eit spor som ikkje kan fjernast og han er integrert i sjømennene sitt fellesskap for alltid. For det som skil den ”skamferinga” Håkon er påført frå andre former for differensiering er det permanente (Van Gennep 1999:62).

For Håkon var det ein del av eit veddemål at han skulle tatovere seg utan nokon form for smertelindring. Han fortel at han tatoverte seg i Japan og at tatovøren tilbydde han ein øl medan han arbeidde, men Håkon takka nei for å ikkje tape veddemålet. Håkon er stolt over at han har tatoverert seg utan smertestillande. Han seier at:

---

<sup>8</sup> Eg presiserar at eg ikkje sams i Van Gennep sitt uttrykk ”skamfering”, men Van Gennep skreiv boka si i 1908 og hadde nok ei anna uttrykksform enn det me vil i dag.



*Nja. Må jo si at, siden eg kan no med hånden på hjertet si at dette ble gjort uten noe stimuli i kroppen, for å si det sånn, og då...det var jo ikkje det mest behagelige (...) omrisset (...) når de tatoverte det, det var ikkje gale, det var jo når de skulle legge i disse fargene, for det første tok det tid, og så var det nedi, sant. Det var akkurat så de grov ut i huden din, sant, så det var litt ubehagelig, men du han si eg hadde ingen tårer i øynene og følte den type smerter, sant...når du sitter og borer hos tannlegen så vil eg si at tårene har en tendens til å komme fortere i øyekroken, da sant. Når de begynner å touche på nerver og sånt så... (Intervju 6 30:00-31:00).*

Når tatoveringa handlar om eit veddemål der smerta er ein del av veddemålet får smerta ein annan status enn for dei som kan velje å velje bort smertelindande. Heile poenget ligg i at lindringa må veljast bort. I Håkon sitt tilfelle er det eit veddemål med tatoverte sjømannskolleaga og det må vere grunn til å tru at for fleire av dei har det å kjenne på smerta vore ein del av det å tatovere seg.

Karin Johannisson hevdar som nemnt at smerta korkje er tidlaus eller kulturlaus. Vår oppleving av smerte er kulturelt betinga og ho eksisterar berre slik me opplev ho. ”*Fångar vi smärtan, fångar vi också en gemensa erfarenhet*”, skriv ho (Johannisson 1997:70). Og denne felles røynsla er noko av det som skapar ein allianse mellom dei som er tatoverte. Dei har ei felles røynsle utover at dei har eit permanent mønster ein eller anna stad på kroppen. Dei har alle kjent tatovøren sine nåler arbeide i huda og dei ber med seg synlege prov på det kor enn dei går.

Antropologen Makiko Kuwahara fortel at i dei tradisjonelle maoritatoveringane er både tatoveringsutstyret og smerta ein sentral del av det å tatovere seg. Gjennom at ein nyttar det tradisjonelle, manuelle tatoveringsutstyret forlengar ein både tatoveringsprosessen og det tidsrommet ein må utstå smerta. Dette er knytt til gamle førestillingar om tradisjonell krigarmaskulinitet. At ein utstår smerta er med på å gjere individet sin kropp til ein krigarkropp, gjennom at ein demonstrerar at ein toler både fysisk og psykisk smerte over tid (Kuwahara 2005:186).

Og kan hende er førestillinga om at den forlenga fysiske smerta er medverkande til at ein får ein ny kropp framleis tilstades i delar av verda. Det var tilfeldig at eg spurde Håkon om tatovøren som tatoverte han i ein japansk hamneby på 1980talet hadde same tatoveringsutstyret som ein forventar å finne i eit norske tatoveringsstudio i dag.

*Nei, det var ikkje det. Det var litt mere manuelt.(....) Så det var...det var det som gjorde det her litt mer ondere enn ka den, sånn sett då. Han var...det gikk litt tregere...brukte jo...eg huskar ikkje kor mange timer de brukte på han, men det var noen timer som gikk til der altså (...) de har jo lang tradisjon med tatovering de her då og han hadde en sånn derre...altså han brukte ikkje bare...han hadde en sånn pedalmaskin, sant (...). Der var det...det var nok der ubehagelighetene...hadde han hatt noe som gikk...men det var en utveksling på det derre som gjorde at det gikk ganske jevnt, men det gikk mye...det var jo tregere (...) og så hadde han da noen nåler kor han hadde i blekket, då, kan du si og så gikk inn og der som det sikkert var vanskelig å bruke den der, sant, som han hadde i hånden, den her gravør...graveringspennen (Intervju 6 32:00-34:00).*

Det gamaldagse utstyret er med å forsterke den fysiske smerta, både ved at det er vanskelegare å bruke og fordi det tek lengre tid å få sjølve tatoveringa. Håkon fortel at det var dei gamle sjømannskollegaene hans som fann fram til tatoveringsstudioet som vart nytta, men det går ikkje fram av materialet om dei kjente til at det var nytta gamaldags utstyr og at det var årsaka til at valet fall på det studioet. Håkon får jo sjølv sagt ikkje ein krigarkropp etter at tatoveringa er på plass, men han får ein ny kropp, ein sjømannskropp. Og det gamaldagse utstyret er med å forsterke opplevinga, både for den som får tatoveringa, den som ser på og den som høyrer om korleis det gjekk til.

Etnologen Henning Henningsen skriv at i tidlegare tidars opptaking i offisielle laug var det vanleg at den som skulle innlemmast i fellesskapet kunne måtte betale "hansepenngar" eller stå for bevertninga, "hanseøl" og liknande (Henningsen 1961:238).

For Håkon sin del var det sjømannskollegaene hans som, som ein del av veddemålet som vart inngått, betalte kostnadene ved tatoveringane hans. Om Håkon ikkje utstod smerta ville han måtte betale både for tatovøren sitt halvferdige arbeid og sjømennene, for tapt veddemål.

### **5.9 Nøkterne forteljingar**

Sjølv om tatovering vil stå som ein overgang mellom før og etter er det ikkje nødvendigvis slik at ein automatisk oppnår medlemskap i eit etablert fellesskap om ein tatoverar seg. Og for somme er det ikkje alltid det som er målet heller.

I følge Cyril Siorat vert det feil når ein i den vestlege verda i dag, med sin postmoderne, ironiske tilnærming ser på alle dei formene for kroppsmodifiseringar som me omgjev oss med som valfrie. Han hevdar at dette berre er sant for dei av oss som vil stå utanfor eit kroppsmodifikasjonsmiljø. For dei som vil vere med i eit slikt miljø vil kroppsmodifiseringa, om det er ei tatovering, ei piercing eller ei anna form for smertefull kroppsmodifisering, fungere som ein overgangsrite der smerta er med og skapar ei felles røynsle (Siorat 2005:221).

For dei som ikkje søker seg mot eit fellesskap vil smerta kanskje ta ein mindre plass i minnet. Det kan vere med å forklare kvifor Knut Erik har ei nokså nøktern skildring av smerta han kjente då han tatoverte seg. Han fortel at:

*Nei, smerten...eg var klar over at det var smerte (...), men eg hadde forventa at det var mye verre...mye, mer for eg har hørt andre klage på det, sant (...) så eg var jo litt forberedt på det, men det var mykje mindre smerte enn eg hadde forventa egentlig...det var...så det var jo akkurat desse derre minutta det pågjekk, når han var ferdig med tatoveringa så var det ikkje nokke smerte i det heile tatt altså. Det var akkurat når nåla var nedi skinnet det, på det tynnaste. Det var ikkje nokke sånn at du måtte ta...ta tablettar eller nokke sterkare for å døyva det...(Intervju 5 09:00-10:00).*

Andre sine utsegn har vore med å forma Knut Erik sine forventingar om kva han har i vente når han skal tatovere seg og han høyrest nesten skuffa ut når han fortel om si eiga oppleving av smerta. Når Knut Erik går til det steget å tatovere seg gjer han det heilt utan forventingar om å verte ein del av eit fellesskap. Han kjenner ikkje dei andre han er saman med når han får tatoveringa og han er i dag ikkje med i miljø der tatoveringar gjev status.

Sidan det fôrtrinnvis er menn eg har snakka med om smerte er det eit moment eg vil trekke inn. Forteljinga av smerteopplevinga av det nøkterne slaget kan vere knytt opp mot tradisjonen me har for å framstå som hardfør. Etnologen Knut Djupedal har i artikkelen Sykdomsbegrepet på landsbygda i 1890-årene (1987) peika på at det å utstå smerte var noko som var høgt skatta i eldre tid. Frykt for at andre skulle utnytte situasjonen om ein viste teikn på veikskap og synet om at eventuell sjukdom var straff frå Gud var medverkande til at ein freista å framstå som mest mogleg hardfør.

Djupedal forklarar at for folk på den norske landsbygda var det å vere hardfør ofte *en dyd av nødvendighet* (1987:69), medisinsk hjelp var eit økonomisk spørsmål og var berre prioritert for dei som var arbeidsføre. Det å vere hardfør var likevel ein eigenskap som var

høgt skatta og som truleg framleis er det. Slike ideal har seiglive strukturar som ein finn att i Bordo sine tankar om den harde kroppen (Bordo 1999).

Heller ikkje Karen opplevde smerta som vesentleg då ho tatoverte seg. Ho seier at: *Ja, du kjenner da, men det...Nei, det har vel gjerne litt med kor du tar det, trur eg. No er ikkje vi...eg synst ikkje det var nokke å snakka om altså* (Intervju 7 27:00).

Når Knut Erik tatoverte seg for å få eit minne frå FN-tenesta og Karen skapte seg ein ny identitet med tatoveringane sine, var dette ikkje noko som vart gjort for å oppnå medlemskap i eit fellesskap. Dei kjenner seg heller ikkje som ein del av eit fellesskap i dag og smerta får difor ein mindre plass i deira forteljingar om tatoveringsprosessen. Dei skal heller ikkje nytte smerta til å kommunisere felles røynsler med nokon.

I Knut Erik og Karen sine tilfeller kan også forteljarsituasjonen spele inn når dei fortel at dei opplev smerta som uvesentleg. Sosiologen Dag Album har i boka *Nære fremmede. Pasientkulturen i sykehus* (1996) vist korleis pasientar på sjukehus vekslar mellom ulike forteljingsformer alt etter kva forteljarsituasjon dei er i. Album identifiserar fire ulike forteljarsituasjonar som vert nytta når pasientar snakkar om sin eigen sjukdom. Ein av desse forteljarsituasjonane er det Album kallar ”*ufarlig farleg prat*” (Album 1996:159). Her viser Album korleis forteljingar om sjukdom vert tilpassa til den situasjonen pasienten er i. Den forteljinga som vert fortalt på sjukestova er av ein mykje meir alvorleg karakter enn den som vert fortalt på røykerommet. Det kan hende at smerteforteljinga ville fått ein annan karakter i ein annan setting enn den litt kunstige intervjusituasjonen. I ein samtale mellom tatoverte ville ho kanskje blitt fortalt på ein anna måte. Det at Knut Erik fekk tatoveringa si for ei god stund sidan kan også vere med å påverke korleis han i dag fortel om korleis han opplevde smerta.

## Kapittel 6. Konkluderande betraktningar

Denne oppgåva har hatt som mål å kaste eit ljøs over kva ulike meiningar og tydingar tatoverte personar legg i tatoveringane sine. Eit kulturalanalytisk perspektiv med ei fenomenologisk tilnærming har vore avgjørande for å utforske korleis informantane sjølv oppfattar sine egne opplevingar av kva tatoveringane har gjort for identitetsforhandlingane deira. Det har også vore eit mål å gjere greie for kva tyding smerta har i tatoveringsprosessen og å vise ulike måtar tatoveringar er med å forhandle identitetar på.

Ein viktig person i realiseringa av ynsket eller draumen om å få seg ei tatovering er tatovøren. Tatovøren er ein handelsmann som, til liks med andre handelsmenn, skal leve av det han gjer til dagen. Tatovørane vel likevel å organisere kvalifikasjonane sine utanom det offisielt etablerte systemet dei fleste andre yrkesgrupper er med i. Det vert ikkje skriva ut fagbrev eller andre liknande prov på dei kvalifikasjonane ein har og dei som driv i bransjen etablerar med det eigne kanalar for vurdering av kvalifikasjonane sine.

Det at bransjen her til lands voks fram litt seinare i tid enn resten av den vestlege verda gjer at eit regelverk kom seint på plass for den norske tatoveringsbransjen. Aukande utbreiing har likevel ført til at det er etablert eit regelverk som stiller krav til hygiene og godkjente lokal. Dette er med å innskrenke fridomen bransjen har nytt godt av, sjølv om styresmaktene enno ikkje legg føringar for kva som er lov å tatovere eller, som i nabolandet vårt, Danmark, kvar motiva kan plasserast.

Vi har sett at tatovøren er ein mann, sjølv om det også er kvinner som tatoverar. Tatovøren er med å skape seg ein identitet som plasserar han i samfunnet si randsone gjennom at han er med å oppretthalde outlawmyta om seg sjølv. Han spelar ei viktig rolle for dei som tatoverar seg gjennom at han er den som projiserar kundane sine tankar om motiv og plassering, er med å skape den nye identiteten. Tatoveringskundane tildeler ofte tatovøren ei terapeutrolle, ei rolle som tatovøren verkar å vere innforstått med i kraft av at han utfører eit serviceyrke. Berre når kunden sine forteljingar vert for personlege ser han seg nøydte til å stogge dei.

Tatovørane i vår del av verda syns å forholde seg til visse etiske normer. Dei tatovørane eg har intervjuar framhevar at tatovørar ikkje tatoverar rasistiske motiv, men at dei elles tatoverar det meste kundane ynskjer seg. Det vert likevel påpeika at dei vil ha eit ord med i laget når det gjeld både plassering og utforming av motiva for unge kundar som får den fyrste tatoveringa. Med ein slik fagetikk er dei òg med å skape ein sosial innhegning der ein må gå gradene og ein hierarkisk struktur vert opprettheldt.

Tatovørane hevdar at det er sjeldan dei opplev at kundane deira seier at dei angrar på at dei har tatovert seg, men det hender dei får spørsmål om å tatovere nye motiv over gamle motiv, når ein kunde angrar på val av motiv. Amerikanske undersøkingar visar likevel at det er grunn til å tru at det er ein del tatoveringskundar som angrar på at dei har tatovert seg. I Noreg vert eit slikt inntrykk understøtta av dei som tilbyr fjerning av tatovering med laser, er ein bransje som sjølv påstår dei er i vekst. Dei som angrar seg er ikkje personar som kjem attende til tatoveringsstudioet for å fortelje om det og dei er ikkje ein del av eit kroppsmodifikasjonsmiljø.

Tatoveringsbransjen vert marknadsført gjennom ei rad blad som presenterar tatovørar, arbeida deira og festivalar og arrangement med tatovering som tema. Det at blada velgjer å ha framsider med stor overrepresentasjon av kvinner og berre nyttar bilete av menn når dei har rolla som kjendis er med å forsterke eit inntrykk av at kvinner representerar eit fleirtal av dei tatoverte.

For dei som tatoverar seg vil tatoveringane deira alltid fungere som ein identitetsmarkør. Dei vil seie noko om kven beraren er eller kven han eller ho ynskjer å framstå som. For somme er det viktig å vise andre kven dei er, for andre handlar det om å vise seg sjølv kven dei er. Dei tatoverte sjølv knyt tatoveringane sine til den personlege identiteten sin, men ei tatovering kan også vere med å knyte dei til ulike grupper. Det handlar i begge tilfeller om å forsterke. Enten å forsterke kjensla av ein personleg identitet ved å markere at ein er annleis, eller å forsterke lojalitetsbandet til den gruppa ein identifiserar seg med.

Vi ser at dei livsstilsval den enkelte gjør er nær knytt til ein refleksiv haldning til det å skape sin eigen identitet. Frykta for å verte stempla som eit gjennomsnittsmenneske gjer at somme går så langt at dei skapar sin eigen identitet gjennom å betale ekstra for å få tatoveringar som dei er garantert at ingen andre har. Vissa om at tatoveringsmotivet deira er teikna spesielt for dei er med å forsterke kjensla av å vere noko unikt.

I somme tilfelle vil tatoveringa, motivet si utforming eller den symbolske tydinga vere med å knyte ein person til ei bestemt gruppe. Dette kan vere gjort med overlegg eller det kan vere umedvit. Dette kan vere grupper som høyrer med til den tatoverte si fritidssfære og det kan vere yrkesgrupper. Sjølv om både tatovørar og tatoverte framhevar at dei opplev at det er ei anna tolegrense for tatoveringar i dag enn det var tidlegare, så vil det alltid vere fare for at det oppstår ei form for konflikt mellom den tatoverte *fritidskroppen* som opptre i yrkessamanheng og mellom ein tatovert *arbeidskropp* som opptre i fritidssamanheng.

Det vil vere visse situasjonar der tatoveringane er viktigare enn i andre. For dei som tatoverar seg for å symbolisere tilhøyre til ei gruppe er tatoveringane med å skape fellesskap

når dei opptrer i situasjonar der symbola vert forstått. Dersom ein tatovert person opptrer i situasjonar der symbola ikkje vert forstått eller vektlagt vil tatoveringane verte oppfatta som mindre viktig for omgjevnadene og kanskje mindre viktig for beraren.

Der tatoveringar nyttast til å markere eller skape ein ny identitet, er dei også med å fortelje at eigaren er byrja på ein ny start. For dei som kjenner for å markere ein ny epoke i livet vil ei tatovering vere eit tydeleg skilje mellom det som, av den tatoverte, vert sett på som *før* og det som vert rekna som *etter*. Det er døme på at gode opplevingar vert markerte i huda gjennom ei tatovering, men også traumatiske hendingar vert markerte.

Tatovering kan også handle om å dra merksemda bort frå den ein eigentleg er. Idealet i dag er ein fast og ugjennomtrengeleg kropp som skjuler kva som er innerst i ein. I enkelte situasjonar vil ein tatovert kropp forsterke huda si rolle som eit panser som skal vere med og hindre at omverda får innsyn til det mest private av den personlege identiteten. Saman med myta om kven som tatoverar seg er store tatoveringar med å forsterke den harde ugjennomtrengeleg kroppen.

Tatoveringar har blitt nytta for å påføre andre ein identitet. Vitskapen på slutten av 1800talet konkluderte med at det å tatovere seg var det mest barbariske ein kunne gjere og slo fast at dette passa inn i profilen til ein kriminell. Historia har vist at det er lang tradisjon med å merke kriminelle og andre som ikkje passa inn i det etablerte samfunnet vart merka for at dei skulle vere mogleg å identifisere dei.

Det vert hevda at vårt samfunn ser det å påføre seg sjølv smerte som ein form for galskap. I samfunnet vårt er eit stort utval av smertestillande medikament lett tilgjengeleg og bruken av denne type medisin er sterkt utbreidd. Det er likevel somme som velgjer å påføre seg smerte friviljug. Vi ser også at somme former for smerte står høgare enn andre i eit eventuelt smertehierarki. Denne smerta vert omtalt som god eller kreativ smerte.

Både tatovørar og tatoverte ser på den fysiske smerta som ein del av tatoveringsprosessen og det er ingen av dei eg intervjuar som ytrar eit positivt syn på nokon form for kjemisk smertelindring. I somme tilfelle vil det likevel oppstå eit skilje mellom god og vond smerte. Her er det akseptert at ein nyttar kjemisk smertelindring for å ta bort den vonde smerta, som hovudpine som oppstår når ein konsentrerar seg om å meistre tatoveringssmerta, men ikkje kan knytast direkte til tatoveringsprosessen.

I studien min kom det fram at fleire av informantane førebur seg på smerta før dei går til tatovøren og at dei konsentrerar seg djupt for å halde ut smerta. Når dei konsentrerar seg så sterkt om å utstå smerta vil også smerta sitt opphøyr vere vesentleg. Samstundes som at dei

ser fram til å få ei tatovering, ser dei også fram til at smerta skal gje seg. Smerta er med å få dei til å kjenna seg heil og når smerta er borte kjennest det godt.

Den forma for fysisk smerte som liknar mest på den smerta som dei som tatoverar seg vert påført er fødselssmerta. Begge delar vert kategorisert som kreativ smerte. Det desse formene for smerte har til felles er at dei begge leiar til noko meir, eit barn eller ei tatovering.

Det vil seie at smerta vert både meir og mindre tydingsfull på ein gong. Smerta er viktig fordi ho får ein til å kjenne seg levande, at ein er med i sitt eige liv, at ein er heil. Smerta vert på ein måte også uvesentleg fordi ein veit at ein får noko med seg heim, eit barn eller ei tatovering.

Om ei tatovering er ein del av eit initieringsritual oppstår ein link mellom identitet og smerte. Smerta eller evna til å utstå smerte vil vere det essensielle for å oppnå medlemskap i gruppa. I slike tilfelle vert tatoveringa si oppgåve å vise for andre at ein har utstått smerta.

Ein oppsummerande konklusjon vil vere at same kva som er motivet for å tatovere seg og same kva motiv ein velgjer å dekorere seg med, så vil det vere slik at dei som tatoverar seg faktisk går rundt med identiteten på utsida. Seinmoderniteten sin aksept for å nytte eigenkroppen til å skape seg ein identitet kan vere medverkande til at fleire søker til tatoveringsstudioa og at tatoveringar har fått ein status av å vere ”mainstream”. Det at tatoveringar vil stå som varige spor av ein tidsepoke knytt til ein identitet står likevel i eit motsetnadsforhold til dei flyktige identitetane som vert skapt i seinmoderniteten og dette kan vere medverkande til at laserstudio som fjernar uønska tatoveringar rapporterar om auka tilstrøyming.



## Kapittel 7. English summary

In this master thesis I have had the pleasure in investigating different aspects of tattooing in Norway today. I started my work by reading books about the chosen topic and they gave me useful and important back ground information. I also visited tattoo studios to find out what they looked like and breathe the atmosphere, but to find the answers I was looking for I had to interview both tattoo artists and tattooed informants.

I interviewed two male tattoo artist for my work. Interviewing the tattoo artists gave me an idea of how tattoo artists work, how they look upon themselves and their role in the tattoo process and what skills are needed for becoming an artist. The interviews also gave me important information about motifs, styles and tattoo techniques and I learned what the tattoo artists think of who is getting a tattoo, and what they think about working with their clients.

The tattoo artist will be an important person in the process of getting a tattoo. This person will operate as the extended arm of the clients mind, making the motif originating from the depth of a persons personality appear on the clients outside. Myths about who the tattoo artist is will colour the expectations of any newcomer to a tattoo studio. The tattoo artists are happy to keep any myth of the tattoo artist as an outlaw alive.

Further I interviewed four men and one woman who is tattooed with one or more tattoos. These interviews helped me getting an idea of how tattooed persons explain their tattoos, why they chose to get tattooed and how they feel their tattoos are received among others.

Reading through the interviews with my tattooed informants pointed out two subjects for further investigation; the links between tattoos and identity and pain.

A tattoo will leave a forever lasting mark on the owners body, this mark will give him or her both a personal identity and connect them to one or several groups. In some situations the tattoos will play a more important role to the identity than others. If the tattoo is for marking membership to a group the tattoo is important when within the group or in other situations where the significance of the symbols is understood. If one is acting outside the group or in other situations where the symbols is less or not at all important, the tattoo loses its meaning.

Tattoos has also been used in branding criminals, slaves and other persons who did not fit into the established society. This forced identity made them easy to identify for the rest of the society.

In tattooing the pain is seen as unavoidable, something you have to experience and suffer to say you have had a tattooing experience and therefore pain killers is not an issue. However some people getting tattooed will divide the pain into two different categories, good and bad. The good pain is connected directly to the tattooing process, while the bad pain is connected to the headache from intensely focusing on standing the pain from the tattoo.

The pain makes the tattooed person feel alive and in connection with the self and is said to have several issues in common with giving birth. Both getting tattooed and giving birth gives the person something to bring home, a tattoo or a little baby.

If the tattoo is a part of a rite of passage there will be a link between identity and pain. The pain will play the important role in the integrating ritual and the tattoo will be the visual proof that the person who wants to join the group has suffered the pain.

The conclusion of my work is that a person who is tattooed always will carry his identity on the outside. Since late modernity allow its members to use their bodies in the process of constructing an identity more people are getting tattooed, making tattoos mainstream phenomenon. Tattoos being permanent put them in opposition to the vivid identities normally associated with the late modernity and this could be an explanation of why clinics offering to remove tattoos by laser claim more people come to them to have their tattoos removed.

## Litteraturoversikt

- Album, Dag 1996: *Nære fremmede. Pasientkulturen i sykehus*. Tano. Oslo
- Alver, Bente Gullveig 1971: *Heksetro og troddom. Et studie i norsk heksevesen*. Universitetsforlaget. Oslo – Bergen – Tromsø
- Alver, Bente Gullveig og Torunn Selberg: 1990: *Det er mer mellom himmel og jord*. Etno-folkloristisk institutt. Universitetet i Bergen
- Alver, Bente Gullveig 1996: *Creating the source*. Academia Scientiarum Fennica. Helsinki
- Alver, Bente og Ørjar Øyen 1997: *Forskningsetikk i forskerhverdag*. Tano Aschehoug. Oslo
- Alver, Bente Gullveig 2008: *Mellem mennesker og magter. Magi i hekseforfølgelsesernes tid*. Scandinavian Academic Press. Spartacus forlag. Oslo
- Bech, Ulrich 2000: *The brave new world of work*. Polity press. Cambridge. UK
- Berger, Peter og Thomas Luckman 2000: *Den samfunnsskapte virkelighet*. Fagbokforlaget. Bergen
- Bordo, Susan 1999: *The Male Body*. Farrar, Straus and Giroux. New York.
- Bourdieu, Pierre 2006: ”Kapitalens former”, *Agora*, nr. 1-2, 24.årg. 2006
- Bourdieu, Pierre 2006: ”Strukturer, habitur, praksiser ”, *Agora*, nr. 1-2, 24.årg. 2006
- Curtis, Neal 2000: *The body as outlaw: Lyotard, Kafka and the Visible Human Project*. I: Featherstone, Mike: *Body Modification*. Sage Publications. London. Thousand Oaks, New Delhi (2005 utgåve)
- Djupedal, Knut 1987: Sykdomsbegrepet på landsbygda i 1890-årene. I: *Tradisjon 17*. Vett og Viten. Nesbru
- Ehn, Billy og Orvar Löfgren 1996 (2003): *Vardagslivets Etnologi*. Bokförlaget Natur och Kultur, Stockholm
- Ehn, Billy og Orvar Löfgren 2001: *Kulturanalyser*. Gleerups Utbildning AB. Malmö
- Eriksen, Anne og Torunn Selberg 2005: *Tradisjon og fortelling. En innføring i folkloristikk*. Pax. Oslo
- Fangen Katrine 2004: *Deltagende observasjon*. Fagbokforlaget. Bergen. 2. opplag 2008
- Fjell, Tove 1996: *Jakten på troverdigheten. Om realistiske og dybderealistiske tilnæringsmåter innenfor kulturvitenskapene*. *Nord Nytt* 62

- Fjell, Tove Ingebjørg 1997: Au, så godt! Noen betraktninger om motstanden mot det rasjonaliserte fødevesenet i: *Tradisjon. Tidsskrift for folkloristikk 1-97*. Vett og viten. Nesbru
- Fjell, Tove Ingebjørg 1998: *Fødselens gjenfødelse. Fra teknologi til natur på fødearenaen*. Høyskoleforlaget. Kristiansand
- Fossåskaret, Erik 1997: Har kunnskap sin egen rett? Etske utfordringer ved å distansere seg frå det nære. I: Fossåskaret, Erik, Otto Laurits Fuglestad og Tor Halvdan Aase (red.). *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget. Oslo
- Geertz, Clifford 1973: Thick Description: Towards an Interpretive Theory of Culture. I: *The Interpretation of Cultures. Selected Essays*. New York
- Gennep, Arnold van 1960: *The Rites of Passage*. Routledge & Kegan Paul Ltd. London
- Gennep, Arnold van 1999: Rites de passage. Overgangsriter. Pax. Oslo
- Giddens, Anthony 1996: *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. Hans Reitzels Forlag. København
- Giddens, Anthony 1997: *Modernitetens Konsekvenser*. Pax Forlag. Oslo
- Gilje, Nils 2006: "Fenomenologi og kulturforskning". Tidsskrift for kulturforskning. Volum 5, nummer 1. 2006
- Hansen, Hans J. 1988: *En tatovørs erindringer*. Høst & Søn. København
- Hauan, Marit Anne 2006: Kunnskapssamtaler – samtaler til kunnskap. Intervju som metode. I: Mostue, Anne og Ann Helene Bolstad Skjelbred (red.) Kunnskapssamtaler. By og bygd XXXIX. Norsk Folkemuseum. Oslo
- Henningsen, Henning 1960: *Behøvling og hønsning. Indvielses- og optagelseskikke i håndværkerlav*. Håndværkerrådets forlag. København
- Henningsen, Henning 1961: *Crossing the equator*. Muksgaard. København
- Hesselt van Dinter, Maarten 2005: *The World of Tattoo. An illustrated history*. Kit Publishers. Amsterdam
- Hjemdahl, Anne-Sofie 2006: "Å være feminin, og kanskje litt tøff samtidig..." – Refleksjoner om tatovering, kropp og kjønn. I: *Tidsskrift for kulturforskning*. Volum 5. 4: 2006. Novus Forlag. Oslo

- Holter, Harriet 1996: Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning. I: Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg: *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Universitetsforlaget. Oslo
- Illich, Ivan 1975: *Medisinsk nemesis*. Gyldendal Norsk Forlag. Oslo
- Johannisson, Karin 1997: *Kroppens tunna skal. Sex essäer om kropp, historia och kultur*. Norstedts Förlag AB. Stockholm
- Kraft, Siv Ellen 2005: *Den ville kroppen. Tatovering, piercing og smertritualer i dag*. Pax forlag, Oslo
- Krange, Olve og Tormod Øia 2005: *Den nye moderniteten. Ungdom, individualisering, identitet og mening*. Cappelen Akademisk Forlag. Oslo
- Krogh, Tyge 2000: *Opplysningstiden og det magiske*. Samleren. København
- Kuwahara, Makiko 2005: Multiple skins: Space, time and Tattooing in Tahiti. I: Thomas, Nicholas, Anna Cole and Bronwen Douglas: *Tattoo. Bodies, Art and Exchange in the Pacific and the West*. Reaction Books Ltd. London. UK
- Kvale, Steinar 1979: Det kvalitative forskningsinterview – ansatser til en fænomenologisk-hermeneutisk forståelsesform. I: Broch, Tom, Karl Krarup, Per K. Larsen, Olaf Rieper (red). *Kvalitative metoder i dansk samfundsforskning. Nyt fra Samfundsvideskaberne*. København
- Kvale, Steinar 1987: Det kvalitative forskningsinterview – ansatser til en fænomenologisk-hermeneutisk forståelsesform. I: Broch, Tom, Karl Krarup, Per K. Larsen, Olaf Rieper (red). *Kvalitative metoder i dansk samfundsforskning. Nyt fra Samfundsvideskaberne*. København (2.utg 3.opplag)
- Kvale, Steinar 1997: *Interview. En introduksjon til det kvalitative forskningsinterview*. Hans Reitzels forlag. København
- Langeland, Fredrik 2007: Harde kropp. En kulturvitenskaplig analyse av maskulinitetskonstruksjoner i Dagbladets Sportsmagasinet. Masteroppgave UIB. Bergen
- Nagel, Joane 2003: *Race Ethnicity, and Sexuality. Intimate intersections, forbidden frontiers*. Oxford University Press. New York
- Nielsen, Niels Kayser 1997: *Krop og Kulturanalyser*. Odense Universitetsforlag. Odense
- Nin, Anaïs 1990: *Henry & June*. J. W. Cappelens Forlag. Oslo

- Nordic Tattoo Mag (NTM) 2007: nr 21. Kulørt kultur AS. Trondheim.
- Oettermann, Stephan 1984: *Tecken på huden. Tatueringens europeiska historia*. Symposion bokförlag. Stockholm
- Polhemus, Ted & Uzi Part B 2004: *Hot Bodies, Cool Styles. New Techniques in Selfadornment*. Thames & Hudson. London
- Rush, John A. 2005: *Spiritual tattoo. A cultural history of tattooing, piercing, scarification, branding, and implants*. Frog Ltd. Berkeley, California, USA
- Saugestad, Sidsel 1997: Fortolkningens forløp. Om feltarbeid og fortolkning av differensiering i samfunn. I: Fossåskaret, Erik, Otto Laurits Fuglestad og Tor Halvdan Aase (red.). *Metodisk feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data*. Universitetsforlaget. Oslo
- Scarry, Elaine 1985: *The body in pain. The making and the unmaking of the world*. Oxford University Press. New York. Oxford. Paperback 1987
- Schiffmacher, Henk 2005: *1000 Tattoos*. Taschen. Köln
- Siorat, Cyril 2005: *Beyond Modern Primitivism. I: Thomas, Nicholas, Anna Cole and Bronwen Douglas: Tattoo. Bodies, Art and Exchange in the Pacific and the West*. Reaction Books Ltd. London. UK
- Svensson, Birgitt 1998: *Tatuering. Ett sinnlig äventyr*. Nordiska museets förlag. Stockholm
- Sweetman, Paul 2000: *Anchoring the (Postmodern) Self? Body Modification, Fashion and Identity. I: Featherstone, Mike: Body Modification*. Sage Publications. London. Thousand Oaks, New Delhi (2005 utgåve)
- Turner, Bryan S. 2000: *Possibility of Primitiveness. Toward a Sociology of Body Marks in Cool Societies. I: Featherstone, Mike: Body Modification*. Sage Publications. London. Thousand Oaks, New Delhi (2005 utgåve)
- Vale V. & Andrea Juno 1989: *Modern Primitives. An investigation of Contemporary Adornment & Ritual*. Re/Search Publications. San Francisco, CA. USA
- Vik, Lars Jørgen, Hans-Johan Breidablik, Tor-Johan Ekeland, Eivind Meland: "Kroppsdekorering, helse og identitetsutvikling". I: *Tidsskr Nor Lægeforen* 2004; 124: 960-2' [http://www.tidsskriftet.no/pls/lts/PA\\_LT.VisSeksjon?vp\\_SEKS\\_ID=1001900](http://www.tidsskriftet.no/pls/lts/PA_LT.VisSeksjon?vp_SEKS_ID=1001900)  
31.10.07
- Vike, Harald 2001: Anonymitet og offentlighet i: *Norsk Antropologisk Tidsskrift*. Vol 12. Nr 1-2. Universitetsforlaget

Nettstader:

<http://www.aftenposten.no/nyheter/oslo/article2073010.ece> Halvparten angrer (051107).

<http://www.ba.no/nyheter/Utenriks/article1102581.ece> Britney tatovert med skrivefeil (080408).

[www.bt.no](http://www.bt.no) Sandys jakt på den perfekte tattoo (080408)

<http://www.bt.no/bergenpuls/festival/article375924.ece> Strømbrydd på tattoo-sjappa (080408)

[www.etikkom.no.retningslinjer](http://www.etikkom.no.retningslinjer) (04.03.08)

<http://www.lovdatab.no/for/sf/ho/xo-19980506-0581.html> Forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v (131008)

<http://nymag.com/guides/everything/tattoos/37978/> (110409)

<http://www.retsinformasjon.dk> Lov om tatovering(251108)

<http://www.tattoo-school.com> (050509)

Utrykte kjelder:

Sju intervju med tatovørar og tatoverte informantar i første halvleik av 2008. Digitale opptak og utskrifter av intervjumaterialet er overlevert etnofolkloristisk arkiv (EFA) for oppbevaring

## Illustrasjonsoversikt

Framsida: Mandens ruin er frå Hansen, Hans J. 1988: *En tatovørs erindringer*. Høst & Søn. København

Side 29: Frå *Total Tattoo Magazine* november 2008 side 51

Side 44: Frå *International tattoo art* oktober 2007 og *Tattoo energy* No 52

Side 68: The Marlboro Man: Frå Susan Bordo *The Male Body* (1999) Side 154.

## Appendiks 1

### Førespurnad om å delta i intervju

Eg er masterstudent i kulturvitskap ved Universitetet i Bergen og held no på med den avsluttande masteroppgåva. Temaet for oppgåva er tatoveringar og forholdet mellom tatovering og kropp. For å finne ut av dette ynskjer eg å intervjuje personar over 18 år av begge kjønn.

Spørsmåla vil dreie seg om ulike forhold vedrørende tatovering, val av motiv, symbolikk og reaksjonar frå omgjevnadene.

Eg vil bruke opptakar og ta notat medan me snakkar saman. Intervjuet vil ta om lag ein time, og me vert saman sams om tid og stad.

Det er friviljug å delta og du har høve til å trekkja deg kor tid som helst inntil oppgåva føreligg, utan at du treng grunngje dette nærare. Dersom du trekk deg vil namnet ditt verte sletta frå vårt arkiv og våre register. Opplysingar vert handsama konfidensielt, og ingen enkeltpersonar vil kunne kjennast igjen i den ferdige oppgåva.

Oppgåva vil vere ferdig innan utgangen av 2009. Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk Samfunnsvitenskapelig datateneste A/S.

Namnet ditt og namnet på eventuelle tredjepersonar vil verte endra i det intervjuet vert skrivne inn på PD. Etter prosjektslutt ynskjer me å lagre intervjumaterialet i Etno-folkloristisk arkiv ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap, Universitetet i Bergen. Det vil verte vurdert om øvrige opplysingar om deg og/eller tredjepersonar er av ein slik karakter at dei bør endrast, eventuelt slettast, før lagring. Personane som har tilgjenge til arkivet har teieplikt.

Ved eventuelt ynskje om vidare forskning på materialet på doktorgradsnivå, vil du bli kontakta på ny, og ny melding vil verte sendt Personvernombudet.



Dersom det er noko du lurar på kan du ringe meg på 40 20 21 81, eller sende e-brev til [gfo045@student.uib.no](mailto:gfo045@student.uib.no). Du kan også kontakte rettleiaren min Bente Alver ved Seksjon for kulturvitskap, [bente.alver@ahkr.uib.no](mailto:bente.alver@ahkr.uib.no) eller telefon 55 58 22 04.

Med vennlig helsing  
Geir Fossåskaret  
Krohnåsvegen 44  
5239 RÅDAL

---

#### Samtykkeerklæring

Eg har motteke informasjon om studien om forholdet mellom tatoveringar og kropp og ynskjer å stille på intervju.

Signatur.....

Telefonnummer.....

## Appendiks 2

Intervjuguide

### Tatovør

#### *Personleg engasjement*

Kva bakgrunn har ein tatovør?

Kva anna har du arbeida med

Kvifor vart du tatovør?

Kvar lærte du å tatovere

Kva set du mest pris på ved arbeidet

Har du eigne tatoveringar?

Kva tyder dine eigne tatoveringar

#### *Kundar*

Er det spesiell grupper eller miljø som oppsøker praksisen

Rettar du praksisen mot spesielle miljø

#### *Motiv*

Designar du motiv sjølv?

Kva motiv tatoverar du helst

Er det motiv du ikkje tatoverar

Er det vanleg at kundar vil ha tatovert motiv dei har teikna/designa sjølv

Har kundane sterke meiningar om kva motiv dei vil ha og kvar på kroppen

#### *Kjønnsulikskapar*

Har kvinner og menn ulik årsak for tatovering

Vel kjønna ulike motiv

Vel kjønna ulik plassering

#### *Fordomar*

Hender det at du møter på fordomar mot yrket ditt

Hender det at du møter på fordomar mot tatoveringane dine

### *Angring*

Opplev du at kundane dine, eventuelt andre tatoverte angrar på tatoveringane sine

Hender det at du får spørsmål om å redigere tatoveringar

Hender det at du får spørsmål om fjerning av tatovering

### *Smerte*

Er det vondt å få tatovering?

Skal det gjøre vondt

Er folk forberedt på at det kan gjere vondt

Kva rolle har smerta i tatoveringa?

Snakkar du med folk om smerta

### *Plassering*

Kva rolle spelar plasseringa av tatoveringa?

### *Kropp*

Når ein utatovert person kjem inn for å ta tatovering, kva inntrykk har du av deira syn på sin utatoverte kropp versus den tatoverte kroppen

### *Kroppen si aldring*

Tenkjer du på at

Hender det at du åtvarar kundar mot å tatovere seg med spesielle motiv eller på spesielle stadar med tanke på at huda/kroppen aldurst

### *Økonomi*

Er det å få tatovering eit spørsmål om pengar

Sparar kundane pengar for å tatovere seg

Er etterspurnaden eit resultat av at folk har mykje pengar

## **Tatovert**

### *Personlege engasjementet*

Kvifor har du tatovert deg

Kor gamal var du då du tatoverte deg fyrste gongen

Tenkte du lenge på å ta ei tatovering før du fekk deg ei sjølv  
Har du eit forhold til smykke eller andre kroppsdekorar  
Kjenner du deg meir påkledd med tatoveringa

#### *Motiv*

Korleis vart motivet valt ut  
Har du designa motiv sjølv  
Kva var avgjerande for val av motiv  
Blad  
Bøker  
Tatovøren sitt eige design  
Kva tyder motivet for deg

#### *Tatovør*

Kva studio/tatovør nytta du  
Korleis fekk du vite om staden  
Hadde du høyrd om studioet/tatovøren før  
Var valet av tatovør viktig  
Kva syns du om tatovøren

#### *Reaksjonar frå omgjevnadene*

Er det andre i di slekt/familie som har tatoveringar  
Kva reaksjonar har du fått frå familie  
Vener/naboar  
Kollegaer/studiekameratar

#### *Fordomar*

Hender det at du møter fordomar i samband med at du er tatovert  
Har tatoveringane dine hindra deg i, til dømes, arbeids- eller sosial samanheng  
Trur du tatoveringane dine har gjeve deg fordelar

#### *Smerte*

Opplev du at det å tatovere seg gjer vondt  
Viste du at det ville gjøre vondt

Fekk tanken på smerta deg til å utsetje tatoveringa

Ville du unngått smerta om du kunne

Kva har smerta å seie for deg

### *Plassering*

Kor viktig er plasseringa av tatoveringa

Tenkte du lenge over kor du ville plassere tatoveringa

Er det spesielle motiv du meiner eignar seg til spesielle stader

### *Angring*

Har du opplev situasjonar der du angra på at du tatoverte deg

Om så, kvifor

Har du freista å fjerne tatovering

Har du redigert tatovering

Har du hatt lyst til å redigere tatoveringane

Om så, kvifor

### *Kropp*

Kva har tatoveringa å seie for ditt eige syn på kroppen din

Kva forhold hadde du til kroppen før han vart tatovert

Kva trur du andre tenkjer om tatoveringane dine

### *Kroppen sitt forfall*

Tenkjer du på at du blir eldre og at huda ikkje vil vere så elastisk som den er i dag

### *Gruppetilhøyre*

Gjev tatoveringane dine deg tilhøyre til spesielle grupper (anna enn dei tatoverte)?

Opplev du at andre identifiserar seg med deg fordi at du er tatovert?

### *Økonomi*

Tenkjer du økonomi når du skal tatovere deg

Kor mykje er du viljug til å ofre?